

## Arkeologiske undersøkingar av førhistorisk jordbruk og busetnad langs Jølstravatnet



### **E 39 Bjørset – Skei, Jølster kommune**

Gnr. 3, 4, 6, 8, 9, 15 og 74

av Ann-Kristin Dahlberg, Cecilia Falkendal, Trond Eilev Linge og  
Asle Bruen Olsen

Rapport nr. 2, 2016







UNIVERSITETSMUSEET I BERGEN  
Avdeling For Kulturhistorie

<b>Fylke</b>	Sogn og Fjordane
<b>Kommune</b>	Jølster
<b>Gårdsnavn</b>	Bjørset, Ytre Årdal, Indre Årdal, Helgheim, Hus, Fygglestrand, Haugen
<b>G.nr./b.nr.</b>	74/3 3/2, 5, 6 og 31 4/1, 2, 3, 6, 10 og 58 6/3, 4, 34 og 38 7/1, 2, 4 og 53 8/1 9/1, 14 og 15
<b>Prosjektnavn</b>	E39 Bjørset-Skei
<b>Prosjektnummer</b>	433
<b>Kulturminnetype</b>	Dyrkingslag, busetnadsspor og kokegropfelt
<b>Lokalitetsnavn</b>	Lokalitet 1, 2, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 21, 22, 23, 24, 25 og 26
<b>ID nr. (Askeladden)</b>	141065, 141067, 141069, 141070, 141071, 141073, 141075, 141076, 141088, 141094, 141095, 141097, 141099, 141101, 141102, 141105, 141108, 141112, 141116, 141118, 141124, 141311, 169601, 169661
<b>Tiltakshaver</b>	Statens vegvesen
<b>Ephortenummer</b>	2013/8417
<b>Saksbehandler</b>	Asle Bruen Olsen
<b>Intrasisnummer</b>	UM_2014_005 (Bjørset, Ytre Årdal og Indre Årdal) UM_2014_006 (Helgheim, Hus, Fygglestrand og Haugen)
<b>Aksesjonsnummer</b>	2014/224, 225, 226, 227, 228, 229, 230 og 231
<b>Museumsnummer (B/BRM)</b>	B17359, B17360, B17361, B17362, B17363, B17364, B16365, B17366 og B17367
<b>Fotobasenummer (Bf)</b>	Bf10066
<b>Tidsrom for utgraving</b>	22.04.14-08.08.14
<b>Prosjektleder</b>	Asle Bruen Olsen og Trond Eilev Linge
<b>Rapport ved:</b>	Ann-Kristin Dahlberg, Cecilia Falkendal, Trond Eilev Linge og Asle Bruen Olsen
<b>Rapport dato:</b>	01.11.16



## Innhald

BAKGRUNN.....	6
TIDLEGARE FUNN OG REGISTRERTE KULTURMINNE I OMRÅDET.....	7
REGISTRERINGA.....	11
TOPOGRAFI OG LANDSKAP.....	15
PROBLEMSTILLING OG MÅLSETNAD.....	17
TIDSROM OG DELTAKARAR.....	17
FORMIDLING/MEDIA.....	19
METODE OG KJELDEKRITISKE TILHØVE.....	20
Feltmetodikk.....	20
Dokumentasjon.....	20
Vitskaplege prøver.....	21
Målesystem, innmåling, data og GIS.....	22
Kjeldekritiske tilhøve.....	22
RESULTAT.....	24
Bjørset, gnr. 74 (Lokalitet 1 og 2).....	24
LOKALITET 1 – Dyrkingsspor.....	26
LOKALITET 2 – Dyrkingsspor.....	34
Samanfating av Bjørset.....	44
Ytre og Indre Årdal, gnr. 3 og 4 (Lokalitet 4, 5, 6, 7, 25, 26, 8, 9, 10 og 11).....	46
LOKALITET 5 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde.....	48
LOKALITET. 6 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde.....	54
LOKALITET 7 – Kokegropfelt, aktivitetsområde og dyrkingsspor.....	64
LOKALITET 25 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde.....	82

LOKALITET 26 – Dyrkingsspor.....	88
LOKALITET 8 – Aktivitetsområde.....	91
LOKALITET 9 – Dyrkingsspor.....	98
LOKALITET 10 – Dyrkingsspor.....	102
Samanfatting av Årdalsområdet.....	106
Helgheim og Hus, gnr. 6 og 7 (Lokalitet 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18 og 19).....	107
LOKALITET 12 – Dyrkingsspor.....	109
LOKALITET 13 – Aktivitetsområde.....	113
LOKALITET 15 – Kokegropfelt.....	118
LOKALITET 16 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde.....	129
LOKALITET 17 – Busetnads- og aktivitetsområde, og dyrkingsspor.....	138
LOKALITET 18 – Dyrkingsspor.....	177
LOKALITET 19 – Busetnads- og aktivitetsområde.....	181
Samanfatting av Helgheim og Hus.....	206
Fyglestrand og Haugen, gnr. 8 og 9 (Lokalitet 21, 22, 23 og 24).....	208
LOKALITET 21 – Dyrkingsspor.....	209
LOKALITET 22 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde.....	216
LOKALITET 23 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde.....	225
LOKALITET 24 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde.....	232
Samanfatting av Fyglestrand og Haugen.....	241
AVSKRIVNE LOKALITETAR.....	241
LOKALITET 4.....	241
LOKALITET 11.....	242
LOKALITET 14.....	242

## SAMANFATNING OG KONKLUSJON – BUSETNADS- OG

### JORDBRUKSUTVIKLINGA I JØLSTER I LYS AV UNDERSØKINGA.....244

Jølster før jordbruket.....245

Pionerjordbruk og busetnad i seinneolitikum.....246

Eldre bronsealder.....247

Yngre bronsealder.....247

Førromersk jernalder.....248

Romersk jernalder.....249

Folkevandringstid.....250

Yngre jernalder.....251

Mellomalder.....252

Nyare tid.....252

Tematisk oppsummering.....253

a) Agrarlandskapet.....253

b) Busetnaden og landskapet.....256

c) Det rituelle landskapet.....258

Avsluttande kommentarar og perspektiv.....262

Litteratur og kjelder.....264

Liste over tabellar.....268

Liste over figurar.....270

## **Vedlegg**

Vedlegg I Liste over foto tekne i felt

Vedlegg II Liste over foto lagt inn i musit

Vedlegg IIIa-b Strukturliste

Vedlegg IV Liste over feltteikningar

Vedlegg V Prøveliste

Vedlegg VI Dateringsresultat

Vedlegg VIIa-b Vedartsrapportar

Vedlegg VIII Resultat frå Beta Analytic (utdrag)

Vedlegg IX Tilvekstlister

Vedlegg X Pollenbotanisk rapport



## **Alfabetisk oversyn over forkortinger brukt i teksten**

BA = Bronsealder

Bnr. = Bruksnummer

EBA = Eldre bronsealder

EJA = Eldre jernalder

ERT = Eldre romartid

Ev. = Eventuelt

FVT = Folkevandringstid

F.v.t. = Før vår tidsrekning

Gnr. = Gardsnummer

HMA = Høgmellomalder

JA = Jernalder

Lok. = Lokalitet

MA = Mellomalder

MVT = Merovingartid

RJ = Romersk jernalder

RT = Romartid

SN = Seinneolitikum

SMA = Seimellomalder

TMA = Tidleg mellomalder

VT = Vikingtid

V.t. = (Etter) vår tidsrekning

YBA = Yngre bronsealder

YJA = Yngre jernalder

YRT = Yngre romartid



*Våren og sommaren 2014 vart det utført ei arkeologisk forvaltningsundersøking med maskinell flateavdekking og sjakting på 24 lokalitetar langs ei 11 km lang strekning av E39 sin trase ved den nordaustlege delen av Jølstravatnet i Jølster kommune i Sogn og Fjordane fylke. Bakgrunn for undersøkinga var reguleringsplan for utbetring av europavegen. Det har vore gjort få arkeologiske utgravingar i Jølster tidlegare, berre éin av nyare dato, og prosjektet har kasta lys over den lokale førhistoria i tidsspennet frå yngre steinalder til mellomalder. Undersøkinga er dekkande for den strandnære sona inntil Jølstravatnet på strekninga frå Bjørset til Skei. Ny kunnskap gjeld særleg tidsdjupna til jordbrukshistoria, og aktivitetar, mest innan den rituelle sfæren, men òg av verdsleg art. Det vart påvist dyrkingslag frå seinneolittisk tid fram til nyare tid, avdekt og undersøkt fleire kokegropfelt frå jernalder i Jølstravatnet si strandsona, samt funne spor etter bygningar frå stein-, bronse- og jernalder.*

## **BAKGRUNN**

Bakgrunnen for prosjektet var den framlagde reguleringsplanen for ny vegtrase langs ei 11 km lang strekning av E39, parsell Bjørset-Skei. I tillegg til utbetring av den eksisterande traseen inneber dette bygging av gang- og sykkelveg langs delstrekninga Indre Årdal-Skei, samt inngrep ved Ytre Årdal og Helgheim kyrkje utover den generelt 10-20 m breie avgrensinga. Sistnemnde er grunna behov for avkøyrslar, rigg-, deponi- og parkeringsareal i samband med sjølve vegframføringa.

Tiltakshavar Statens vegvesen, Region vest varsla Kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune om planane for utbetring av vegstrekninga for fyrste gong våren 2010. Etter å ha gjennomført ei synfaring i området 17.6.2010 saman med representantar for Statens vegvesen, konkluderte fylkeskommunen med at sannsynet for automatisk freda kulturminne i inngrepsområdet var høgt, og la difor fram krav om registreringar langs traseen, i samsvar med §9 i *Kulturminnelova*. Registreringane vart gjennomført i to omgangar, og førte til påvising og avgrensing av til saman 26 lokalitetar, i etterkant redusert til 25.

Fylkeskommunen tilrådde Riksantikvaren å gje dispensasjon for dei råka kulturminna etter Kulturminnelovas § 8, fjerde ledd, per brev datert til 23.7.2013, med kopi til Seksjon for Ytre Kulturminnevern (no Fornminneseksjonen) ved Universitetsmuseet i Bergen, med vilkår om arkeologiske undersøkingar. På grunnlag av registreringsrapportane slutta Universitetsmuseet seg til fylkeskommunen si tilråding om dispensasjon, per brev datert 9.8.2013, og la

samstundes fram forslag til prosjektplan og budsjett for granskinga. Riksantikvaren vurderte tiltaket som å vere av svært samfunnsnyttig art, og gav dispensasjon under føresetnad om arkeologisk gransking av 24 av dei 25 råka lokalitetane, kosta av tiltakshavar (jf. vedtaksbrev 27.8.2013). Statens vegvesen bestilte utgravinga i brev datert 06.01.14, og Riksantikvaren gjorde endeleg vedtak om omfang og kostnadsdekning av utgravinga, jf. lov om kulturminne § 10, i brev datert 20.01.14.

## TIDLEGARE FUNN OG REGISTRERTE KULTURMINNE I OMRÅDET

**Tabell 1** Oversyn over periodar som vert omtala i rapporten. F.v.t. = før vår tidsrekning, v.t. = etter vår tidsrekning.

Periode	Delperiode/forkorting	14C-år	Kalendarår
<b>Mesolitikum</b>	Seinmesolitikum	7500-5200 BP	6400-4000 f.v.t.
<b>Neolitikum</b>	Tidlegneolitikum	5200-4600 BP	4000-3300 f.v.t.
	Mellomneolitikum A	4600-4100 BP	3300-2600 f.v.t.
	Mellomneolitikum B	4100-3800 BP	2600-2300 f.v.t.
	Seinneolitikum (SN)	3800-3500 BP	2300-1700 f.v.t.
	SN I		2300-1900 f.v.t.
	SNII		1900-1700 f.v.t.
<b>Eldre bronsealder</b>	EBA	3500-2900 BP	1700-1100 f.v.t.
	EBA I		1700-1500 f.v.t.
	EBA II		1500-1300 f.v.t.
	EBA III		1300-1100 f.v.t.
<b>Yngre bronsealder</b>	YBA	2900-2440 BP	1100-500 f.v.t.
	YBA IV		1100-900 f.v.t.
	YBA V		900-700 f.v.t.
	YBA VI		700-500 f.v.t.
<b>Eldre jernalder (EJA)</b>	Førromersk jernalder (FRJA)	2440-2010 BP	500 f.v.t.-1. v.t.
	Romersk jernalder (RJA)	2010-1680 BP	1-400 v.t.
	Eldre romartid (ERT)		1-200 v.t.
	Yngre romartid (YRT)		200-400 v.t.
	Folkevandringstid (FVT)	1680-1500 BP	400-575 v.t.
<b>Yngre jernalder (YJA)</b>	Merovingartid (MVT)	1680-1500 BP	575-800 v.t.
	Vikingtid (VT)	1210-1000 BP	800-1030 v.t.
<b>Mellomalder</b>	(MA)		1030-1536 v.t.
	Tidleg mellomader (TMA)		1030-1150 v.t.
	Høgmellomalder (HMA)		1150-1350 v.t.
	Seinmellomalder (SMA)		1350-1537 v.t.
<b>Nyare tid</b>	(Etterreformatorkisk)		1537-

Éi arkeologisk utgraving har vore gjort i Jølster i nyare tid. Denne fann stad på garden som grensar til undersøkingsområdet i vest, Hegrenes gnr.73 ved Ålhus kyrkjestad i 2009, der det vart avdekt eit gardsanlegg frå sein romartid / tidleg folkevandringstid. Mellom anna eit 40 m langt langhus vart påvist, noko som vitnar om ein relativt stor gard (ID 117160; Haugen &

Diinhoff 2010). Hegrenes har òg vore setegard for lendmenn i mellomalderen, den mest kjende er Audun Hugleiksson som bygde slott ved Jølstravatnet på slutten av 1200-talet. Tufta etter dette er framleis synleg i landskapet (ID 16220). Det har vore argumentert for at lendmannsseta i mellomalderen i mange tilfelle hadde røter attende til godssentra i YJA (t.d. Iversen [1997]1999). På Ålhus er det to kjende gravminne nær kyrkjestaden (ID 135282 og ID 55154). Elles er det kjend ein fallosstein frå området, men med usikker funnkontekst. Etter tradisjonen vart den funne ved pløying av åkeren på Ålhus prestegard (Øvrebø & Apneseth 1995:13).

Innanfor undersøkingsområdet er det kjend ei rekke kulturminne. På Bjørset gnr.74 står ei tingstove med tømmer som kan stamme frå mellomalderen, men det har ikkje vore gjort stadfestande dateringar. Elles er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne her. På Årdal gnr.3 og 4 er det kjend nokre få gjenstandar: Ei YJA rangle (B8838) vart funnen i tilknytning til det som Per Fett (1957) omtalar som ei grav under flatmark vest for Årdalselva, på gnr. 3 bnr. 4. Fett nemner samstundes at funnkonteksten minner om kolgrop, eller det vi i dag truleg ville kalt kokegrop. Den vert skildra som ei grop nedskoren i auren, 2 meter i tverrmål og 1 meter djup, og skålforma. Funnet låg i eit 10 cm tjukt kollag med nevestor stein over. Det var tre liknande groper like ved som ikkje hadde funn. Det synast som at funnet like gjerne kan komme frå ein kokegropliknande struktur som frå ei grav. Ein 66,3 cm lang spydspiss i jarn frå YJA (B9973) er funne på gnr.4 bnr.6 om lag 100 m aust for Årdalselva, utan synleg tilknytning til grav. Elles vart ein halv, truleg EJA, beltstein i kvartsitt (B13625) funne på ein ukjend stad i Årdal (Fett 1957). I registeret til Bergens Kalvskinn (BK 7, 1360) er det nemnd eit *Irndale Capellum* som truleg viser til eit privat mellomalderkapell ein stad på Årdal.<sup>1</sup> I følgje lokal tradisjon skal det ha stått eit kapell nedanfor tunområdet på Indre Årdal gnr.4 bnr.3 rett ved bygningane. Vidare vart det meldt om funn av skjelettrestar på ein naturleg grushaug som heitte Kyrkjebakken, i samband med bygging av riksvegen i 1935 (Fett 1957:3).<sup>2</sup>

---


<sup>1</sup> Sidene i BK som viser til landskyld og tienda i Jølster har imidlertid gått tapt.

<sup>2</sup> Lokalitet 8 skulle i så fall femne dette området, men det vart ikkje funne spor etter bygning eller graver på staden ved korkje registreringa eller utgravinga.

På Helgheim gnr.6 har det av kulturminne forutan mellomalderkyrkjestaden vore kjend nokre gravminne frå JA. Om lag 50 m N for kyrkja, i Naustebakken, vart det under pløying funne våpen og andre gjenstandar frå ei YJA manssgrav i ein naturleg haug. Funna femna eit eineggja sverd, ein slank spydspiss, seks pilspissar, ei øks, fragment av skjoldbule, knivblad, fil, ein jarnspiker og fragment av skiferbryne (Fett1957:4; B6432a-k). To gravrøyser låg dessutan i vasskanten i søraustleg retning, høvesvis 150 og 200 meter frå kyrkja. Dei var høvesvis 12 og 15 m i diameter og 1,5 m høge. Det var funne kiste i vestre ende, rett under torva, og ei FVT kvinnegrav i austre ende i den førstnemnte. Gjenstandsfunn femna ti jarnbitar, eit spinnehjul av kleber, eit spinnehjul av leire og små fragment av tynt leirkar (ibid.; B10093). Eit stykke nord for dette gravminnet støytte ein på ei gravkiste under graving til ein grunnmur. Her skal ha vore ei leirkrukke (Fett 1957; funnkart 1/3). Leirkrukke er ein sterk indikasjon på at funnet skriv seg frå romartid eller folkevandringstid.

På Hus er det kjend fire førkristne graver, den eine er ei YJA flatmarksgrav 50 m NV for gardstunet. Dette var ei ubrend manssgrav, men funn av tinder av linhekler indikerer kvinnegrav i tillegg. Gjenstandsmaterialet bestod elles av eit tveggja sverd med hjalt og knapp, øks, to fragment av kniv, éin bisselring, eldstål, jarngrYTE og to bryner (Fett 1957:4; B6797). Rett ved ligg ein YJA gravhaug (ID 25928) som er om lag 10 m i diameter og 1,5-2 m høg. Den ligg på ei naturleg forhøgning. Det er funn av tre klinknaglar i tilknytning til denne (Fett 1957:4; B 6694). Om lag 200-250 m ANA for denne har det vore funne ei leirkrukke i ein mogleg gravhaug, «Krampehøgjen» (ibid.). Det er òg ein gravhaug (ID 55156) på Hatleneset, 10 m i diameter og moglegvis frå jarnalder. 100 m frå tunet på bnr.1 har det dessutan vore funne ei flintøks (B10092).

På Fyglestrand gnr.8 var det ikkje registrert automatisk freda kulturminne frå før av. Frå Haugen gnr.9 er det kjend éin gravhaug, som no er fjerna, utan gjenstandsfunn knytt til seg (Hellesøe 2011:33,35).



**Figur 1** Utsnitt Jølster k., kart som syner tettleiken av registrerte kulturminne, med området frå Bjørset i vest til Skei i aust framheva. Undersøkinga har i hovudtrekk følgd eksisterande vegtrasé langs strandlinja. Kulturminnekonsentrasjonen t.v. i kartet utanfor undersøkingsområdet representerer Ålhus og Hegrenes. Kart: Askeladden.<sup>3</sup> Endringar: AKD.

Ved ytterlegare nokre få av dei gardane som ligg rundt Jølstravatnet utanom planområdet er det kjend automatisk freda kulturminne i form av gravminne, og dei som merkar seg ut er Sanddal gnr.39 og Kjøsnes gnr.30. Fyrstnemnde ligg på sørsida av vatnet, medan Kjøsnes ligg i austenden, ved Kjøsnesbrua og utlaupet av Kjøsnesfjorden. På Kjøsnes finst det fleire gravrøysar (ID 72960, ID 35827, ID 55157, ), frå høvesvis EJA og YJA, og av gjenstandsfunn kan det nemnast to perler frå VT (B4619) frå ein no tapt gravkontekst (Fett 1957:6; Olsen 2013a:7).

Feltet med dei ti gravrøysene på Sanddal er det største førhistoriske kulturminnet vi kjenner til i Jølster. I ei av røysene på Sanddal vart det funne m.a. ovale spenner, seletøy til hest, øks og skrin (B11413) datert til VT ved undersøking. I nærleiken fanst òg ei FVT dobbel kvinne- og mannsgrav (B6656), med funn som relieffspenne, spyd, sverd, kniv og saks (Fett 1957:7).

<sup>3</sup> Riksantikvaren sin kulturminnedatabase, Askeladden.ra.no.

## REGISTRERINGA

Den fyrste av to registreringsbolkar vart utført ved mellom andre Hege Brekke Hellesøe (feltleiar og rapportansvarleg) ved Kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune i tidsrommet 11.10. -12.11.2010 (Hellesøe 2011). Registreringane vart gjort primært ved maskinell sjakting, men det vart òg føreteke overflateregistrering i delar av området. 24 av til saman 72 sjakter var funnførande, og det vart registrert 101 strukturar og 15 område med fossile dyrkingslag. Funna vart fordelte på 24 lokalitetar (Lok. 1-24), av desse vart éin avskriven (Lok. 3). Det blir nemnd i rapporten at vêrtilhøva med stor nedbørsmengd og etter kvart frost gjorde registreringa stundom svært utfordrande, i tillegg til at tilsig av vatn var til hinder for delar av dokumentasjonsprosessen (Hellesøe 2011:9,10,36).

Ei supplerande registrering vart utført ved mellom andre Glenn Heine Orkelbog (feltleiar og rapportansvarleg) i tidsrommet 5., 7., 17.-26., og 29.-31.10.2012 (Orkelbog 2013).

Registreringsmetoden i denne bolken var òg maskinell sjakting, og det vart påvist to nye lokalitetar (25 og 26), i tillegg fekk fire av dei allereie registrerte lokalitetane (5, 6, 8 og 9) ny avgrensing. Lokalitetane inkluderte ytterlegare fjorten strukturar og tre nye spor etter forhistorisk dyrking (Orkelbog 2013:2,3). Slik var det avgrensa totalt 25 lokalitetar med automatisk freda kulturminne langs vegtraseen.

Under følgjer eit kortfatta oversyn over resultatata frå dei to registreringsbolkane, basert på rapportane. Det estimerte arealet for kvar lokalitet er slik det var oppgjeve i prosjektplanen (Olsen 2013a). Ukalibrert <sup>14</sup>C-alder og Beta-nr. for dateringane vert gjort greie for i resultatkapittelet. Lokalitet 20 med funn av fossile dyrkingslag datert til yngre bronsealder er utelaten her, då det ikkje vart knytt vilkår om nærare gransking av denne lokaliteten i samband med dispensasjonen. Lokalitetane er her ordna etter tal i stigande rekkjefølgje, dvs. at lok. 25 og 26 frå andre registreringsbolk ligg sist. Men sidan desse høyrer til Indre Årdal gnr. 4, vert dei ordna deretter i resultatkapittelet, mellom lok. 7 og 8.

### *Lokalitet 1 (ID 141065)*

Fossile dyrkingslag datert til 1760-1610 f.v.t. (før vår tidsrekning), sein seinneolitikum / eldre bronsealder, med ei anslegen utstrekning på 60 m<sup>2</sup>.



*Lokalitet 2 (ID 141067)*

Fossile dyrkingslag datert til 2020-1860 f.v.t (seinneolitikum) og 360-170 f.v.t. (førromersk jernalder), med ei anslegen utstrekning på 765 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 4 (ID 141311)*

Eldstadliknande struktur med datering til 1440-1640 v.t. (vår tidsrekning), seinmellomalder-nyare tid og mogleg stolpehol. Anslegen lokalitetsutstrekning: 65 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 5 (ID 141069)*

2010: Grop datert til 1430-1630 v.t. (seinmellomalder-nyare tid), kokegrop og fossilt dyrkingslag, begge gitt ei relativ datering til jernalder. 2012: Eit fossilt dyrkingslag datert til 380-180 f.v.t (førromersk jernalder). Anslegen lokalitetsutstrekning: 1900 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 6 (ID 141070)*

2010: Fossilt dyrkingslag datert til 690-900 v.t. (merovingartid-vikingtid). 2012: Steinpakning, grøft, ardspar og dyrkingslag, sistnemnde datert til 890-1020 v.t. (vikingtid-mellomalder). Anslegen lokalitetsutstrekning: 1950 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 7 (ID 141071)*

Åtte kokegroper, den eine datert til 140-330 v.t. (romersk jernalder). Anslegen lokalitetsutstrekning: 540 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 8 (ID 141073)*

2010: Eldstadliknande strukturar og steinsamlingar, udaterte. 2012: Kollag, eldstad og nedgraving, sistnemnde (P2) datert til 670-850 v.t. (merovingartid-vikingtid). Anslegen lokalitetsutstrekning: 950 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 9 (ID 141075)*

2010: Fossile dyrkingslag, omrota, dater til 760-400 f.v.t. (yngre bronsealder-førromersk jernalder) og 400-570 v.t. (folkevandringstid). 2012: Dyrkingslag datert til 250-410 v.t. (yngre romartid), og mogleg stolpehol. Anslegen lokalitetsutstrekning: 600 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 10 (ID 141076)*

Mogleg produksjonsanlegg, datert til 640-780 v.t. (merovingartid), kokegroper og rydningsrøys. Anslegen lokalitetsutstrekning: 600 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 11 (ID 141088)*

Kokegroper og eldstader, daterte til nyare tid. Plassering gir høgt potensiale for førreformatoriske busetnadsspor. Anslegen lokalitetsutstrekning: 1870 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 12 (ID 141094)*

Fossilt dyrkingslag datert til 790-410 f.v.t. (yngre bronsealder-førromersk jernalder), og mogleg produksjonsanlegg. Anslegen lokalitetsutstrekning: 1970 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 13 (ID 141095)*

Seks kokegroper, den eine datert til 80-250 v.t. (romartid) og ti moglege stolpehol, det eine, S43, datert til 380-170 f.v.t. (førromersk jernalder) Anslegen lokalitetsutstrekning: 2500 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 14 (ID 141097)*

Steinsamlingar, udaterte. Ligg i eit område med gravrøyser. Anslegen lokalitetsutstrekning: 580 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 15 (ID 141099)*

Éi røys og åtte groper - eldstader, kokegroper med dateringar til 230-430 v.t. og 220-400 v.t. (romartid) og andre groper, og fossilt dyrkingslag eller kulturlagsliknande avsetning datert til 340-540 v.t. (yngre romartid-folkevandringstid). Anslegen lokalitetsutstrekning: 1250 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 16 (ID 141101)*

Rydningsrøys, groper og fossilt dyrkingslag. Dyrkingslag som låg over røysa vart datert til 240-420 v.t. (yngre romartid-folkevandringstid). Anslegen lokalitetsutstrekning: 1400 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 17 (ID 141102)*

Fossile dyrkingslag, daterte til 80-310 v.t. (romersk jernalder) og 1220-1300 v.t. (høgmellomalder). Anslegen lokalitetsutstrekning: 1500 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 18 (ID 141105)*

Fossile dyrkingslag, udaterte. Anslegen lokalitetsutstrekning: 530 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 19 (ID 141108)*

Tre kokegroper, den eine datert til 720-370 f.v.t. (yngre bronsealder-førromersk jernalder). Anslegen lokalitetsutstrekning: 1450 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 21 (ID 141112)*

Groper, dyrkingslag datert til 760-400 f.v.t. (yngre bronsealder-førromersk jernalder) og ei rektangulær kokegrop datert til 350-50 f.v.t. (førromersk jernalder). Anslegen lokalitetsutstrekning: 1250 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 22 (ID 141116)*

To kokegroper, den eine (S83) datert til 240-390 v.t. (yngre romartid), og fire fyllskifte. Anslegen lokalitetsutstrekning 1250 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 23 (ID 141118)*

Kokegroper, den eine (S88) datert til 50 f.v.t.-120 v.t. (førromersk jernalder-eldre romartid), og groper. Anslegen lokalitetsutstrekning: 370 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 24 (ID 141124)*

Tolv strukturar: Gravrøys, groper, den eine (S92) datert til 1500-1380 f.v.t. (eldre bronsealder), grøfter, den eine (S94) datert til 400-200 f.v.t. (førromersk jernalder), dyrkingslag med botndatering til 900-800 f.v.t. (yngre bronsealder) og toppdatering til 250-430 v.t. (yngre romartid), og rydningsstein. Anslegen lokalitetsutstrekning: 2000 m<sup>2</sup>.

*Lokalitet 25 (ID 169601)*

To eldstader, den eine (A1) datert til 20-130 v.t. (eldre romartid), dyrkingslag datert til 430-580 v.t. (folkevandringstid), og steinpakning. Anslegen lokalitetsutstrekning: 2200 m<sup>2</sup>.

Lokalitet 26 (ID 169661)


Fossilt dyrkingslag, datert til 1020-1160 v.t. (tidleg mellomalder-høgmellomalder). Anslegen lokalitetsutstrekning: 250 m<sup>2</sup>.

## TOPOGRAFI OG LANDSKAP



**Figur 2** Sør-Noreg med Jølster k. markert. Kartgrunnlag: Askeladden. Endringer: AKD

Jølster kommune ligg midt i Sogn og Fjordane fylke, åtte mil aust for kysten, og to-fire mil, maksimum éi dagsreise til fots, aust for den næraste tilknyttinga til fjorden, i Førde. Gjennom dalen frå Førde austover til Jølstravatnet stig landskapet jamt til om lag 200 moh., som er høgdenivået vatnet og dei undersøkte områda grovt sett ligg på. Det busette området rundt vatnet er omgjeve av fjell som ligg på rundt 1000-1500 moh. Dette topografisk avgrensa området som i dag utgjer kommunen var òg utgangspunktet for den eldste kjende administrative eininga, skipreida (Jf. Bull 1920). Jølster utgjer del av eit innlandsstrok som manglar direkte tilknytning til sjøen, men det tre mil lange og nokre km breie vatnet har vore utgangspunktet for den eldste kjende gardsbusetnaden, og fungert som hovudferdsleåre i området storparten av året. Dalen mellom Førdefjorden og Jølstravatnet, der E39 sin trase ligg, og dessutan den Trondheimske Postvegen gjekk frå 1780-åra, må ha utgjort den lettaste og viktigaste åra for hovudferdsle til og frå fjordbotnen i Førde. Dagens gardsbusetnad er hovudsakleg lokalisert på terrassar med meir eller mindre bratte skråningar nedover mot Jølstravatnet, og det verkar rimeleg å tru at dei førhistoriske tunområda har vore plasserte tilsvarande (Olsen 2013a:6). Vegtraseen som dannar utgangspunktet for planområdet ligg for det meste i sona mellom desse terrassane og Jølstravatnet. Kvar av gardane som er råka av tiltaket femnar ressursområde som strekk seg frå Jølstravatnet i sør til fjell i nord, og innmarka er prega av meir eller mindre hallande, sør- til søraustvende beite- og slåttemarkar. Eit nærare blick på topografi og landskap kjem i resultatdelen.



**Figur 3** Sunnfjord frå kysten i vest til breen i aust. Undersøkingssområdet er markert med raudt belte, og Førde med kvit runding. Nord er opp. Kartgrunnlag: Fylkesatlas.no. Endringar: AKD.

## **PROBLEMSTILLING OG MÅLSETNAD**

Registreringsresultata tyda på høgt funnpotensiale i eit område som har vore undersøkt i svært liten grad. Ein overordna målsetnad med undersøkinga av fossile dyrkingslag har vore å bidra til kunnskap om førhistorisk jordbruk i eit vestnorsk innlandsområde. Det er uvanleg å kunne dokumentere dyrkingsprofilar ved meir enn eit par lokalitetar i ei og same undersøking, og dermed gir dette ei sjeldan god moglegheit til å studere kva mønster som dannar seg over tid i eit større samanhengande område. Dette vil òg vere eit bidrag til den heilskaplege forståinga av jordbrukshistoria i eit større geografisk perspektiv. Planområdet femnar ei sone mellom tunområda og vatnet der det vart registrert kokegropfelt og frå før av er kjende gravminne, altså som kan vere knytt til aktivitetar innan den rituelle sfæren. Tidlegare undersøkingar på Vestlandet kan peike mot at kokegroper vart flytta nærare tuna i yngre jarnalder, og eitt mål med undersøkinga er å kaste ytterlegare lys over dette spørsmålet. Spor etter hus frå bronsealder og tidleg jarnalder har ikkje vore påvist i Jølster før, og undersøking av lokalitetane med busetnadsspor kan såleis bidra til heilt ny kunnskap om Jølster si førhistorie, noko som òg vil vere med på å utvide det generelle kunnskapsgrunnlaget om busetnadsutviklinga regionalt og nasjonalt.

## **TIDSROM OG DELTAKARAR**

Feltarbeidet inkludert førebuande tiltak vart utført gjennom femten veker i tidsrommet 22.4.-8.8.2014 av totalt ti arkeologar, tre botanikarar og fem gravmaskinsjåførar. Tre av feltleiarane arbeidde i tillegg med førebuing av 14C-prøver i Bergen i perioden 16.-20.6.2014.

Etterarbeidet vart fordelt på GIS-ansvarleg feltleiar Cecilia Falkendal og feltleiar Ann-Kristin Dahlberg, fyrstnemnde med hovudansvar for Intrasis og annan digital dokumentasjon, og sistnemnde med hovudansvar for rapportskriving og delansvar for digital og fysisk dokumentasjon. I fyrste periode av feltarbeidet (28.4.-13.6.2014), var feltpersonalet innleiingsvis delt inn i primært to arbeidslag, fordelt på to gravmaskiner til avdekking.

Undervegs vart laga delt inn ytterlegare, då nokre gjekk i gong med å finreinske dei avdekte lokalitetane, medan andre heldt fram med avdekking. I andre periode (23.6.-8.8.2014) var inndelinga meir flytande, men til ei kvar tid var det mellom to og fire arbeidslag fordelt på ulike lokalitetar og/eller ansvarsområde. I denne perioden hadde feltleiar Ole-Marius Kildedal

hovudansvaret for dyrkingsprofilar, medan ansvaret for strukturar var fordelt på feltleiarar Christopher Kvæstad, Cecilia Falkendal og Ann-Kristin Dahlberg.

**Tabell 2** Oversyn over arkeologar, botanikarar og gravmaskinsjåførar som deltok i undersøkinga, ordna alfabetisk etter førenamn.

<b>Deltakar</b>	<b>Rolle</b>	<b>Tidsrom i felt</b>	<b>Etterarbeid</b>
Anna Helligren	Feltassistent	23.6-8.8.2014	-
Ann-Kristin Dahlberg	Feltassistent	28.4-13.6.2014	13.10-19.12.2014 og 30.1-6.3.2014
	Feltleiar	23.6-8.8.2014	
Asle Bruen Olsen	Prosjektleiar		
Cecilia Falkendal	Feltleiar (GIS)	22.4.-8.8.2014	11.-17.8.2014, 17.11.-19.12.2014 og 19.1.-14.2.2014
Charlotte Eikeset Mundal	Feltassistent	28.4.-13.6.2014 og 23.6.-8.8.2014	-
Christopher Fredrik Kvæstad	Feltleiar	28.4.-8.8.2014	-
Ingebjørg Njøs Storvik	Feltassistent	28.4.2014-13.6.2014	-
Ole Fredrik Unhammer	Feltassistent	14.7.-8.8.2014	
Ole-Marius Kildedal	Feltleiar	28.4.-30.7.2014	-
Trond Eilev Linge	Prosjektleiar		
<b>Botanikarar frå Universitetsmuseet i Bergen</b>		<b>Tidsrom i felt</b>	
Anette Overland		11.-16.6 og 28.7.-4.8.2014	
Ingeborg Helvik		11.-16.6.2014	
Ingvild K. Mehl		28.7.-4.8.2014	
<b>Gravmaskinførarar frå Magne Hafstad AS</b>		<b>Tidsrom i felt</b>	
Bjørn Atle Gulbrandsen		10.5.-11.6.2014	
Jan Martin Gjerland		26.6.2014 og 27.6.2014	
Joakim Flatjord		29.4.-9.5.2014	
Joar Tveit		29.4.-12.6.2014	
Svein Henrik Myrmel		25.6. og 30.6.2014	

## FORMIDLING/MEDIA



**Figur 4** Formidling: NRK Sogn og Fjordane vitjar lok.17, 24.06.2014. Foto: CFK.

Formidlinga frå felt gjekk føre seg primært i form av avisartiklar på nett og på trykk i lokalaviser, éin fjernsynsreportasje på distriktsnyhenda og eitt innlegg på Norark.no.<sup>4</sup> I tillegg var 3.klasse ved Vassenden Barne- og Ungdomsskule på omvising på lok. 17 den 12.6.2014.

Lokalavisa *Firda Tidend* var tidleg ute med ein avisartikkel på trykk 30.5.2014, ein liten snutt av denne kan lesast på nettsida deira: <http://www.firdatidend.no/dei-grev-seg-gjennom-historia-og-finn-mykje-nytt/>

23.06.2014 vart det lagt ut ein artikkel på nettsida til den uavhengige UiB-avisa *På Høyden*: <http://pahoyden.no/2014/06/arkeologi-langs-e39>

Reportasjen til NRK Sogn og Fjordane gjekk på *Vestlandsrevyen* på fjernsyn 24.06.2014. Dei sende òg ein radioreportasje same dag. Det sistnemnde er ikkje tilgjengeleg, men videoinnslaget ligg i NRK sitt søkbare video- og radioarkiv, ev. kan det sjåast her: [http://www.nrk.no/video/jordbruk\\_i\\_jolster\\_sidan\\_steinalderen/10A61ACABD3B1513/emne/Arkeologi/](http://www.nrk.no/video/jordbruk_i_jolster_sidan_steinalderen/10A61ACABD3B1513/emne/Arkeologi/).

---

<sup>4</sup> Ei nettside/blogg der arkeologar publiserer egne innlegg frå aktuelle arkeologiske utgravingar.



På Norark.no vart det lagt ut nettartikkel 05.08.2014: <http://norark.no/undersokelse/arkeologi-langs-jolstravatnet-3>

Sist ute var lokalavisa *Firda* med ein nettartikkel publisert på firda.no 11.08.2014, og artikkel på trykk 12.08.14. <http://www.firda.no/nyhende/article7516767.ece>

## **METODE OG KJELDEKRITISKE TILHØVE**

### **Feltmetodikk**

På bakgrunn av registreringane i 2010 og 2012 var det venta å finne fossile dyrkingslag frå ulike periodar, fleire kokegropfelt, felt med spor etter stolpehol frå bygningar, nokre moglege grav- og/eller rydningsrøyser, og produksjonsanlegg. Dei fleste av desse strukturane er det vanleg å kunne spore i den sterile undergrunnen. Undersøkingane i Jølster vart gjennomførte ved maskinell fflateavdekking av dei avgrensa lokalitetane i planområdet; fjerning av matjorda lagvis ned mot undergrunnsnivå, samstundes som det vart teke høgd for eventuelle funnførande lag undervegs. Det aktuelle nivået, i dei aller fleste tilfella undergrunnen, vart deretter finreinska med krafse og graveskei, med vekt på eventuelle strukturar. Ved dokumentasjon vart dei fleste strukturane snitta, dvs. at 50% av massen vart fjerna med spade og graveskei, etterfølgd av at strukturane sine profilar vart dokumenterte. Der det var moglegheit for at strukturane representerte graver, vart dei undersøkt med kryssnitt, dvs. delt inn i fire like store sektorar, eller «kakestykke». Tre av fire sektorar vart deretter gravne i ei rekkefølgje som gjorde det mogleg å dokumentere profilar i begge retningar.

For å avdekke og dokumentere fossile dyrkingslag, vart det ved dei aktuelle lokalitetane gjennomført maskinell sjakting ned til steril undergrunn og oppretta profilveggar, som under sjakting vart haldne så vertikale som mogleg med grabben og manuelt med spade, og seinare vart utvalde seksjonar finreinska ytterlegare med spade og graveskei før dokumentasjon og tolking.

### **Dokumentasjon**

Med få unntak vart kulturspora i form av strukturar ved alle lokalitetane funne i den sterile undergrunnen. Dei vart fortløpande målt inn med totalstasjon og tildelt nummer, og dokumenterte med foto i plan. Det vart i tillegg gjort eksperimentell fotogrammetri ved nokre

utvalde lokalitetar; desse var lok. 2 (profil), 7, 15, 16, 17 og 19 (flate). På dei største kokegropslokalitetane (Lok.7 og lok.15) vart om lag 50% av strukturane snitta for vertikal dokumentasjon i form av foto og teikning. For dei andre lokalitetane gjaldt det tilnærma 100 %. For kvar struktur som vart teikna og fotografert, vart det òg fylt ut eit strukturskjema med mål og skildring i plan og profil, og skildring av fyllmassen sitt innhald. Ei komplett liste over strukturar er vedlagt rapporten, vedlegg IIIa og b. Ved eit par særskilde tilfelle sålda vi delar av massen med handsåld i ferskvatn, gjennom 4 mm maskevidde.

Utvalde profilveggar med påviselege dyrkingshorisontar vart dokumenterte med foto og teikning. Profilane er inkluderte i den komplette lista over innmålte arkeologiske objekt (vedlegg IIIa-b). Alle teikningar av strukturar og dyrkingsprofilar vart gjort i skala 1:10, og teikningane vart nummererte fortløpande i felt. Eit utval teikningar vart i etterkant reinteikna i Adobe Illustrator. Ei komplett liste over teikningar er lagt ved rapporten, vedlegg IV. Det vart teke totalt 1540 foto i felt. Ei liste over desse er vedlagt rapporten, vedlegg I. Eit utval bilete vart lagt inn i Universitetenes Samlingsdatabaser (musit), under Bf10066. Ei liste over desse er òg vedlagt rapporten, vedlegg II.

Det vart gjort totalt 36 gjenstandsfunn ved til saman åtte lokalitetar. Desse er katalogisert i gjenstandsbasen under Universitetenes Samlingsdatabaser (musit) under følgjande B-nummer: B17359 (lok 15), B17360 (lok 16), B17361 (lok 17), B17362 (lok 19), B17363 (lok 23), B17364 (lok 6), B17366 (lok 8) og B17367 (lok 10).

### **Vitskaplege prøver**

Det vart samla inn totalt 402 kolprøver for radiologisk datering, 127 makroprøver og 38 seriar med pollenuttak for botanisk analyse. Desse vart gitt VP-nummer fortløpande i felt, og målt inn med totalstasjon. Ei komplett liste over uttekne prøver ligg vedlagt rapporten, vedlegg V. 183 kolprøver vart sende til Beta Analytic Inc. for datering (ams). Alle utanom to fekk nemninga JOLVP + tal. To prøver som vart sende til analyse allereie i mai 2014 fekk då nemninga JOL1-2. Tilbakemeldinga frå Beta ligg vedlagt rapporten som vedlegg VIII. Dateringsresultat vert gjort greie for fortløpande i teksten og i skjema. Ei fullstendig liste over dateringsresultat ligg vedlagt rapporten, som vedlegg VI.

Dateringane vart gjort på ymse vedartar, for det meste bjørk (67%). Andre vedartar var or (13%), selje (0,4 %) og bøk (0,3). Resten (11%) vart ikkje artsbestemte før datering. Bjørk er

kjend for å gje meir presise dateringsresultat enn tre med høgare eigenalder som t.d. eik. Vedartsanalysane vart gjort av Lisabet Gudmundsdottir og Helge Høeg. Desse vedartsrapportane ligg tilgjengelege som vedlegg VIIa og b. Vedart er òg gjort greie for i lista over dateringsresultat, vedlegg VI.

## **Målesystem, innmåling, data og GIS**

Fastpunkt for kvar lokalitet var lagt ut med GPS veka før feltarbeidet tok til. Vidare vart dei områda som vart torva av målt inn med totalstasjon etter maskinell avdekking. Alle strukturar, snitt, profilar, prøveuttak, funn, moderne forstyrningar og eventuelle relevante landskapselement som topografiske trekk, elvefar og berg, vart målt inn og dannar utgangspunktet for prosjektet sin digitale database i Intrasis. Kvar struktur, funn, prøveuttak og profil vart tildelt identifikasjonsnummer bestemt av løpenummeret frå totalstasjonen. Det er desse nemningane som vert nytta ved omtale av dei objekta som vart målt inn, til dømes ville Arkeologisk objekt, eller struktur, nr.616 i dette systemet fått nemninga A616. Vi brukte eitt Intrasis-prosjekt for vest, Bjørset-Årdal, der strukturane fekk løpenr. innan intervallet 200-2360, og eitt for aust, Bjørset-Fygla, med løpenr. i intervallet 20000-30757.

For det meste orienterte vi dokumentasjonen etter reelle himmelretningar ved bruk av kompass, men i samband med dokumentasjonen av dyrkingsprofilar vart det peika ut eit *ad hoc*-N, representert ved den profilveggen som låg nærast det røynlege nord. Dette var mellom anna for å gjere namngjevinga og omtalen av profilane så ryddig som mogleg der det var fleire profilar per lokalitet. Avviket frå reelle himmelretningar varierte litt frå lokalitet til lokalitet, og vert gjort greie for undervegs der det er behov.

## **Kjeldekritiske tilhøve**

Ved maskinell fjerning av såpass store jordmassar går ein potensielt glipp av ein del funn (jf. Melle & Knagenhjelm 2006:63), men dette er ei vurdering gjort med omsyn til informasjonsmengda metoden gir i høve til tidsbruken i feltarbeidet. Innanfor rammene av ei frigjevingundersøking har dette vorte ei vanleg prioritering, sjølv om det er ein metode som òg har vore mykje omdiskutert. Den steinete undergrunnen ein ofte møter på Vestlandet kan

gjere det utfordrande å skilje mellom strukturar og restar av overliggende lag mellom steinar, og mellom steinkonstruksjonar og strukturliknande, naturlege steinsamlingar. Nærare undersøking ved snitting er likevel godt eigna for å eliminere slike «skinnstrukturar».

Andre feilkjelder, eller feilaktig negative resultat, kan finnast der jordmassane har vore rota om på i samband med moderne graving eller at det har vore pløgd djupt der matjorda er skrinn. I samband med dei mange effektiviserande tiltaka innan jordbruket frå siste halvdel av 1800-talet og framover, var det behov for omfattande planering, og i den samanheng har mange kulturminne som elles ville vore synlege i landskapet gått tapt. Sidan planområdet femnar ein vegtrase, skulle ein òg vente ein del forstyrringar i samband med påfylling av massar, graving av kablar, vassrør og liknande. Ved utgraving av slåttemark på Vestlandet er det elles relativt vanleg å finne nedgravne veiter som i felt ved nokre tilfelle kan forvekslast med eldre strukturar.

Meir spesifikt varsla ein grunneigar på Indre Årdal, lok. 25 i 2012, om at dreneringsarbeid hadde blitt gjort der for ei tid tilbake. Ein steinpakning med uavklart fredingsstatus som vart registrert ved dette høvet, kan moglegvis ha samanheng med dette. Ved lok.18 på Hus skal det ha lege soldatbrakker under krigen. Her vart det funne moderne nedgravningar og søppel ved registrering (Hellesøe 2011:30). På lok. 7 fanst òg nedgravningar med moderne avfall, så delar av lokaliteten vart ikkje avdekt ned til undergrunnsnivå. Ved avdekking og framreinsking av lok. 13 var det ein del tilsig av vatn som gjorde prosessen noko uoversynleg, og tung nedbør vanskeleggjorde ved nokre høve avdekkinga, særleg av den delvis brattlendte lok. 16.

## RESULTAT

### Bjørset, gnr. 74 (Lokalitet 1 og 2)



**Figur 5** Oversynsbilete Bjørset, sett mot V. Foto: TEL. Endringer: AKD.

Bjørset grensar til garden Hegrenes og bygda og kyrkjestaden Ålhus mot V, ligg om lag 11 km V for Skei, og utgjer den vestlege avgrensinga av undersøkingsområdet. I sona mellom tunområda og vatnet er terrenget brattlendt, og vert i dag nytta som beite- og slåttemark. Den brattlendte marka har vore rasfarleg og erosjonsutsett, men òg sjølvdrenerande og dermed godt eigna for tidleg dyrking.



**Figur 6** Oversynskart Bjørset med lok. 1 og 2. Kartgrunnlag: Askeladden. Endringer: AKD

## LOKALITET 1 – Dyrkingsspor

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141065	Bjørset	74	3	60 m <sup>2</sup>	63 m <sup>2</sup>


Lokaliteten ligg om lag 50 m SSV for gardstunet på Bjørsetstrand, rett nord for innkøyrsla frå E39, i beite- og slåttemark som hallar bratt nedover mot vatnet i SA. Feltet vart opna frå SV, som to tangerande tilnærma rettvinkla V-forma sjakter (figur 8). Sjaktene vart namngjevne etter orienteringa mot himmelretningar. Sjakt N målte 9 og 7,4 x 2,4 m, og sjakt V var 7,9 og 6,5 x 2,4 m. Det vart vald ut éin profil med dyrkingshorizontar frå kvar sjakt, som begge vart finreinska, tolka og dokumenterte. Den eine profilveggen gjekk om lag parallelt med bakken si fallretning (Sjakt N, profil mot V), medan den andre gjekk på tvers av denne bratta (Sjakt V, profil mot N).<sup>5</sup>

Fylkeskommunen hadde frå før datert eitt dyrkingsslag på lokaliteten til overgangen seinneolitikum - eldre bronsealder (3390 ± 40 BP; 1760-1610 f.v.t; Beta 291382), under 30-40 cm med matjord.



**Figur 7** Oversyn over lok 1, mot S. Sjakt N ligg nærast. Foto: ABO.

<sup>5</sup> *Ad hoc*-nord for lok.1 avviker med ca. 22 grader vestover i høve til dei reelle himmelretningane.



**Figur 8** Oversynskart over lok. 1. Raud strek er dei innmålte sjaktene, turkis strek syner dyrkingsprofilane. Illustrasjon: CF/ArcMap

### **Profil A253 mot V, sjakt N**

I den nordlege sjakta vart det identifisert elleve morfologisk ulike lag i profilveggen mot V, som vart nummererte frå botn/undergrunn til topp/torv. Ein 7,5 m lang seksjon av denne profilen vart gjengitt her (figur 9 og 10).

Lag 1 er skildra som raudbrun sand og grus, og representerer den sterile undergrunnen. Over dette kunne det skiljast ut eit lag 2 som bestod av brun sand og silt. Lag 3 bestod av grå til gråbrun kompakt humushaldig sand med spor av trekol. Det var ikkje karakteristisk for typisk dyrking, men minna om dyrkingspåverka erosjon og blanda spor etter beite- og åkeraktivitet. Laget hadde likskapstrekk med lag 5 i profil V. Over lag 3 vart sju dyrkingspåverka lag skilt ut. Lag 4 vart ytterlegare delt inn i to underordna lag; 4a, som bestod av gulbrun torvaktig rein humushaldig sand/silt, og 4b, som skilde seg ut ved å ha ein meir gråbrun farge og innehalde trekol. Det sistnemnde vart tolka som dyrkingspåverka. Laget minna om lag 6 i profil V. Lag 5 bestod av mørk brun torvaktig humushaldig sand med trekol, med stadvis sandlinser.




Åkeravsetningane representert ved lag 6, 7, 8, 9 og 10 bestod alle av humushaldig sand med trekol, der lag 6 og 9 begge var gråbrune i fargen, medan lag 8 var skildra som brunt og lag 7 og 10 som gulbrune. Lag 11, som representere topplaget og truleg nyare tids dyrking, var dobbelt så djupt som dei andre, med den same samansettinga, men mørk brunt.

### **Dateringar**


Det vart teke ut sju prøvar for radiologisk datering, og av desse vart tre sendt til analyse.

Resultata synte at lag 3 kan daterast til eldre bronsealder periode I-II ( $3260 \pm 30$  BP; 1615-1455 f.v.t.; Beta 384128). Lag 5 kan daterast til overgangen merovingartid-vikingtid ( $1240 \pm 30$  BP; 680-880 v.t.; Beta 394233), og representerer dermed den yngste fasen av førhistorisk åker her, sidan lag 8 fekk ei etterreformatorkisk datering ( $120 \pm 30$  BP; 1670-1950 v.t.; Beta 384129).

A 253, dyrkjningsprofil mot V  
Lokalitet 1  
070514 ABO




**Figur 9** Profil A253 mot V, sjakt N. Del I (0-4 m). Med dateringar (ukal. BP). Feltteikning: ABO. Digitalisering: CF.



**Figur 10** Profil A253 mot V, sjakt N. Del II (4-7,5 m). Med dateringar (ukal. BP). Feltteikning: ABO. Digitalisering: CF.

## Profil A253 mot N, sjakt V

Det vart vald ut ein 3 m lang sekvens av profil A253 mot N for dokumentering, og den er gjengitt her (figur 11).



**Figur 11** Profil A253 mot N, sjakt V. Med dateringar (ukal. BP). Felteikning: ABO. Digitalisering: CF.

I profil A253 N i sjakt V kunne det skiljast mellom tolv morfologisk ulike lag. Seks av desse vart tolka som å vere dyrkingspåverka. Stratigrafien ber preg av erosjon øvst i skråninga og akkumulasjon nedst. I nordre del var det òg moderne akkumulasjon. Stratigrafien er oppbroten heller enn sekvensiell; dyrkingslaga er avgrensa av erosjonslag, vekstlag og mogleg påfylling. Lag 1 representerer den sterile undergrunnen. Lag 2 hadde ingen synleg dyrkingspåverknad, og er tolka som eit vekstlag bestående av raudbrun, noko humushaldig sand og grus. Lag 3 bestod av gulaktig gråbrun sand/grus med store trekolbitar, og

representerer truleg fyrste rydning. Lag 4 er derimot tolka som eit reint erosjonslag, bestående av grå sand og grus. Lag 5 låg på om lag same djupn som lag 4 og bestod av gråbrun kompakt humushaldig sand med spreidd trekol. Det representerer dyrkings- og/eller beitepåverka erosjon, og liknar lag 3 i sjakt N. Lag 6 bestod av gulbrun til gråbrun kompakt humushaldig sand, og var ei mogleg åkeravsetning som kan tilsvare lag 4b i sjakt N. Lag 7 bestod av lys gråleg kompakt humushaldig sand/silt og var tolka som eit vekstlag. Lag 8 var skildra som eit mørkebrunt lag av humushaldig, stadvis torvaktig sand, som bar preg av å vere åkeravsetning, medan lag 9 var skildra som grågrøn fin sand og representerer truleg erosjon eller påfylling. Lag 10 bestod av brun humushaldig sand, og likna åkeravsetning. Lag 11 bestod av gulbrun humushaldig sand og representerer eit erosjonspåverka åkersjikt. Lag 12, topplaget, bestod av grastorvfilt over mørk brun nyare tids åkermasse.

## Datering

Det vart teke ut fire kolprøver for radiologisk datering. Av desse vart to sendt til analyse.

Resultata synte at lag 3 kan daterast til overgangen mellom fyrste og andre del av seinneolittisk tid ( $3670 \pm 30$  BP; 2140-1955 f.v.t.; Beta 394234). Laget sin sandige og minerogene karakter med spreidd trekol er òg karakteristisk for den eldste dyrkinga. Lag 8 vart datert til yngre romartid ( $1700 \pm 30$  BP; 255-405 v.t.; Beta 394235).

**Tabell 3 Liste over dateringsresultat frå lok.1**

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-029A	354	253A	3	$3260 \pm 30$	Cal BC 1605 til 1500	Cal BC 1615 til 1455	384128
VP-030	353	253A	5	$1240 \pm 30$	Cal AD 715 til 775	Cal AD 680 til 880	394233
VP-033	358	253A	8	$120 \pm 30$	Cal AD 1685 til 1930	Cal AD 1670 til 1950	384129
VP-035	348	253N	3	$3670 \pm 30$	Cal BC 2130 til 1980	Cal BC 2140 til 1955	394234
VP-038	351	253N	8	$1700 \pm 30$	Cal AD 265 til 390	Cal AD 255 til 405	394235

## Samanfatting av lok.1

Dateringane av profilane A253 i sjakt N og sjakt V på lok.1 vitnar om høvesvis den eldste ryddinga og dyrkinga i periode SN1-SN2 av seinneolittisk tid, dyrking i periode I-II av eldre bronsealder, yngre romartid, overgangen merovingartid-vikingtid, samt nyare tids dyrking. Det er eit 1600 år langt sprik mellom dateringane til eldre bronsealder av lag 3, sjakt N og yngre

romartidsdateringa av lag 8 i sjakt V. Då det er fleire erosjonslag i profilen frå sjakt V, og begge profilane er dokumenterte i ei bratt skråning, verkar det rimeleg å tenke at dei sprikande dateringane kan skuldast vekkerodert eller utrast masse, heller enn lengre periodar med brakklegging.

Den pollenbotaniske analysen (Overland 2016, sjå vedlegg X) syner at lokalitet 1 i første del av SN var prega av oppdyrka areal med omkringliggende lysopen beita blandingsskog av or, alm, hassel og bjørk. Den høge trekolmengda tyder på avsviing i samband med dyrking. Den lysopna blandingsskogen prega også området i eldre bronsealder og romartid. Frå same periodane er det belagt dyrking av bygg. I overgangen mellom merovingertid og vikingtid vert skogvegetasjonen ytterlegare meir open, og området vert truleg meir intensivt dyrka. Det er indikasjonar på at markane vart gjødsla med husdyrgjødsel i denne yngste fasen.


## LOKALITET 2 - Dyrkingsspor

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141067	Bjørset	74	3	765 m <sup>2</sup>	170 m <sup>2</sup>

Lok. 2 ligg 250 m NA for lok.1, i ei tilsvarande brattlendt skråning ned mot vatnet som lok. 1.



**Figur 12** Oversyn over Lok. 2. Sett mot NA. Foto: ABO.



**Figur 13** Oversynskart over lok. 2. Raud strek er den innmålte sjakta, turkis strek syner dei utvalde seksjonane av dyrkingsprofilen. Illustrasjon: CF/ArcMap


Det vart opna ei 66,7 x 2,5 m, SV/NA-orientert sjakt midt i og langs lengderetninga til lokaliteten og tilnærma langs eitt høgdenivå. Ei separat, 6 m lang tverrsjakt langs bakken si fallretning vart opna i NV for midten av hovudsjakta, men då stratigrafien var svært forstyrta, vart denne dekt til att etter kort tid. Den vart ikkje dokumentert ytterlegare, og vert heller ikkje omtala nærare her. Tre utvalde seksjonar med dyrkingshorisontar frå den nordvende profilen vart finreinska tolka og dokumenterte, og vert gjennomgått her, frå vest til aust.<sup>6</sup>

Fylkeskommunen registrerte fleire fasar med førhistoriske dyrkingslag på denne lokaliteten. Av to prøver frå ulike lag vart den eldste, som var tolka som eit avsviingslag, datert til fase II av seinneolitikum, mot overgangen til eldre bronsealder (3560 ± 40 BP; 2020-1860 f.v.t.; Beta 291387). Det øvste førhistoriske dyrkingslaget vart datert til førromersk jernalder (2180 ± 30 BP; 360-170 f.v.t.; Beta 291386).

<sup>6</sup> Ad hoc-himmelretningar for lok.2 avviker om lag 45 grader mot V i høve til reelle himmelretningar.



## Profil A310



**Figur 14** Teikning av profil A310 med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: ABO. Digitalisering: CF. Pollenserien utgår grunna forstyrring.

Ein 1 meter brei seksjon av profilveggen vart vald ut for dokumentasjon i vestdelen av sjakta, og denne er gjengitt her (figur 14). Det vart identifisert åtte morfologisk ulike lag i profilen, nummerert frå botn til topp. Av desse vart fire dyrkingslag skilt ut, eitt av desse representerer moderne dyrking. Eit tjukt raslag skilde mellom sistnemnde og dei førhistoriske åkeravsettingane.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av raudgul sand og grus. Lag 2 er skildra som gulgrå noko humushaldig sand med trekolbitar, som er karakteristisk for tidleg rydding og dyrking. Lag 3 var òg tolka som eit dyrkingslag, beståande av gråsvart humushaldig sand med trekol. Eit erosjonslag av gulgrå sand, lag 4, skilde mellom dyrkingslaga 3 og 5. Sistnemnde bestod av gråsvart humushaldig sand med trekol. Lag 6 låg under det tjukke raslaget og bestod av raudbrun kompakt sand og grus som var rikja opp med jarn. Raslaget, representert ved det 140 cm djupe lag 7, bestod av raudbrun sand og grus med store steinblokker. Det svarar til lag 13 i hovudprofilen (A314). Topplaget lag 8 representerer eit moderne dyrkingslag.

### **Datering**

Tre kolprøver til radiologisk datering vart tekne ut frå profilen, av desse vart éi sendt inn til analyse. Resultatet synte at lag 2 kan daterast til eldre bronsealder periode I-II ( $3240 \pm 30$  BP; 1610-1440 f.v.t.; Beta-384127). Her kan tidleg dyrking ha blitt erodert vekk, noko som verkar rimeleg sidan lokaliteten ligg i ei bratt skråning.

### **Profil A314**

A314 er rekna som hovudseksjonen av dyrkingsprofilen på lok.2. Frå den 10,7 m lange seksjonen som er attgjeve her vart det definert 20 morfologisk ulike lag, som er nummererte frå botn til topp. Tretten av desse vart skilt ut som dyrkingslag, men nokre av dei kan representere redeponering etter ras (figur 15 og 16).

Lag 1, den sterile undergrunnen, bestod av raudgul sand og grus. Lag 2 er skildra som beståande av raudgul til grå, noko humushaldig sand og grus med spreidde kolbitar, som representerer fyrste rydding og kanskje dyrking. Lag 3 hadde òg preg av tidleg ryddingslag og bestod av grå, noko humushaldig sand med ein del store trekolbitar. Lag 4 kan representere den tidlegaste dyrkinga *in situ*, og bestod av mørk grå til brunleg humushaldig sand med trekol. Lag 5, 6, 7, 8 og 9 er alle tolka som dyrkingslag beståande av humushaldig sand med trekol, av høvesvis gråsvart, brungrå, svartgrå, gråbrun og sistnemnde brun til gulbrun farge. Lag 6 og 7 går saman ved 4,5 m.

Desse fem laga var følgd av lag 10, eit ras- eller flomerosjonslag av gulbrun, noko humushaldig sand og grus. Lag 11 og 12 bestod av høvesvis brun og gråsvart humushaldig sand med trekol, og representerer begge kompakte dyrkingslag under ras. Raslaget, lag 13, bestod av gulbrun sand og grus med store steinblokker, tilsvarande lag 7 i profil A310. Eit mogleg vekstlag følgde, lag 14, beståande av brun kompakt filtaktig sand med noko trekol.

Lag 15 bestod av brungrå humushaldig sand med noko trekol, og likna eit dyrkingslag. Lag 16 hadde eit tilsvarande innhald, men med mørk brun farge. Lag 17 var tolka som ein mogleg dyrkingsrest beståande av brunsvart kompakt humushaldig sand med trekol. Det glei over i lag 18, som bestod av gulbrun, noko humushaldig sand/grus. Lag 19 bestod av gråbrun humushaldig sand med noko trekol, og bar preg av forstyrring og redeponi. Lag 20, topplaget, bestod av mørk brun humushaldig sand samansett med gruslommar. Det representerer moderne dyrking med påfylling.

### **Datering**

Frå A314 vart det teke ut atten kolprøver til radiologisk datering. Av desse vart seksten prøver sendt til analyse. Lag 5, 6, 9 og 11 frå denne profilen var, i følgje artsfastsetjinga, alle daterte på bøk. Lag 18 vart datert på både bøk og bjørk med sprikande resultat (jf. vedlegg VI; VP5, 6, 9, 10 og 16). Av dei 183 innsende kolprøvene frå heile prosjektet, var det kun frå desse fem prøvene det vart bestemd bøk. Det vart ikkje identifisert andre treslag i fastsetjinga av desse. Bøk er i tillegg kjend for å vere eit ungt treslag i Noreg, eitt av dei som vandra inn sist, saman med gran (NAL 2004:419a). Dei fem prøvene vart daterte til høvesvis seinneolitikum-eldre bronsealder, yngre bronsealder og førromersk jernalder, og det verkar såleis mest sannsynleg at det har skjedd ein glipp i artsfastsetjinga. Vi sende difor restmateriale frå dei to prøvene som vi hadde materiale att frå til ei ny treartsfastsetjing (Jf. rapport frå Helge Høeg, vedlegg VIIb). Desse vart då bestemt til i hovudsak bjørk. I den vidare kommunikasjonen med Lisabet Gudmundsdottir bad vi henne òg å vurdere restmaterialet. Dette vart då bestemt til i hovudsak or (jf. vedlegg VIIa). På bakgrunn av dette er det sannsynleg at den fyrste identifiseringa til bøk ikkje er korrekt, og at det mest truleg er datert på anten or eller bjørk.

Resultata synte at ei prøve teken ut frå under lag 2 kan daterast til seinneolitikum fase 1 (3660 ± 30 BP; 2135-1945 f.v.t.; Beta 380913). Uttak frå nedst i laget kunne daterast noko eldre, òg til SN1 (3700 ± 30 BP; 2195-1980 f.v.t.; Beta 380914). Eit tredje uttak, òg frå midten av

laget, gav resultatet overgangen SNI-SNII ( $3610 \pm 30$  BP; 2030-1890 f.v.t.; Beta 394236). Det er altså samanfallande botndateringar med profil A253 i sjakt V på lok 1, og dermed for Bjørsetområdet.


Lag 3 og 4 kan begge daterast til seinneolitikum fase I (høvesvis  $3650 \pm 30$  BP; 2130-1940 f.v.t.; Beta 394237, og  $3670 \pm 30$  BP; 2140-1955 f.v.t.; Beta 394238). Dette tyder på kort avstand i tid mellom tidleg rydning og tidleg akkumulasjon av det som liknar dyrking.


Lag 5 og 6 kan begge daterast til seinneolitikum fase II-eldre bronsealder periode I (høvesvis  $3410 \pm 30$  BP; 1765-1630 f.v.t.; Beta 394239, og  $3440 \pm 30$  BP; 1875-1665 f.v.t.; Beta 394240). Lag 9 kan daterast til yngre bronsealder periode IV ( $2810 \pm 30$  BP; 1020-900 f.v.t.; Beta 394241). Prøva frå lag 11 fekk resultatet yngre bronsealder periode V og VI til førromersk jernalder ( $2470 \pm 30$  BP; 770-415 f.v.t.; Beta 394242). Lag 12 kan daterast til kort etter, òg førromersk jernalder ( $2200 \pm 30$  BP; 370-180 f.v.t.; Beta 384125). Både lag 11 og 12 låg kompakte under ras.

Lag 14 fekk datering til yngre romartid ( $1740 \pm 30$  BP; 235-385 v.t.; Beta 384126), medan det påfølgjande lag 15 vart datert til 1200-1700 år seinare, altså nyare tid ( $130 \pm 30$  BP; 1670-post 1950 v.t.; Beta 394243). Lag 16 kan derimot daterast til merovingartid og litt inn i vikingtid ( $1250 \pm 30$  BP; 675-870 v.t.; Beta 394244). Her kan det tenkast at gammal åkerjord har vorte frakta frå ein annan stad og så redeponert over raslaget.

Lag 18 fekk sprikande dateringar til periode IV av yngre bronsealder ( $2810 \pm 30$  BP; 1020-900 f.v.t.; Beta 394245) og førromersk jernalder ( $2250 \pm 30$  BP; 395-205 f.v.t.; Beta 394246). Frå dette laget vart det sendt inn prøver som var bestemte som to ulike vedartar (VP-16a-b), jf. merknad øvst i dette delkapittelet. YBA-dateringane kjem frå bjørk, og må reknast som den mest pålitelege.


Lag 19 kan daterast til yngre bronsealder periode V og VI, og førromersk jernalder ( $2480 \pm 30$  BP; 770-435 f.v.t.; Beta 394247).





**Figur 16** Teikning av profil A314 del 2 av 2, 6-10 m, med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: ABO. Digitalisering: CF. Pollenseriane utgår grunna forstyring.

## Profil A318



**Figur 17** Teikning av profil A318, med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: ABO. Digitalisering: CF. Pollenserien utgår grunna forstyrring.

Ein rett i overkant av 3 m brei seksjon av profilen vart vald ut for dokumentasjon, og det er denne som vert attgjeve her. Det vart definert 15 stratigrafiske lag i denne profilen, nummererte frå botn til topp (figur 17). Sju av desse kunne skiljast ut som dyrkingslag, inkludert topplaget som representerer nyare tids dyrking.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av raudgul sand, grus og stein. Lag 2 vart tolka som eit tidleg vekstlag av tilsynelatande noko humushaldig raudleg brun sand og grus.

Deretter følgde det to erosjons- eller utvaskingslag, lag 3 av lys grå sand og lag 4 av gulgrøn

sand med ein del stein. Lag 5 var tolka som rest etter eit tidleg rydningslag bestående av grå, noko humushaldig sand med spreidde trekolbitar. I profilen framstod det som ei om lag 80 cm brei lomme mellom erosjonslaga 3, 4 og 7. Det liknar lag 3 i hovudprofil A314.

Lag 6 representerer truleg tidleg dyrking og bestod av mørk grå til brunleg humushaldig sand med trekol. Det svarar truleg til lag 4 i A314. Eit nytt erosjonslag er representert ved lag 7, bestående av gulraud til gulbrun sand. Dette var følgd av eit nytt rydningsliknande lag, 8, som bestod av gulbrun, noko humushaldig sand med trekol.

Lag 9 bestod av gråsvart humushaldig sand med trekol, og er truleg eit dyrkingslag. Det kan tilsvare lag 5 i A314. Lag 10, 11 og 12 hadde tilsvarande samansetningar, men var høvesvis meir brungrå, svartgrå og mørkebrun. Mellom lag 11 og 12 og oppover var det blanda massar med vage fargenyansar, truleg representativ for ei redeponering. Lag 10 og 11 likna høvesvis lag 6 og 7 i A314, medan lag 12 verkar å svare til lag 15 i denne profilen. Lag 13 hadde preg av dyrkingslag med brun humushaldig sand med noko trekol. Dette likna lag 17 i hovudprofilen. Lag 14 var ei stor lomme bestående av gul sand, grus og stein, som representerer ras, erosjon eller påfylling. Topplaget lag 15 bestod av mørk brun humushaldig sand samansett med gruslommer, og representerer moderne dyrking med påfyllingar.

## Datering

Åtte kolprøver til radiologisk datering vart tekne ut. Av desse vart to sendt til analyse. Resultata synte at lag 11 kunne daterast til yngre bronsealder periode V og VI, og inn i førromersk jernalder ( $2470 \pm 30$  BP; 770-415 f.v.t.; Beta 394248). Dateringa er identisk med lag 11 i hovudprofil A314. Lag 12 vart datert til nyare tid ( $90 \pm 30$  BP; 1685-Post 1950 v.t.; Beta 394249), og kan representere redeponering.

**Tabell 4** Dateringsresultat frå lok. 2

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-026	1215	310	2	$3240 \pm 30$	Cal BC 1530 til 1460	Cal BC 1610 til 1440	384127
VP-001/2A	338	314	2 (under)	$3660 \pm 30$	Cal BC 2120 til 1980	Cal BC 2135 til 1945	380913
VP-002B	337	314	2 (nede)	$3700 \pm 30$	Cal BC 2140 til 2030	Cal BC 2195 til 1980	380914
VP-002C	333	314	2 (midt)	$3610 \pm 30$	Cal BC 2020 til 1930	Cal BC 2030 til 1890	394236
VP-003	347	314	3	$3650 \pm 30$	Cal BC 2115 til 1975	Cal BC 2130 til 1940	394237
VP-004	334	314	4	$3670 \pm 30$	Cal BC 2130 til 1980	Cal BC 2140 til 1955	394238
VP-005	335	314	5	$3410 \pm 30$	Cal BC 1745 til 1665	Cal BC 1765 til 1630	394239



VP-006	332	314	6	3440 ± 30	Cal BC 1765 til 1690	Cal BC 1875 til 1665	394240
VP-009	330	314	9	2810 ± 30	Cal BC 1005 til 920	Cal BC 1020 til 900	394241
VP-010	329	314	11	2470 ± 30	Cal BC 755 til 520	Cal BC 770 til 415	394242
VP-011	331	314	12	2200 ± 30	Cal BC 355 til 200	Cal BC 370 til 180	384125
VP-012	341	314	14	1740 ± 30	Cal AD 250 til 340	Cal AD 235 til 385	384126
VP-013	346	314	15	130 ± 30	Cal AD 1680 til Post 1950	Cal AD 1670 til Post 1950	394243
VP-014	342	314	16	1250 ± 30	Cal AD 690 til 775	Cal AD 675 til 870	394244
VP-016A	344	314	18	2810 ± 30	Cal BC 1005 til 920	Cal BC 1020 til 900	394245
VP-016B	344	314	18	2250 ± 30	Cal BC 380 til 230	Cal BC 395 til 205	394246
VP-017	345	314	19	2480 ± 30	Cal BC 760 til 540	Cal BC 770 til 435	394247
VP-023	322	318	11	2470 ± 30	Cal BC 755 til 520	Cal BC 770 til 415	394248
VP-024	327	318	12	90 ± 30	Cal AD 1695 til 1950	Cal AD 1985 til 1950	394249

## Samanfatting av lok.2

Dateringane frå dei utvalde profilsjesjonane på lok.2 vitnar om at området har blitt rydda i periode I av seinneolittisk tid, og at den fyrste dyrkinga har starta kort etter og halde fram inn i eldre bronsealder. Samla syner dateringane vidare at lok. 2 har godt bevart tidleg aktivitet, men lite frå jernalder. Eit ras som har gått tidlegast i overgangen yngre bronsealder-førromersk jernalder, men truleg seinare, har skrapa med seg ein del akkumulerte åkermassar.

Frå lokalitet 2 er VP74 og 75 i profil A314 (jf. fig. 15) analysert av botanikar (Overland 2016, sjå vedlegg X). Som i lokalitet 1 er det mengda trekol i lag frå SN høg, noko som tyder på avsviing for oppdyrking her. Området har vore prega av lysopen blandingskog, og her har truleg vore beita og dyrka korn. Det er påvist pollenkorn av bygg, og møkkindikeande soppsporar (husdyrgjødsel). Området vert litt meir ope i eldre bronsealder, og her vert dyrka bygg. Ei ytterlegare opning skjer i i yngre bronsealder, og truleg vert området meir intensivt beita og dyrka fram mot førromersk jernalder.

## Samanfatting av Bjørset

Dei eldste dateringane frå dyrkingprofilane i det bratte Bjørsetområdet er samanfallande til SN I, med eldste moglege dokumenterte rydning 2195 f.v.t. Undersøkinga har vidare påvist dyrking i området gjennom seinneolittisk tid og periode I-II av eldre bronsealder, og i yngre bronsealder og inn i førromersk jernalder. Frå jernalder er det elles lite dokumentert, men

prøver, nokre av dei frå omrota kontekstar, har kunne daterast til høvesvis yngre romartid, og overgangen merovingartid-vikingtid. På lok.1 er det ingen dateringar mellom eldre bronsealder og yngre romartid. Ein gong i løpet av jernalder har det gått eit ras som har skrapa med seg ein del akkumulert åkermasse på lok.2. Det blei òg påvist fleire ras- og erosjonslag på lok.1. Liknande prosessar kan også ha funne stad her, og er ei mogleg forklaring på det lange opphaldet utan dateringar.

**Ytre og Indre Årdal, gnr. 3 og 4 (Lokalitet 4, 5, 6, 7, 25, 26, 8, 9, 10 og 11)**



**Figur 18** Oversynsbilde Årdal. Sett mot NV. Foto: TEL. Endringer: AKD.



**Figur 19** Oversynskart Årdal. Kart: Askeladden. Endringer: AKD.

Årdal ligg om lag tre km NA for lokalitetane på Bjørset, og åtte km VSV for Skei. Frå planområdet som femner den relativt flate til svakt skrånande slåttemarka frå vatnet held det fram ein svakt S-forma sør/nord-orientert dal, om lag seks km lang, jamt stigande frå i overkant av 200 moh til nesten 700 moh inst. Dagens busetnad finst hovudsakleg i området mellom 50-200 m frå vasskanten på ei høgd over elveflata, og spreidd innover i dalen. Som på lokalitetane på Bjørset var det altså i sona mellom vatnet og busetnaden undersøkingane fann stad. Lokalitetane tilhøyrande Ytre Årdal ligg på sørvestsida av Årdalselva, medan lokalitetane tilhøyrande Indre Årdal ligg nordaust for elva. Lokalitet 4 og 11 vart avskrivne ved undersøking, og er berre kort omtale i eige kapittel på slutten av resultatdelen.

## LOKALITET 5 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141069	Årdal Ytre	3	2	1900 m <sup>2</sup>	627 m <sup>2</sup>



**Figur 20** Oversyn over lokalitet 5 under avdekking. Sett mot SV. Foto: CFK. Avbildat: CEM.

Lok.5 ligg om lag 100 m NA for og på den same slåttemarka som lok.4, rett ved E39 og om lag 15 m NV for vasskanten. Terrenget hallar moderat mot vatnet i SA. Frå fylkeskommunen sine registreringar av lokaliteten var det kjend ei grop datert til seinmellomalder-nyare tid ( $400 \pm 40$  BP; 1430-1630 v.t.; Beta 291357), ei udatert kokegrop, og eit fossilt dyrkingslag datert til førromersk jernalder ( $2200 \pm 30$  BP; 380-180 f.v.t; Beta 342956).

Det vart opna eitt felt på lokaliteten; ei flate på 30 x 14,5 m med om lag 25 m lange sjakter i begge endar. Matjorda var av varierende djupn, jamt over 60 cm ned til steril undergrunn. Undergrunnen framstod som blanda, og bestod av gyldenbrun sand og grus med stein, nokre stader forstyrre av veiter og vassavsetningar. Etter avdekking og påfølgjande finreinsking, vart det målt inn tolv moglege strukturar. Nærare gransking ved finreinsking og snitting synte likevel at alle desse, så nær som to, høvesvis representerte restar etter dyrkingslag, tilfeldige steinkonsentrasjonar, steinopptrekk, spor etter moderne åkerrydding ved sprenging av stein og vassavsetning. Desse vart ikkje dokumenterte ytterlegare. I tillegg til to strukturar vart det påvist fossile dyrkingslag, som vart dokumenterte i profil. I samband med sistnemnde vart det

oppretta eit *ad hoc*-nord som representerte det som i røynda var NV. Ved omtale av strukturane vert derimot det reelle nord nytta.




**Figur 21** Oversynskart over lok. 5. Illustrasjon: CF/ArcMap

**Tabell 1** Liste over strukturar på lok. 5

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengde cm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
496	Grop	oval	46	66	45	11	rund	rund
1985	Kokegrop	rund	88	112	90	10	ujevn	rund


## Kokegrop A1985



**Figur 22** Fotografi og teikning av A1985 i profil. Feltteikning og digitalisering: AKD.

Strukturen var lokalisert i nordaustlege del av feltet, nær dyrkingsprofilen. Den var 90 cm i diameter og 10 cm djup. Den låg under om lag 50 cm med matjord, på eit platå av lys gråbrun grusblanda sand med kolbitar. I flata var den rund, med ei noko uklar avgrensing, med kolbitar og skjørbrend stein. Det var kolbitar i laget rundt. Etter snitting syntte kantane seg å vere ujamne, men det var ei tydeleg kolrand i botnen. Både strukturen og laget den låg i verka noko forstyrra, kanskje etter dyrkingsaktivitet. Den karakteristiske kolranda og skjørbrend stein gjer den likefullt til ei sannsynleg kokegrop.

## Grop A496



**Figur 23** Fotografi og teikning av A496 i profil. Feltteikning og digitalisering: AKD.

Gropa målte 66 x 46 cm i flata og var avrunda, ujamt rektangulær i form. Den bestod av mørk gråbrun silt/sand med kolbitar. Den vart snitta langs kortsida, og syntte seg å vere 11 cm djup og ha ei asymmetrisk avrunda form. Gropa låg ved ei veite, og det kan dreie seg om eit steinopptrekk relatert til denne. Utanom A1985 som ligg i motsett ende av feltet, står denne

gropa åleine og med uviss funksjon. Den verkar utifrå dette noko usikker som struktur. Det vart ikkje prioritert å sende inn dateringsprøve frå gropa.

## Datering

Det vart teke ut éi kolprøve frå kvar av strukturane, men berre den eine, frå A1985, vart sendt inn til analyse. Resultatet synte at den kunne daterast til romersk jernalder ( $1800 \pm 30$  BP; 130-325 v.t.; Beta 394250). Dette er om lag same periode som kokegropene på lok.7, dryge 200 m unna.

**Tabell 2** Dateringsresultat strukturar på lok. 5

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-216	1997	1985	$1800 \pm 30$	Cal AD 180 til 250	Cal AD 130 til 325	394250


## Profil A26856

Profil A26856 er lokalisert i nordaustlege del av feltet, og dokumentert mot N, i slåttemarka si stigande retning. Den utvalde seksjonen som vert gjengitt her, var 3 meter lang og frå 78 til 100 cm djup. Det vart definert sju morfologisk ulike lag som vart nummererte frå botn til topp. Utanom topplaget representerer to av desse dyrking.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen som bestod av oransje/gul sand med noko grus. Lag 2 er skildra som ei veiteaktig nedgraving med mykje stein rundt, som bestod av brun sand med grus og mykje kol. Lag 3 bestod av vekselvis gul, oransje og brun sand med grus og trekol. Utanom trekolet var laget undergrunnsliknande. Lag 4 er representert i profilen som ei lomme mellom steinar, låg på same djupn, og var beståande av brun sand med noko grus og spor etter trekol. Lag 5 var eit tynt lag beståande av gråbrun siltig sand med noko grus, småstein og trekol. Det såg ut til å innehalde ein del organisk materiale, og var vasspåverka. Lag 6 bestod av mørk brun humushaldig sand med ein del grus, småstein og noko trekol. Heile laget verka omrota og det fanst klumpar av gras gjennom alle delar av det. To stader i laget vart det òg funne moderne glas, og det bar preg av å vere eit forstyrra dyrkingslag.



Lag 7 topplaget, som vart tolka som moderne matjord, bestod av grå sand med ein del grus og småstein. Eit ganske tynt filtlag, karakteristisk for beiteaktivitet, fanst mot toppen.



**Figur 24:** Profil A26856 med lagskildringar, dateringar (ukal. BP) og markering for uttak av makro- og pollenprøver (Feltteikning: OMK. Digitalisering: CF)

## Dateringar

Fire prøver frå ulike lag vart tekne ut for radiologisk datering. To av desse, frå lag 5 og 6, vart sende til analyse. Resultata synte at begge laga kunne daterast til førromersk jernalder (2220 ± 30 BP; 380-220 f.v.t.; Beta 394251 og 394252).

**Tabell 7** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 5

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-393	26861	26856	5	2220 ± 30	Cal BC 360 til 205	Cal BC 380 til 200	394251
VP-394	26862	26856	6	2220 ± 30	Cal BC 360 til 205	Cal BC 380 til 200	394252

## **Samanfatting av lok. 5**

Dei to dateringsresultata frå lokaliteten kan vitne om to bruksfasar, åkerbruk i førromersk jernalder og aktivitet i romersk jernalder, representert ved ei einsleg kokegrop. Denne er samtidig med aktivitet på lo. 6, 7, 8 og 25,

Sidan lag 6 framstod som såpass omrota i dyrkingsprofilen, er det vanskeleg å vite kor påliteleg datering av dette er. Berre lag frå førromersk jernalder er pollenbotanisk undersøkt (Overland 2016, sjå vedlegg X). Analysen tyder på at området på det tidspunktet var sterkt prega av dyrkingsaktivitet og beite.

## LOKALITET 6 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141070	Årdal Ytre	3	5	1950 m <sup>2</sup>	650 m <sup>2</sup>

Lok. 6 ligg om lag 35 m NA for lokalitet 5, og på same slåttemarka som lok.4 og 5, rett ved E39 og under 15 m frå vasskanten. Frå fylkeskommunen sine registreringar var det kjend fossile dyrkingsslag daterte til merovingartid-vikingtid ( $1210 \pm 40$  BP; 690-900 v.t.; Beta 291356), og vikingtid-tidleg mellomalder ( $1090 \pm 30$  BP; 890-1020 v.t.; Beta 342954), ein steinpakning, ei grøft og spor av ard.




**Figur 25** Lok. 6 før avdekking, med lok. 5 i bakgrunnen t.h.. Sett mot SV. Foto: CFK. Avbilda: CEM.

Det vart opna eit felt på 27 x 21 meter, med ei 22 x 3 m stor sjakt i sørvestlege hjørne. Overdekninga ned til undergrunnen var om lag 100 cm tjukk, og undergrunnen bestod av gyldenbrun sand og grus med stein, nokre stader forstyrre av veiter og vassavsetningar. Etter avdekking og oppreinsking med krafse vart det målt inn 30 strukturkandidatar i flata. Over halvparten vart avskrivne ved nærare finreinsking. 13 strukturar vart snitta, og nesten halvparten av desse viste seg å vere restar etter dyrkingsslag, veiter, og/eller naturlege steinkonsentrasjonar. Desse vart ikkje dokumentert ytterlegare. To av dei som stod att vart

dokumenterte, men endra seg mykje ved finreinsking og mangla nokon klar form i profil. Dei såg ut til å vere lagrestar mellom steinar, moglegvis restar etter dreneringstiltak, og vert heller ikkje omtala nærare her. Det vart vald ut tre profilveggar for nærare finreinsking og tolking av fossile dyrkingslag. Alle tre vart teikna, men det vart berre teke ut dateringsprøvar frå éin, den nordvende A1218. Dei to andre, A1231 mot S og A1233 mot A, vert ikkje nærare omtala her.

Av dei fem strukturane på lokaliteten var det éin eldstad eller kokegroprest og tre groper av uviss funksjon, samt éi nedgraving. Dei fire fyrstnemnde vert gjengitt nedanfor.




**Figur 26** Oversynskart over lok. 6. Illustrasjon: AKD/ArcMap

## Kokegroper og groper

Tabell 8 Liste over strukturar på lok. 6, sortert etter type.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengde cm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
630	Grop	oval	94	114	95	15	ujevvn	rund
727	Grop	oval	46	65	7		ujevvn	skrå
773	Grop	uformet	180	110	95	22	skrå	rund
762	Ildsted	rund	75	70	100	8	flat	skrå
1282	Nedgravning	rund	80	85	90	15	ujevvn	rund


## Eldstad/kokegroprest A762



Figur 27 Fotografi og teikning av A762 i profil.  
Feltteikning og digitalisering: AKD.


Eldstaden var lokalisert i vestlege midtdel av feltet, nær dyrkingsprofil A1218. Den var rund og målte 70 x 75 cm i flata, og synte seg etter snitting å vere 11 cm djup med ein temmeleg flat, men svakt konveks form. Den låg under om lag 100 cm med matjord, i steril undergrunn.

## Grop A773



**Figur 28** Fotografi og teikning av A773 i profil. Feltteikning og digitalisering: AKD

Gropa låg i den vestlege midtdelen av feltet, rett NA for eldstad/kokegroprest A762. I flata hadde gropa ei ujamn oval form og målte 180 x 110 cm. Etter snitting langs kortsida viste den seg å vere asymmetrisk avrunda i profil, og 22 cm djup. Den endra form ein del under oppreinsking i flata. Gropa er av ein uviss funksjon og er ikkje datert.




**Figur 29** Fotografi av A727 i plan (øvt) og i profil med lag 5 i profilvegg A1218 bak.

## Grop A727

Gropa låg delvis under profilveggen A1218, så den er av uviss form i flata, men utifrå dei kjende tilhøva kan den ha vore ujamn rund. I profil ser den ut til å vere del av same nedgraving som avgrensar lag 5a, 5b og 5c i profilveggen bak, så dette må truleg vere ein botnrest av gropa. Denne botnresten målte 65 cm i eine retninga, og 46 cm inn mot veggen i den andre retninga. I profil var den 7 cm djup nedanfor profilveggen, men 32 cm inkl. lag 5a-c i A1218. Gropa er av ein uviss funksjon.

## Grop A630



**Figur 30** Fotografi og teikning av A630 i profil.  
Feltteikning og digitalisering: AKD

Gropa låg i den sørvestlege halvdel av feltet, på motsett side av ei dreneringsgrøft i høve til dei andre strukturane på lokaliteten. I flata hadde den ei ujamnt oval form og målte 114 x 94 cm. Etter snitting viste den seg å vere 15 cm djup, med ei asymmetrisk og litt kantete form. Lag 1 og 2 i profil framstod som vasspåverka. Gropa er av ein uviss funksjon og alder.

## Datering

Frå strukturane vart det teke ut fem prøvar for radiologisk datering. Éi av desse, frå kokegroprest A762, vart sendt til analyse.

Resultatet synte at A762 kunne daterast til romersk jernalder ( $1890 \pm 30$  BP; 60-215 v.t.; Beta 394256). Dermed fell den innanfor same tidsrom som tilsvarande aktivitetsspor på lok.5, 6, 7 og 8.

**Tabell 9** Dateringsresultat frå struktur på lok.6

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-209	1942	762	$1890 \pm 30$	Cal AD 75 til 130	Cal AD 60 til 215	394256

### Profil A1218

Ein åtte m lang seksjon av profilen vart vald ut for dokumentasjon, og denne er attgjeve her (figur 31 og 32). Det vart definert ti morfologisk ulike lag i profilen, som er nummererte frå botn til topp. Utanom topplaget representerer minst seks av desse dyrkingsaktivitet.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen bestående av gul sand med stein. Lag 2 er skildra som guloransje sand med store kolbitar. Dette laget skriv seg nok òg frå aktivitetar i dyrkingslaget over, lag 3, som bestod av lys til gråbrun, noko humushaldig sand med trekol. Lag 4 bestod av lys brun humushaldig sand med mykje trekol, samansett med gule, brune og lysegrå linser. Det er eit brot i profilen mellom lag 3 og 4. Det kan skuldast at intensiv dyrkingsaktivitet *in situ* har omrota delar av akkumulert masse.

Lag 5 bestod av brunsvart humushaldig sand med mykje trekol, og representerer eit dyrkingslag. Det vart definert ytterlegare tre ulike lag innan denne stratigrafiske eininga. Lag 5a bestod av brun humushaldig sand med trekol, lag 5b bestod av svart humushaldig sand med svært mykje trekol, og lag 5c bestod av gulbrun humushaldig sand med trekol. Desse tre var avgrensa i breidda til mellom 20 og 65 cm.

Lag 6 var ei grunn lomme av gråbrun humushaldig sand med trekol, lokalt innskore aust i profilen. Lag 7 var derimot ei mektig åkeravsetning. Laget inneheldt eit brot, og vart difor delt i to underordna lag som fekk nemningane 7a og 7. 7a bestod av brun humushaldig sand med grus og spreidd trekol. Lag 7 likna på 7a, men inneheldt òg ein del stein. Lag 8 bestod av gulbrun humushaldig sand med stein og grus. Lag 9 representerer truleg sein dyrking, og



bestod av gråbrun humushaldig sand, følgd av lag 10, mørk brun torv/filt som representerer moderne overflatedyrking som slått og/eller beite. Dei to sistnemnde vart ikkje skilde åt på teikninga.


### **Datering**

Det vart teke ut åtte kolprøver til radiologisk datering frå ulike lag. Av desse vart fem sende til analyse. Resultata synte at lag 2 og 3 kunne daterast til førromersk jernalder ( $2150 \pm 30$  BP; 350-105 f.v.t.; Beta 384138, og  $2260 \pm 30$  BP; 395-210 f.v.t.; Beta 394253). Prøven frå lag 4 vitna derimot om betrakteleg seinare aktivitet, denne gav resultat til yngre romartid-folkevandringstid ( $1600 \pm 30$  BP; 395-540 v.t.; Beta 394254). Dette styrkar mistanken om at intensiv dyrkingsaktivitet har rota om delar av den akkumulerte massen.

Lag 7a vart òg datert til yngre romartid-folkevandringstid ( $1650 \pm 30$  BP; 340-425 v.t.; Beta 394255). Lag 7(b) fekk derimot ei mykje seinare datering, til tidleg- og høgmellomalder ( $930 \pm 30$  BP; 1025-1165 v.t.; Beta-384139). Mellomalderlag er ofte representerte med mektige avsetningar, slik dette laget framstod.

A1218, dyrkningsprofil mot N  
Lokalitet 6  
180614 ABO


0m 0,5m 1m



- |   |   |
|---|---|
| ① Steril undergrunn.                        | ⑤c Gulbrun humushaldig sand med trekol.             |
| ② Guloransje sand med trekol.               | ⑥ Gråbrun humushaldig sand med trekol.              |
| ③ Lys gråbrun humushaldig sand med trekol.  | ⑦ Brun humushaldig grusig sand med trekol og stein. |
| ④ Lys brun humushaldig sand med trekol.     | ⑦a Som 7 men steinfritt.                            |
| ⑤ Brunsvart humushaldig sand med trekol.    | ⑧ Gulbrun humushaldig grusig sand. Stein.           |
| ⑤a Brun humushaldig sand med trekol.        | ⑨ Gråbrun humushaldig sand.                         |
| ⑤b Svart humushaldig sand med mykje trekol. | ⑩ Mørkbrun torv.                                    |

N

**Figur 31** Teikning av profil A1218 del 1 av 2 (ca.1-3,5). med lagskildring. For dateringar sjå neste figur. Feltteikning: ABO. Digitalisering: CF.



**Figur 32** Teikning av profil A1218 del 2 av 2 (3,5-8 m) med datering (ukal. BP). For lagskildring sjå førre figur. Felteikning: ABO. Digitalisering: CF.

**Tabell 10** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok.6

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-144	1220	1218	2	2150 ± 30	Cal BC 340 til 170	Cal BC 350 til 105	384138
VP-145	1221	1218	3	2260 ± 30	Cal BC 385 til 255	Cal BC 395 til 210	394253
VP-146	1222	1218	4	1600 ± 30	Cal AD 415 til 535	Cal AD 395 til 540	394254
VP-149	1225	1218	7	1650 ± 30	Cal AD 385 til 420	Cal AD 340 til 425	394255
VP-150	1226	1218	7 (b)	930 ± 30	Cal AD 1035 til 1155	Cal AD 1025 til 1165	384139

## Gjenstandsfunn

Det vart funne to gjenstandar på lokaliteten, eit mogleg bipolar kjernefragment i flint (F1228), og ei bryne med rektangulært tverrsnitt (F200027). Fyrstnemnde var eit lausfunn frå matjorda, medan bryna vart funne i dyrkingsprofilen, i lag 9. Dette laget vart ikkje datert, men i felt tolka som å representere nyare tids dyrking.

Funna er katalogisert i Universitetenes Samlingsdatabaser (musit), søkbare under B17364.

## Samanfatting av lok. 6

Den eldste dokumenterte dyrkingsaktiviteten på lokaliteten skriv seg frå førromersk jernalder, noko som samsvarar med dateringane frå lok.5. Sjølv om den neste dateringa ikkje er eldre enn overgangen yngre romartid-folkevandringstid, er det rimeleg å tru at det har vore kontinuerleg dyrking gjennom romersk jernalder, men at intensiv dyrkingsaktivitet in situ har fjerna spor. Brotet mellom den yngste jernalderdateringa og dateringa frå mellomalder kan moglegvis forklarast på same måte.

Den pollenbotaniske analysen (Overland 2016, sjå vedlegg X) syner dyrkingsaktivitet og beitebruk i førromersk jernalder. I nærleiken var det lysopen ore- og bjørkeskog. Ved overgangen til romersk jernalder vart området heilt ope, og både dyrking, beitebruk og slått kan ha gått føre seg. Frå romertid er det funne makrofossilar av bygg. Dyrkingsaktiviteten ser ut til å toppe seg i mellomalderen; då er det påvist særst høge verdiar av byggpollen.

Den daterte kokegropsresten føyer seg inn i same periode som tilsvarende aktivitetsspor frå dei nærliggande lok.5 og 7, samt lok.8 og 25.


## LOKALITET 7 – Kokegropfelt, aktivitetsområde og dyrkingsspor

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141071	Årdal Ytre	3	2	540 m <sup>2</sup>	336 m <sup>2</sup>

Årdalselva sitt toarma utlaup aust for E39 deler eit halvmåneforma nes, som i dag består av slåttemark, i to. Lok. 7 ligg 7 m N for vasskanten der dette neset dannar ei bukt mot SV. Dette er i overkant av 80 m NA for lokalitet 6, rett på austsida av E39. Feltet vart opna mellom og parallelt langs vegen og driftsbygningane på ein pelsgard. Frå registreringa var det kjend åtte kokegroper, den eine datert til romersk jernalder (1780 ± 30 BP; 140-330 v.t.; Beta 291355).



**Figur 33** Oversyn over Lok. 7 under utgraving. Sett mot N. Foto: TEL.



**Figur 34** Oversynskart over lok.7. Illustrasjon: AKD/ArcMap

Det vart opna eitt felt på lokaliteten, frå SV. Det målte 29,5 x 12,5 m. Sørøstlege tredjedel var vasspåverka og forstyrra av moderne drenering og nedgravingar, og hjørnet i SA vart fylt med vatn etter avdekking. I følgje tidlegare grunneigar gjekk Jølstravatnet opp hit før bygginga av pelsgarden. I profilveggen til sørlege kortside av feltet vart det påvist fossile dyrkingslag, så ein seksjon av denne, A1718, vart finreinska, tolka og datert. Denne vert attgjeve her. Frå ein annan profilvegg, sørøstvend mot driftsbygningane, vart det òg skilt ut ein dyrkningsprofil som vart dokumentert og teke ut prøvar frå, men profilen bar preg av å vere forstyrra, så desse vart ikkje prioritert å sende inn til analyse. Den vert ikkje omtala nærare. Nokre stader var det nedgravingar med moderne avfall, der let vi vere å grave ned til undergrunnen. Kokegropene dukka opp i undergrunnen seks meter frå sørlege profilvegg, og heldt fram 15 m, litt forbi nordlege avgrensing av lokaliteten, der det var moderne

forstyrningar. Halve kokegroper som delvis forsvann under E39, synte at kokegropfeltet har gått lenger mot NV enn det som vart dokumentert ved undersøkinga. Det er også mogleg at feltet har halde fram mot aust, under der som i dag er pelsdsyrfarm. I SSA var gropfeltet avgrensa diagonalt i høve til feltets langsider, parallelt med vassavsetningane.

Etter avdekking vart feltet finreinska med krafse og graveskei og deretter vart strukturane målt inn digitalt med totalstasjon. Ved oppreinsking rundt det som likna ei avlang grøft, dukka det opp åtte små stolpehol som låg parvis jamt fordelt på kvar side av den grøfteliknande strukturen. Nokre låg 10-15 cm lengre nede i undergrunnen enn der grøfta var synleg. Det vart reinska hardt der ein kunne venta at det skulle dukke opp fleire, men utan resultat. Det var svært varmt og tørt medan finreinskinga og fyrste dokumentasjonen i flata føregjekk. Den grove sand- og grusundergrunnen tørka opp, noko som gjorde det vanskeleg å reinske godt nok utan å risikere å skade strukturane. Vi spraya med vatn i forkant av fotodokumentasjon for å gjere farge- og konsistensnyansane synlegare, men verknaden var svært kortvarig. Det vart målt inn 56 strukturar på lokaliteten, av desse var det 36 kokegroper, ti stolpehol/stolpeliknande strukturar, ei grøft og fire groper, samt éin kolflekk og éi nedgraving. Tre strukturar vart avskrivne ved nærare gransking. Av kokegropene vart litt over halvparten (19) undersøkt. Av dei andre strukturane vart alle utanom to undersøkt. Eit utval vert gjengitt i det følgjande.

### ***Grøft og stolpehol***

Ei grøft gjekk langs yttergrensa til kokegropfeltet, og det var åtte stolpehol fordelt halvt om halvt på begge sider av denne, og slik at dei likna spor etter to konstruksjonar som kvar var bore av fire stolpehol (figur 35). Desse stolpehola var imidlertid ulikarta i profil, nokre av dei var svært tydelege medan andre var grunne og med uklar avgrensing. Utanom eitt fekk dei andre dateringar enn grøfta, så utover korleis dei framstod i flata vart det ikkje påvist nokon klar samanheng. Det verkar tvilsamt at dei kan ha bore nokon større konstruksjon. Dette vert nærare diskutert under samanfatninga av lokalitet 7.

## Grøft A1543


Grøfta målte på det breiaste 45 cm, og var i underkant av 9 m lang. Den har nok truleg strekt seg lengre før avdekking og oppreinsking, då den nokre stader var temmeleg grunn.

Strukturen vart snitta to stader; ved snitt I saman med kokegrop A1794, som den skar nedi, og ved snitt II saman med dei nærliggande stolpehola A1738 og A1638. Ved fyrste snitt let den seg avgrense greitt mot kokegropa under og framstod relativt solid med ei djupn på 18 cm og avrunda form. Ved snitt II synt den seg å ha ein ujamn botn som var noko uklart avgrensa mot undergrunnen. Begge snitta er illustrert nedanfor. Det vart òg gjort eit snitt saman med kokegrop A1471. Dette vert gjengitt på foto og teikning av sistnemnde (Figur 43), og syner at grafta er gravd ned i kokegropa og såleis stratigrafisk yngre.

**Tabell 11** Liste over strukturar på lok.7: Stolpehol og grøft. Stolpehola i tabellen er registrerte som stolpeliknande i Intrasis, men grunna måten alle med unntak av A1499 og A1675 framstod i høve til kvarandre vert dei rekna som svært sannsynlege, og omtala som stolpehol eller stolpehol i teksten.

Struktur	Type	Undersøkt	Flate			Profil		
			Form	Lengde cm	Bredde cm	Dybde cm	Form bunn	Form sider
1499	Stolpelignende	X	avlang	70	37	35	spiss	steil
1638	Stolpelignende	X	rund	14	13	10	spiss	skrå
1644	Stolpelignende	X	rund	19	20	15	rund	rund
1675	Stolpelignende		rund	20	17			
1738	Stolpelignende	X	rund	22	21	11	rund	rund
1744	Stolpelignende	X	rund	16	23	22	flat	steil
1751	Stolpelignende	X	rund	15	13	10	rund	rund
1758	Stolpelignende	X	rund	12	11	6	rund	rund
1765	Stolpelignende	X	oval	20	11	8	rund	rund
1772	Stolpehull	X	rund	18	16	22	flat	lodrett
1543	Veggrøft	X	avlang	870	45	18	rund	skrå







**Figur 35** Utsnitt frå lok. 7 som syner grøft og stolpehol. Illustrasjon: AKD/ArcMap



**Figur 36** Eit utsnitt av A1543 i plan med dei fire nærliggande stolpehola A1738 (framme t.v.), A1744 (framme t.h.), A1638 (bak t.v. og A1644). Sett mot NNW. Foto: TEL.



**Figur 37** Foto og teikning av A1543 ved snitt I, saman med den underliggende kokegropa 1794. Felteikning og digitalisering: AKD.



**Figur 38** Øvst, foto av A1543 i profil ved snitt II. Nedst: Teikning i profil av A1543 ved snitt II, saman med A1738 og A1638. Feltteikning og digitalisering: AKD.

### Stolpehol A1744

Stolpeholet hadde ei ujamt rund form i flata, og målte 23 x 16 cm. Ved snitting syntte den seg å vere 22 cm djup med flat botn og steile sider.




**Figur 39** Fotografi og teikning av A1744 i profil. Feltteikning og digitalisering: AKD.




## Stolpehol A1644

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 20 x 19 cm. Ved snitting synte den seg å vere 15 cm djup med ei temmeleg symmetrisk rund form.



**Figur 40** Fotografi og teikning av A1644 i profil. Felteikning og digitalisering: AKD.




## Stolpehol A1772

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 18 x 16 cm. Ved snitting synte den seg å vere minst 22 cm djup med temmeleg loddrette sider. Det var ein del små steinar i botn som gjorde det vanskeleg å sjå kor stolpeholet var avgrensa mot undergrunnen nedst. Desse steinane er truleg for små til å ha fungert som skoningsstein, og liknar i storleik og form på steinane som sporadisk fanst i undergrunnen på lokaliteten.



**Figur 41** Fotografi og teikning av A1772 i profil. Felteikning og digitalisering: AKD.



## Kokegroper


Tabell 12 Liste over strukturar på lok.7: Groper, kokegroper og andre strukturar, sortert alfabetisk etter type.

Struktur	Type	Undersøkt	Flate			Profil		
			Form	Lengde cm	Bredde cm	Dybde cm	Form bunn	Form sider
1380	Grop	X	oval	30	40	7	rund	rund
1693	Grop	X	rund	66	60	10	flat	rund
1701	Grop	X	oval	90	52	30	skrå	rund
1708	Grop	X	rund	73	55	36	rund	skrå
1386	Kokegrop		oval	68	52	0		
1393	Kokegrop	X	rund	75	78	21	flat	rund
1408	Kokegrop		oval	72	52	0		
1420	Kokegrop	X	rund	110	100	25	flat	rund
1428	Kokegrop	X	rund	62	60	8	ujevn	rund
1435	Kokegrop	X	rund	110	120	15	flat	rund
1442	Kokegrop		oval	96	78	0		
1449	Kokegrop			110	90	0		
1457	Kokegrop		rund	59	58	0		
1463	Kokegrop		rund	97	88	0		
1471	Kokegrop	X	oval	200	150	27	flat	rund
1484	Kokegrop		rund	99	97	0		
1491	Kokegrop	X	rund	90	100	27	rund	rund
1506	Kokegrop		oval	130	117	0		
1514	Kokegrop	X	rund	100	100	7	flat	rund
1521	Kokegrop	X	rund	100	94	20	rund	rund
1528	Kokegrop		rund	112	108	21	rund	rund
1561	Kokegrop		rund	122	90	0		
1569	Kokegrop		rund	103	100	0		
1576	Kokegrop	X	rund	97	104	23	flat	rund
1582	Kokegrop	X	rund	105	110	10	flat	rund
1588	Kokegrop	X	rund	100	100	17	rund	rund
1594	Kokegrop	X	rund	102	97	22	flat	rund
1601	Kokegrop	X	rund	105	95	6	flat	skrå
1607	Kokegrop	X	rund	110	105	14	flat	rund
1613	Kokegrop	X	rund	126	127	16	flat	rund
1620	Kokegrop		oval	100	85	0		
1626	Kokegrop			83	44	0		
1632	Kokegrop		rund	72	31	0		
1650	Kokegrop		oval	56	48	0		
1656	Kokegrop			84	70	0		
1662	Kokegrop	X	rund	150	15	30	flat	rund
1669	Kokegrop	X	rund	53	58	11	flat	rund

1681	Kokegrop	X	rund	52	54	10	rund	rund
1687	Kokegrop		rund	42	40	0		
1794	Kokegrop	X	rund	80	76	23	rund	rund
1400	Kullflekk		ujevn	128	56	0		
1535	Nedgravning	X	avlang	240	60	24	rund	rund

### Kokegrop A1491

I flata var kokegropa rund og málte 100 x 90 cm. Ved snitting syntu den seg á vere avrunda í profil, med eit fossilt kollag í botnen og ei blanding av skjørbrende og ikkje skjørbrende stein. Den var 27 cm djup. Ei yngre nedgravning, Stolpehol A1499, skjærer gjennom austlege del av profilen. Sistnemnde var frittståande og vert ikkje omtala nærare her.




- ① Raudleg grus. Mogleg staurhol.
- ② Svart kollag, sandlomme inneheldt brende beinbitar.
- ③ Gråbrun sand. Steril undergrunn.

Merknad: A1499 kuttar A1491 t.v., dei er kunstig åtskilde i teikninga.

**Figur 42** Fotografi av A1499 og A1491 og teikning av A1491 i profil. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.


## Kokegrop A1471

Kokegropa hadde ei oval form i flata og målte 200 x 150 cm. Etter snitting synte den seg å ha ein flat botn med runde sider, og vere 27 cm djup med fossilt kollag i botn og skjørbrend stein.



**Figur 43** Fotografi og teikning av A1471 i profil. Teikning òg av A1543 som er gravd ned i kokegropa. Feltteikning: TEL. Digitalisering: AKD.

## Kokegrop A1594




**Figur 44** Fotografi og teikning av A1594 i profil. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.

Kokegropa hadde ei rund form i flata og målte 102 x 97 cm. Ved snitting synte den seg å vere 22 cm djup med flat botn og runde sider. Den hadde fossilt kollag i botn, og skjørbrende stein.

### Kokegrop A1662 og A1669

Desse to strukturane vart dokumenterte saman. Kokegrop A1662 var rund i flata og målte 150 x 150 cm. Ved snitting synte den seg å vere 30 cm djup med flat botn og runde sider. Den hadde eit fossilt kollag i botn, og skjørbrend stein. A1669 var ei mindre kokegrop som låg oppi A1662, og difor må vere yngst av dei to. Den var rund i flata og målte 58 x 53 cm. Ved snitting synte den seg å vere 11 cm djup og ha ein flat, skrånande botn med runde sider. Den bestod i stor grad av eit fossilt kollag.



**Figur 45** Fotografi og teikning av A1662 og A1669 i profil. A1669 er den vesle avgrensa kokegropa i toppen av profilen til den større A1662. Feltteikning og digitalisering: AKD.




## Gropa A1708

Gropa hadde ei rund form i flata og målte 73 x 55 cm, men sistnemnde mål er usikkert då strukturen overlappa med A1701 og A1693. Etter snitting synt den seg å vere asymmetrisk avrunda i profil, og 36 cm djup. Den skar gjennom og må difor vere sekundær i høve til A1693. Gropa er av ein uviss funksjon.



**Figur 46** Foto i plan av A1708, A1701 og A1693, sett mot SV. A1701 er nærast, A1693 bak t.v. og A1708 bak t.h. Foto: TEL.





**Figur 47** Fotografi og teikning av A1708 og A1693 i profil. Feltteikning og digitalisering: AKD.

## Datering

Totalt 30 kolprøvar vart tekne ut frå strukturane, elleve av desse vart sende til analyse.

Resultata syner at grøft A1543 og eitt stolpehol, A1744, begge kan daterast til sein folkevandringstid og over i merovingartid ( $1490 \pm 30$  BP; 540-640 v.t.; Beta 394268, og  $1470 \pm 30$  BP; 545-645 v.t.; Beta 394258). Sidan desse ligg så tett, kan det ikkje utelukkast at dette skuldast forureining mellom desse, men det kan òg dreie seg om ein samanheng.

Det vart sendt inn kolprøver frå to av dei andre stolpehola som såg ut til å kunne vere del av same konstruksjon, og desse fekk resultat som stemde godt overeins med kvarandre, og med kokegropfeltet, men ikkje med A1543 og A1744. Stolpehola A1644 og A1772 kan begge daterast til romersk jernalder ( $1760 \pm 30$  BP; 220-375 v.t.; Beta 394257 og 394260).

Kolprøver frå fire kokegroper, A1491, A1471, A1594 og A1662, vart sendt til analyse. Resultata syner at alle desse kunne daterast til romersk jernalder (A1491:  $1800 \pm 30$  BP; 130-325 v.t.; Beta 394265. A1471:  $1830 \pm 30$  BP; 90-250 v.t.; Beta 394269. A1594:  $1780 \pm 30$  BP; 135-335 v.t.; Beta 394264. A1662:  $1900 \pm 30$  BP; 55-135 v.t.; Beta 394266).

Grop A1708 kan daterast til hovudsakleg vikingtid ( $1160 \pm 30$  BP; 775-970 v.t.; Beta 394267).

**Tabell 13** Dateringsresultat frå strukturar på lok. 7

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-100	1879	1644	1760 ± 30	Cal AD 240 til 330	Cal AD 220 til 375	394257
VP-101	1875	1744	1470 ± 30	Cal AD 570 til 620	Cal AD 545 til 645	394258
VP-107	1863	1772	1760 ± 30	Cal AD 240 til 330	Cal AD 220 til 375	394260
VP-129	1903	1594	1780 ± 30	Cal AD 230 til 320	Cal AD 135 til 335	394264
VP-192	1934	1491	1800 ± 30	Cal AD 180 til 250	Cal AD 130 til 325	394265
VP-195	1843	1662	1900 ± 30	Cal AD 70 til 130	Cal AD 55 til 135	394266
VP-197	1848	1708	1160 ± 30	Cal AD 780 til 940	Cal AD 775 til 970	394267
VP-200	1877	1543	1490 ± 30	Cal AD 550 til 605	Cal AD 540 til 640	394268
VP-206	1936	1471	1830 ± 30	Cal AD 130 til 235	Cal AD 90 til 250	394269

### Profil 1718


Ein to meter brei seksjon av profilveggen vart finreinska og tolka for dokumentasjon, denne er gjengitt her (figur 48). Det vart skild ut sju morfologisk ulike lag, nummerert frå botn til topp. Utanom topplaget vart to tolka som å representere dyrkingslag.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av gulbrun grov grus og sand. Det gjekk òg to tynne striper av fin brun sand gjennom dette undergrunnslaget, som likna vassavsetning. Lag 2, tolka som eit dyrkingslag eller vassavsetning, bestod av mørk brun fin fuktig sand med spor av trekol. Lag 3 over vart delt i to; 3a var skildra som brun sand med noko grus og ein del jarnutfelling, samt trekol. 3b likna, men var meir brungrått og noko meir grushaldig. Det kunne sjå ut til å vere ein noko meir omrota versjon av same lag. Lag 4 var skildra som eit mogleg strandlag av laus gulgrå sand med mykje grus. Lag 5 såg ut til å kunne vere ei blanding av lag 4 og 6, av gråbrun sand med flekkar av gulgrå sand med mykje grus. Lag 6 bestod av gråbrun svært kompakt sand med litt grus, ein del jarnutfelling og noko trekol. Topplaget, lag 7, eit nyare tids matjordslag med grastorv, gråbrun grushaldig sand med noko stein og spor av trekol, og eit tynt torvlag på toppen.

Pollenserien utgår grunna stor sjanse for vassavsetting/-sedimentering i sein fase.

## Datering

Frå profil A1718 vart det teke ut fire prøvar til radiologisk datering frå like mange lag. To av desse vart analyserte, og resultatane synte at lag 2 kunne daterast til mellomalder ( $880 \pm 30$  BP; 1045-1220 v.t.; Beta 394261). Lag 3a fekk ei datering frå nyare tid ( $150 \pm 30$  BP; 1665-Post 1950 v.t.; Beta 394262).



**Figur 48** Teikning av profil A1718 med lagskildring og datering (ukal. BP). Feltteikning: OMK. Digitalisering: CF. Pollenserien vart ikkje analysert.

**Tabell 1** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 7

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-117	1819	1718	2	880 ± 30	Cal AD 1155 til 1210	Cal AD 1045 til 1220	394261
VP-118	1795	1718	3a	150 ± 30	Cal AD 1670 til Post 1950	Cal AD 1665 til Post 1950	394262

### Samanfatting av lok. 7

Dateringsresultata frå vår undersøking samt registreringa tyder på at kokegropene er laga i løpet av romartid. Dei fem dateringane av kokegroper er teke spreidd utover feltet og dateringane hamna innanfor spennet 55-335 v.t. (inkludert 2 sigma standardavvik). Det tyder på at kokegropene er anlagt frå eldre romartid og eit stykke inn i yngre romartid. Gropene er i stor grad grave på ein slik måte at dei respekterer kvarandre; dei er nærast grave på linje og overlapping mellom kokegropene fins ikkje bortsett frå A1662 som er grave ned i A1669. Det er samtidige enkeltståande kokegroper frå dei nærliggande lokalitetane 5 og 6, men skal truleg ikkje sjåast i samband med desse. Kokegropfeltet er, på grunn av moderne inngrep, dårleg avgrensa i austleg og nordvestleg retning. Særleg mot nordvest er det truleg at det har vore større sidan delar av kokegroper her er dokumentert i det dei «forsvinn» under vegen. Det har altså vore større enn det vi har dokumentert, men nøyaktig kor stort let seg ikkje avgjere. Når kokegropene ligg så pass tett og med ei samla datering, meiner vi det er mest sannsynleg at dei har hatt i ein rituell funksjon i si samtid.

Det kanskje mest interessante på lokaliteten er grøfta A1543 og den eventuelle relasjonen til dei åtte stolpehola A1638, A1644, A1738 og A1744 på den eine sida og A1751, A1758, A1765 og A1772 på den andre. Grøfta synast å gå langs den sørlege grensa til kokegropfeltet. Her er etter kvart ei lita halling i terrenget, og før det vart bygd veg inn langs sørsida av neset har her vore ei strand med ei klarare tilknytning til Jølstravatnet enn kva tilfellet er i dag. Innanfor grøfta (dvs nord for den) er eit halvsirkulært område på ca 5 x 3 meter der det ikkje er anlagt kokegroper eller andre strukturar. Ein kan difor lett sjå for seg grøfta som rest av eit anlegg som har markert grensa mellom vatnet/stranda og kokegropfeltet. Stolpehola, og da særleg dei fire førstnemnte, synast å vere knytt til grøfta. Dei ligg på kvar si side av grøfta med tilnærma lik avstand til den. Dei kunne tenkjast å vere restar av ei innretning som t.d. let ein bevege seg over grøfta (ei enkel trapp, plating eller liknande). <sup>14</sup>C-dateringane skaper likevel hovudbry her da grøfta og det eine stolpeholet har dateringar som ligg i første halvdel

av merovingertid (altså minst eit par hundre år etter dei yngste kokegropene). To stolpehol har likevel dateringar innanfor yngre romartid, og skulle såleis vere samtidig med i alle fall dei yngste kokegropene. Når det gjeld grøfta så er denne igjen ut frå stratigrafi yngre enn kokegrop A1471 (90-250 v.t.) da den er grave ned i denne.

Eit kjeldekritisk problem vedrørande datering på organisk materiale funne i grøfter, er at det ikkje naudsynt er etableringa av grøfta som vert datert. Dersom grøfta har blitt ståande open vil den fortsette å samle opp kol o.a. frå aktivitetar i nærleiken, og ei datering kan slik verte betydeleg yngre enn etableringa av grøfta. Eit ope stolpehol kan også føre til tilsvarande problem. På lokalitet 7 veit vi at det har vore seinare aktivitet gjennom datering av gropa A1708 til vikingtid.

Måten grøfta relaterer seg til kokegropene på, og måten stolpehola er knytt til grøfta, tyder på at det truleg er ein samanheng mellom dei. Dateringane av strukturane er likevel sprikande, og gir ikkje ei sikker tolking av denne situasjonen. Vi meiner likevel ein slik samanheng er sannsynleg. I så fall kan grøfta og stolpehola sjåast som eit anlegg som har definert grensa mellom kokegropfeltet og vatnet, og mogleg også har strukturert måten menneska har bevega seg mellom vatnet/strandsonen og kokegropfeltet.

Dateringsresultata frå dyrkingsprofilen gav isolert sett berre avgrensa kunnskap, men stadfesta at det har vore dyrka her i vikingtid og nyare tid. Dei botaniske prøvene vart ikkje prioritert i den pollenbotaniske undersøkinga (Overland 2016, sjå vedlegg X).

## LOKALITET 25 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
169601	Årdal Indre	4	6	2200 m <sup>2</sup>	462 m <sup>2</sup>

Lok. 25 ligg nær midten av den nordaustlege halvdel av den halvsirkelforma elveflata, i luftlinje i overkant av 300 m NA for lok.7. Frå registreringa av lokaliteten var det kjend to eldstader, den eine med datering til eldre romartid ( $1930 \pm 30$  BP; 10-130 v.t.; Beta 342951), dyrkingsslag med datering til folkevandringstid ( $1550 \pm 30$  BP; 430-580 v.t.; Beta 342952), og ein steinpakning. Det var om lag 40-80 cm med matjord ned til undergrunnen.




**Figur 49** Lok 25 før avdekking, elveflata med Jølstravatnet i bakgrunnen. Helgheim kyrkje kan skimast som ein kvit flekk i bakgrunnen t.v., under plantefeltet. Sett mot A. Foto: CFK.

Det vart opna to felt på lokaliteten. Det fyrste skulle avdekke den registrerte steinpakningen som utgjorde nordvestlege avgrensing av lok.25. Det vart avtorva i underkant av 90 m<sup>2</sup>. Steinpakningen vart imidlertid avskriven som del av moderne dreneringstiltak, delvis grunna karakteren det hadde og delvis fordi grunneigar både ved registreringa og ved aktuelle utgraving melde i frå om at denne påfyllinga var blitt gjort for ei tid tilbake. Dette feltet vert ikkje nærare omtala her. Hovudfeltet som vart avdekt var 355 m<sup>2</sup> stort, og bestod av eit 21,8 x 14,5 m stort felt orientert SV-NA, med ei 1,5 x 26 m sjakt i den vestlege forlenginga av den

sørlege kortsida. I sjakta sin sørlege profilvegg var horisontar av fossile åkerlag bevart, og eit utval vart dokumentert.

Det vart målt inn åtte strukturar etter avdekking, av desse ei rekkje kokegroper der berre éi, A931, var godt bevart. Denne låg imidlertid delvis under feltet sin sørvestlege profilkant. Den er gjengitt her. Tre var botnar eller restar etter eldstader/kokegroper, A916, A941 og A924. Éin mogleg struktur (A957) forsvann under oppreinsking, og ein annan var truleg del av nyare tids drenering. Ingen av desse vert omtala nærare her.



**Figur 50** Oversynskart over lok. 25. Illustrasjon: CF/ ArcMap.




## Kokegroper og groper

Tabell 1 Liste over strukturar på lok. 25.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengde cm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
916	Kokegrop	oval	60	78		9	ujevn	rund
924	Kokegrop	rund	38	42	50	9	rund	rund
931	Kokegrop	rund	90	140	140	38	flat	rund
941	Kokegrop	rund	70	70	68	24	flat	rund
2263	Kokegrop	<i>Ikkje undersøkt</i>						
949	Grop	rund	70	60	50	13	rund	skrå

### Kokegrop A931



Figur 51 Fotografi og teikning av A931 i profil. Feltteikning og digitalisering: AKD.

Strukturen var 140 cm brei i flata, og delen som stakk fram frå profilkanten målte 90 cm, men i røynda strekk den seg truleg like langt som i breidda. Ved snitting synte den seg å innehalde svært mykje skjørbrend stein, og delar av eit fossilt kollag i botnen. Den var 38 cm djup.


## Datering

Det vart teke ut fire kolprøver til radiologisk datering frå strukturane på lokaliteten. Éi av desse vart sendt til analyse. Resultatet syner at kokegrop A931 kan daterast til romersk jernalder ( $1880 \pm 30$  BP; 65-220 v.t.; Beta 394396). Den føyer seg dermed inn i rekka av romartidskokegroper påvist på lok 5, 6, 7 og 8.

**Tabell 2** Dateringsresultat frå struktur på lok. 25.

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-341	2307	931	$900 \pm 30$	Cal AD 80 til 135	Cal AD 65 til 220	394396

## Profil A1730



**Figur 52** Teikning av profil A1730 med lagskildring og datering (ukal. BP). Feltteikning: OMK. Digitalisering: CF.

Ein 3,3 m lang seksjon av dyrkningsprofilen vart vald ut for dokumentasjon, denne er gjengitt her. I denne seksjonen kunne det skiljast mellom ti morfologisk ulike lag, som vart nummererte frå topp til botn, fire av desse var skilt ut som dyrkingslag, eitt av dei frå nyare tid.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av guloransje grov sand, grus og stein. Lag 2 var eit mogleg tidleg vekstlag skildra som brungul grov sand, med mykje grus og småstein. Lag 3 var òg tolka som naturleg, beståande av lys grå sand med mykje grus og småstein. Lag 4, eit mogleg myrlag av brunsvart siltig sand, hovudsakleg beståande av organisk materiale følgde.

Det eldste identifiserbare dyrkingslaget var lag 5, beståande av grå grusblanda sand med litt trekol. Det skilde seg frå laga over ved å vere meir grått og kompakt, men overgangen til lag 6 og 7 var gradvis ein del stader. Lag 6 er skildra som gråbrun sand med ein del grus og noko trekol. Det byrja i nordenden av profilveggen og framstod som ei linse med blanda materiale

frå 5 og 7, men dette var vanskeleg å bestemme sidan ein såpass liten del av det var synleg. Lag 7 og 8 er begge tolka som dyrkingslag bestående av brun, litt grushaldig sand med spor av trekol. Det var mindre grus i lag 8 enn i lag 7. Lag 9 er tolka som eit nyare tids dyrkingslag av gråbrun sand med litt grus og spor av trekol, medan lag 10 var den filtaktige topptorven som representerer nyare tids beite- og/eller slåttemark.

## Datering

Det vart teke ut fem dateringsprøver for radiologisk datering, fordelt på like mange lag. Tre av desse vart analyserte. Resultata syner at lag 5 kan daterast til merovingartid og vikingtid ( $1220 \pm 30$  BP; 690-885 v.t.; Beta 394392). Lag 7 vart datert til slutten av merovingartid til vikingtid ( $1130 \pm 30$  BP; 780-985; Beta 394393) og lag 8 til nyare tid ( $70 \pm 30$  BP; 1690-Post 1950 v.t.; Beta-394394).

**Tabell 17** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 25

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-224	1979	1730	5	$1220 \pm 30$	Cal AD 725 til 870	Cal AD 690 til 885	394392
VP-225	1980	1730	7	$1130 \pm 30$	Cal AD 885 til 970	Cal AD 780 til 985	394393
VP-226	1981	1730	8	$70 \pm 30$	Cal AD 1710 til Post 1950	Cal AD 1690 til Post 1950	394394

## Samanfatting av lok. 25

Den eldste dokumenterte aktiviteten på staden er representerte ved kokegroper frå romartid, som også er registrert ved fleire av dei andre lokalitetane i Årdalsområdet. Den andre påviste bruksfasen er i form av førhistorisk dyrkingsaktivitet gjennom folkevandringtid, merovingartid og vikingtid.

Området var oppdyrka både i merovingertid og vikingtid, og bygg ser ut til å ha vore den viktigaste avlinga (Overland 2016, sjå vedlegg X).


## LOKALITET 26 - Dyrkingsspor

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
169661	Årdal Indre	4	9	250 m <sup>2</sup>	56 m <sup>2</sup>

Lok.26 ligg om lag 115 m NV for lokalitet 25, på vestsida av E39 og 60 m S for tunområdet på Indre Årdal. Frå registreringa var det kjend eit fossilt dyrkingslag, datert til tidleg mellomalder (960 ± 30 BP; 1020-1160 v.t.; Beta 342953). Det var om lag 1 m matjord ned til undergrunnen. Det vart opna to sjakter på lokaliteten, éi nord/sør-orientert på 2,6 x 11 m og éi vest/aust-orientert på 2,1 x 10,7 m. Langs den nordlege profilveggen i sistnemnde sjakt kunne det påvisast fleire fossile dyrkingslag, og ein seksjon av denne vart finreinska, tolka og dokumentert.




**Figur 53** Oversyn over lok. 6 før avdekking, sett frå tunområdet. Vegetasjonen i bakgrunnen markerer Årdalselva. Sett mot S. Foto: CFK.



**Figur 54** Oversynskart over lok. 26. Illustrasjon: CF/ArcMap.

### Profil A1732

A1732, dyrkningsprofil mot N  
Lokalitet 26  
020714 OMK



**Figur 55** Teikning av profil A1732 med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: OMK. Digitalisering: CF.

Ein seksjon på i overkant av fire meter vart dokumentert. Denne er gjengitt her. Det vart skilt ut fem morfologisk ulike lag, av desse to dyrkingslag. Laga vart nummererte frå botn til topp.

Den sterile undergrunnen representert ved lag 1 bestod av lys grå sand med oransje sand under, og ein del mellomstore stein. Lag 2 bestod av lagvis lys og mørk brun silt/leire med noko sand og organisk materiale, hovudsakleg trevirke og bark. Laget var myraktig og torvhaldig. Lag 3 er skildra som eit tjukt og homogent dyrkingslag, bestående av mørk grå sand, men ein del grus og stein, samt noko trekol og jarnutfelling. Det såg ut til å ha dekkja ein åkerrein eller veite i aust. Lag 4 var tolka som eit dyrkingslag bestående av gråbrun sand med ein del grus og noko trekol, medan topplaget, lag 5, utgjorde eit brunt og humushaldig filtaktig torvlag oppå dette.

## Datering

Det vart teke ut fire prøvar til radiologisk datering frå like mange lag. To av desse vart sende til analyse. Resultata syner at lag 3 kan daterast til tidleg- og høgmellomalder ( $900 \pm 30$  BP; 1035-1215 v.t.; Beta-394397), medan lag 4 vart datert til nyare tid, ( $270 \pm 30$  BP; 1520-1795 v.t.; Beta-394398).

**Tabell 18** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 26

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-113	1734	1732	3	$900 \pm 30$	Cal AD 1050 til 1165	Cal AD 1035 til 1215	394397
VP-116	1737	1732	4	$270 \pm 30$	Cal AD 1640 til 1655	Cal AD 1520 til 1795	394398

## Samanfatting av lok. 26

Ved lokaliteten vart det påvist dyrkingsaktivitet frå tidleg-høgmellomalder, og nyare tid.

Den pollenbotaniske undersøkinga viser at området truleg var prega av både dyrking, beite og slått i mellomalderen (Overland 2016, sjå vedlegg IX).

## LOKALITET 8 - Aktivitetsområde

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141073	Årdal Indre	4	3	950 m <sup>2</sup>	728 m <sup>2</sup>


Lokaliteten ligg heilt nordaust på neset som Årdalselva bryt gjennom, dryge 50 m NNA for lok. 25. Frå registreringane av lokaliteten var det kjend udaterte eldstadliknande strukturar og steinsamlingar, kollag, og éi nedgraving med datering til merovingartid-vikingtid (1260 ± 30 BP; 670-850 v.t.; Beta 342959). Med utgangspunkt i lokal tradisjon og funnet av beinrestar her i samband med bygging av vegen i 1935, kunne lok. 8 overlappe lokaliseringa av ein mellomalderkyrkjegard og/eller kapell, men dette kunne vi ikkje påvise spor etter.

Delen av lokaliteten som låg nær vegen bar dessutan preg av å vere temmeleg forstyrta. Det vart opna eitt hestekoforma felt på lokaliteten, med eit areal på 728 m<sup>2</sup>. Etter avdekking såg det ut til å vere moglege strukturar over heile den avtorva flata. Ein del av desse vart markerte på bakgrunn av moglegheitene for spor etter mellomalderkyrkjestad på flata. Storparten vart imidlertid avskrivne som lagrestar og naturlege steinsamlingar ved finreinsking. Etter nærare gransking av dei innmålte strukturane stod det att ni kokegroper og fem groper. Dei fleste kokegropene låg delvis overlappende i ei klynge i søraustdelen av feltet. Storparten av desse vart undersøkte og dokumenterte. Det som såg ut til å kunne vere to parallelle grøfter, eller hjulspor, vart òg granska nøyare, men sidan prøver frå desse gav nyare tids datering, vert dei kun gitt kort omtale i dateringsdelen.





**Figur 56** Oversyn over lok. 8 før avdekking. Lokaliteten ligg på elveflata mellom vatnet og vegen t.h. for den gule bygningen. Ved høgre biletkant er litt av lok.25 synleg. Sett mot SA. Foto: CFK.



**Figur 57** Oversynskart over lok. 8. Illustrasjon: CF/ArcMap


## *Kokegroper og groper*

**Tabell 19** Liste over strukturar på lok.8: Kokegroper og groper.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengde cm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
2014	Kokegrop	rund	102	71	72	77	ujevn	rund
2024	Kokegrop	ujevn	80	50	60	14	rund	skrå
2031	Kokegrop	ujevn	80	84	70	5	ujevn	skrå
2101	Kokegrop	ujevn	125	150	140	11	ujevn	oppgravd
2110	Kokegrop	rund	85	80	65	16	ujevn	rund
2117	Kokegrop	ujevn	70	77	75	5	ujevn	oppgravd
2124	Kokegrop	oval	100	180	95	14	rund	oppgravd
2132	Kokegrop	rund	55	33	32	12	rund	skrå
2167	Kokegrop	oval	80	130	130	20	flat	rund
2041	Grop	rund	55	55	53	15	rund	rund
2058	Grop	rund	60	49	49	24	rund	rund
2066	Grop	rund	100	108	110	33	rund	skrå
2093	Grop	rund	50	50	50	30	rund	rund
2206	Grop	rund	40	40	30	10	rund	rund

### **Kokegrop A2167**

Kokegropa hadde ei oval form i flata, og målte 130 x 80 cm. Ved snitting synte den seg å vere 20 cm djup, med ein flat botn og avrunda, skrånande sider. Det var gjort funn (F2261) ved framreinsking av strukturen; eitt flintavslag, eitt bergkrystallavslag og eitt skår asbestkeramik.



**Figur 58** Fotografi og teikning av A2167 i profil. Felteikning: TEL. Digitalisering: AKD.


### Grop A2041 og kokegrop A2014

Desse to strukturane inngjekk i ei klynge av groper med ein del overlapping. Klynge femna i tillegg A2024 og A2031. Grop A2041 skar gjennom kokegrop A2014, og desse vart dokumenterte saman.

Grop A2041 var rund i flata og målte 55 x 55 cm. Ved snitting synte den seg å vere 15 cm djup med ei avrunda form. Kokegrop A2014 var oval i flata og målte 102 x 71 cm. Ved snitting synte den seg å vere 7,7 cm djup med ein ujamn botn og runde sider. Den hadde fossilt kollag og skjørbrend stein.



**Figur 59** Oversyn over A2041 (t.v.), A2014 og A2024 i flata. Sett mot NA. Foto: AKD



- ① Mørk gråbrun silt/sand med spreidd kol.
- ② Svart kollag
- ③ Dels raudleg gyldenbrun, dels lys gråbrun grusblanda silt/sand.  
Steril undergrunn.
- ④ Raudleg gylden brun silt/sand. Steril undergrunn.

**Figur 60** Fotografi og teikning av A2041 og A2014 i profil. Felteikning og digitalisering: AKD.

## Datering

Det vart teke ut ni kolprøver for radiologisk datering frå lokaliteten. Av desse vart tre sendt inn til analyse. Resultata syner at kokegrop A2014 kan daterast til romersk jernalder ( $1780 \pm 30$  BP; 135-335 v.t.; Beta 394270), medan kokegrop A2167 kan daterast til merovingartid ( $1330 \pm 30$  BP; 650-765 v.t.; Beta 394272). Grøft/hjulspor A2149 kan derimot daterast til nyare tid ( $190 \pm 30$  BP; 1650-Post 1950 v.t.; Beta 394271).

**Tabell 20** Dateringsresultat frå strukturar på lok. 8

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-218	2249	2014	$1780 \pm 30$	Cal AD 230 til 320	Cal AD 135 til 335	394270
VP-339	2262	2167	$1330 \pm 30$	Cal AD 660 til 680	Cal AD 650 til 765	394272
VP-337	2237	2149	$190 \pm 30$	Cal AD 1665 til Post 1950	Cal AD 1650 til Post 1950	394271

## Gjenstandsfunn

Det vart gjort seks gjenstandsfunn på lokaliteten. Av desse var eitt skår asbestmagra keramikk (F2261) og fem avslag, eitt av varmepåverka flint (F2261.1) og fire av bergkrystall (F2258, F2261.2, F2259, F2260). Eitt bergkrystallavslag var funne i matjorda, eitt ved oppreinsking av kokegrop A2110, og eitt ved oppreinsking av kokegrop A2024. Desse kokegropene vart ikkje daterte, men dateringa av kokegropa A2014 og nærliggande kokegropfelt til romersk jernalder, gjer det rimeleg å tru at desse to òg kan representere same periode. Funna er imidlertid truleg av eldre opphav.

Tre av funna; to avslag, eitt i flint og eitt i bergkrystall, samt keramikkskåret, vart funne ved gransking av kokegrop A2167. Denne kokegropa vart datert til merovingartid.

Funna er katalogisert i Universitetenes Samlingsdatabaser (musit) og søkbare under B17366.

## **Samanfatting av lok. 8**

Ved lokaliteten vart det påvist aktivitet frå romersk jernalder og merovingartid.

Gjenstandsfunna vitnar om eldre aktivitet, men konteksten er usikker. Det kan tenkast at dei øvrige kokegropene høyrer til same periode som A2014, og dermed òg kokegropene på lok. 5, 6, 7 og 25.

## LOKALITET 9 - Dyrkingsspor


Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141075	Årdal Indre	4	3	600 m <sup>2</sup>	117 m <sup>2</sup>

Lokaliteten ligg dryge 12 m NA og rett på andre sida av E39 i høve til lok.8, rett NA for tilkomstvegen til tunet på Indre Årdal. Frå registreringane på lokaliteten var det kjend fossile dyrkingsslag med dateringar til yngre bronsealder-førromersk jernalder (2450 ± 40 BP; 760-400 f.v.t.; Beta 291359) folkevandringstid (1580 ± 40 BP; 400-570 v.t.; Beta 291360) og yngre romartid (1710 ± 30 BP; 250-410 v.t.; Beta 342955), og eit mogleg stolpehol.

Det vart opna ei 2-3 m brei sjakt frå SV orientert mot NA. Etter 16 m støyte vi på ei av fylkeskommunen sine søkesjakter i profilveggen. Difor flytta vi sjakta 4 m i søraustleg retning, og grov vidare 19 m mot nordaust. Langs den SA-vende profilveggen var det synlege spor etter dyrking, og eit utsnitt av denne vart finreinska og dokumentert.



**Figur 61** Lok. 9 før avdekking. Lokaliteten ligg på næraste side av E39. I bakgrunnen er elveflata med lok. 8 og 25. Sett mot S. Foto: CFK.



**Figur 62** Oversynskart over lok. 9. Illustrasjon: CF/ArcMap

### **Profil A1728**


Ein 2,3 m lang seksjon av dyrkingsprofilen vart vald ut for dokumentering. Denne er attgjeve her. Det vart skilt ut tretten morfologisk ulike lag frå profilseksjonen, og desse er nummererte frå botn til topp. Ni av desse vart skilt ut som dyrkingslag, eitt av desse moglegvis påfylt masse.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av grov sand med mykje grus, frå oransjegul i V til mørk brun i A. Lag 2 vart tolka som ei naturleg elveavsetning bestående av lys gråkvit, svært fin sand. Lag 3 likna ei myravsetning og er skildra som mørkt brun og organisk med svarte flekkar. I toppen av laget var det trekol som kan skrive seg frå fyrste rydning. Lag 4 og 5 er tolka som delar av same dyrkingslaget, men vart nummererte som to lag sidan dei var fysisk åtskilde. Dei bestod av gråbrun grusblanda sand med ein god del trekol. Lag 6 var skildra som eit dyrkingslag av grå sand med grus og ein god del trekol. Den grå sanden er samla i midten, og liknar i seg sjølv ikkje dyrkingsavsetning. Laget vart føreslått å kunne representere ein lengre brakkfase, men det verkar ikkje sannsynleg sidan lag 4 og 7 fekk samanfallande dateringar, jf. nedanfor. Lag 7-10 var alle skildra som dyrkingslag bestående



av brun sand med trekol og subtile skilnader i grad av mørkheit og mengda trekol, der lag 7 var det mørkaste med høgst innhald av trekol, og laga ned mot 10 vart gradvis lysare og med mindre trekol. Lag 11 bestod av lys brun sand med mykje grus og småstein. Det skilde seg frå dei andre laga i utsjånad, og bar preg av å representere påfylt masse eller annan type dyrking. Lag 12 er skildra som eit dyrkingslag av brun sand med ein god del grus og noko småstein, og spor av trekol, medan lag 13 representerer topplaget av filtaktig torv etter moderne beite- og/eller slåttemark.

A1728, dyrkningsprofil mot S  
Lokalitet 9  
070714 OMK



Figur 63 Teikning av profil A1728. Felteikning:OMK. Digitalisering: CF.

## Datering

Det vart teke ut ni prøver til radiologisk datering frå profilen. Seks av desse vart sendt til analyse. Resultata synte at lag 3 kunne daterast til romersk jernalder ( $1890 \pm 30$  BP; 60-215 v.t.; Beta 394273). Lag 4 og 7 fekk identiske dateringsresultat til folkevandringstid ( $1600 \pm 30$  BP; 395-540 v.t.; Beta 394274 og 394276), medan lag 9 og 10 begge kan daterast til nærma likt kvarandre til merovingartid ( $1280 \pm 30$  BP; 665-775 v.t.; Beta 394277, og  $1290 \pm 30$  BP; 660-770 v.t.; Beta 394278). Lag 11 kan daterast til merovingartid-vikingtid ( $1180 \pm 30$  BP; 770-945 v.t.; Beta 394275).

**Tabell 21** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 9

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-123	1969	1728	3	$1890 \pm 30$	Cal AD 75 til 130	Cal AD 60 til 215	394273
VP-124	1970	1728	4	$1600 \pm 30$	Cal AD 415 til 535	Cal AD 395 til 540	394274
VP-127	1973	1728	7	$1600 \pm 30$	Cal AD 415 til 535	Cal AD 395 til 540	394276
VP-221	1975	1728	9	$1280 \pm 30$	Cal AD 675 til 770	Cal AD 665 til 775	394277
VP-222	1976	1728	10	$1290 \pm 30$	Cal AD 670 til 765	Cal AD 660 til 770	394278
VP-125	1971	1728	11	$1180 \pm 30$	Cal AD 775 til 892	Cal AD 770 til 945	394275

## Samanfatting av lok. 9

På lok. 9 vart det påvist meir eller mindre samanhengande åkeraktivitet frå eldre romartid til utover i vikingtid. Saman med resultata frå lok. 10 kan det trekkast endå lengre attende i tid, til førromersk jernalder, og dessutan fram uti seinmellomalder.

Den pollenbotaniske analysen (Overland 2016, sjå vedlegg X) viser at lokaliteten i romartid var prega av beitaktivitet med open bjørk- og oreskog. I folkevandringstid vart området heilt ope, og prega av dyrking og beite, truleg også slåtteaktivitet. Dyrkingsaktiviteten aua truleg ein god del i merovingertid og vikingtid. Bygg er påvist i alle periodane, men i vikingtid kan også kveite ha vorte dyrka her.

## LOKALITET 10 - Dyrkingsspor

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141076	Årdal Indre	4	1	600 m <sup>2</sup>	275 m <sup>2</sup>

Lokaliteten ligg knappe 40 m ANA for lok.9, rett ved E39 på vestsida, under slåtte- eller beitemark som skrånar lett nedover mot den nordaustlegaste fliken av elveflata ved vatnet. Frå registreringa var det ikkje kjend dyrkingslag, men derimot eit mogleg produksjonsanlegg med datering til merovingartid (1330 ± 50 BP; 640-780 v.t.; Beta 291361), samt udaterte kokegroper og rydningsrøys.

Feltet vart opna frå sørvestlege hjørne og om lag 20 m nordvestover, oppover den lett stigande slåtte-/beitemarka, i ei breidd på 7,5 m. Det var ein god del forstyrningar i form av det som likna dumpa masse og stein, og mykje vasspåverka avsetningar. Vi utvida med eit 17 x 6 m stort felt i nordaustleg retning, tilnærma vinkelrett på resten av feltet. Det vart målt inn ein del moglege strukturar etter avdekking og oppreinsking, alle i nordaustlege halvdel av det v-forma feltet, men ved nærare gransking synte det seg at det i fleire tilfelle dreidde seg om moderne nedgravingar, steinopptrekk og grunne fyllskifte som likna lagrestar. Tre kokegropsliknande strukturar vart dokumenterte, og kolprøve for radiologisk datering frå éin av desse, A2320, vart sendt til analyse. Denne kan imidlertid daterast til nyare tid (220 ± 30 BP; 1645-Post 1950 v.t.; Beta 394283), og ingen av desse får nærare omtale her.


I profilveggen mot V<sup>7</sup> var det synlege dyrkingslag (profil A1722), så eit utsnitt av denne vart oppretthaldt under avdekking og seinare finreinska og dokumentert. Denne er gjengitt nedanfor.

---

<sup>7</sup> Eigentleg SV.




**Figur 64** Oversyn over lok. 10 under avdekking. I bakgrunnen t.h. er elveflata med lok. 8 og 25 synleg. Sett mot S. Foto: CFK.



**Figur 65** Oversynskart over lok. 10. Illustrasjon: CF/ArcMap. Alle strukturane vart avskrivne.

## Profil A1722



**Figur 66** Teikning av profil A1722 med lagskildring og datering (ukal. BP). Feltteikning: OMK. Digitalisering: CF.

Ein fire meter brei seksjon av dyrkningsprofilen vart vald ut for dokumentasjon, og denne er gjengitt her. Sju morfologisk ulike lag vart definert, og av desse vart det skilt ut fem dyrkningslag. Laga vart nummererte frå botn til topp. Profilveggen ligg langs marka si fallretning.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av svært fin sand, silt og noko leire. Lag 2 er tolka som eit mogleg tidleg dyrkningslag bestående av brungrå sand med ein del grus, mykje jernutfelling og noko trekol. Dyrkningslaga lag 3 og 4 likna lag 2, men er høvesvis mørkare og lysare variantar. Lag 3 kan vere ei blanding av 2 og 4. Lag 5 er skildra som eit dyrkningslag av gråbrun sand med ein god del grus og småstein, og litt trekol. Det har ei stor steinsamling, tolka som ei åkerrein der rydningsstein har blitt fylt i. Lag 6 bestod av grå sand med noko grus og ein del småstein, og litt trekol, medan lag 7 representerer det gråbrune filtaktige torvlaget på toppen.

## Datering

Det vart teke ut fire prøvar for radiologisk datering av profilen, og alle desse vart sendt til analyse. Resultata syner at lag 2 kan daterast til førromersk jernalder ( $2270 \pm 30$  BP; 395-210 f.v.t.; Beta 394279), og lag 4 kan daterast til høgmellomalder ( $840 \pm 30$  BP; 1155-1260 v.t.; Beta 394280).

Lag 5 fekk ei eldre datering, til merovingartid og vikingtid ( $1260 \pm 30$  BP; 670-800 v.t.; Beta 394281), medan lag 6 vart datert til sein høgmellomalder og seinmellomalder ( $540 \pm 30$  BP; 1320-1435 v.t.; Beta 394282). Lag 5 har preg av å vere eit raslag, så det verkar rimeleg at ras eller erosjon kan ha drege med seg eldre dyrkingsavsettingar frå høgare oppe i marka.

**Tabell 22** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 25

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-109	1724	1722	2	$2270 \pm 30$	Cal BC 390 til 360	Cal BC 395 til 210	394279
VP-110	1725	1722	4	$840 \pm 30$	Cal AD 1165 til 1225	Cal AD 1155 til 1260	394280
VP-111	1726	1722	5	$1260 \pm 30$	Cal AD 685 til 770	Cal AD 670 til 800	394281
VP-112	1727	1722	6	$540 \pm 30$	Cal AD 1400 til 1420	Cal AD 1320 til 1435	394282

## Gjenstandsfunn

Det vart funne ei bryne (F200017) i bergart med rektangulært tverrsnitt i matjorda på lokaliteten. Den er katalogisert i Universitetenes Samlingsdatabaser, søkbar under B17367.

## Samanfatting av lok. 10

Den eldste førhistoriske dyrkingsaktiviteten det var mogleg å påvise i sikker kontekst ved denne lokaliteten kan daterast til førromersk jernalder. Deretter er det eit stort sprang til mellomalder. Dateringa til merovingar- og vikingtid er frå ein meir usikker kontekst, men kan representere dyrkingsavsetting frå nærliggande område. Sett i samanheng med den nærliggande lok.9 har det på flata vore påvist åkerbruk frå førromersk jernalder, samanhengande gjennom jernalder og byrjinga av historisk tid, fram til minst seinmellomalder.

Pollenanalysen (Overland 2016, sjå vedlegg X) tyder på at lokaliteten i førromersk jernalder var prega av dyrking og beite. Både bygg og kveite kan ha vorte dyrka, men bygg var truleg

det viktigaste kornslaget. For laga frå mellomalderen har samansetninga av pollen sterkare preg av slåtteeing. Møkkindikerande soppsporar er registrert i laga, og kan tyde på auka bruk av gjødsel. Det kan også tyde på at slåttemarkane vart beita.

## **Samanfatting av Årdalsområdet**

Den eldste dyrkingsaktiviteten som undersøkinga kunne påvise i Årdalsområdet var frå overgangen førromersk jernalder, altså betrakteleg yngre enn den eldste påviste aktiviteten på Bjørset, Helgheim/Hus og Fyglestranda/Haugen. Rett nok føreligg det ei datering frå registreringa til siste del av yngre bronsealder, men tendensen er klar; dei eldste dateringane frå Årdal er klart yngre enn tendensen elles i undersøkingsoområdet. På den andre sida viser dateringar av fossile åkerlag til aktivitet innan alle periodar av førhistorisk tid f.o.m. førromersk jernalder, og t.o.m. mellomalder og nyare tid. Dei manglande eldre dateringane er neppe eit utslag av at dette området vart dyrka opp mykje seinare enn dei andre. Truleg skuldast det at undersøkingsoområdet her går over eit relativt flattlendt område rundt elvemunningen. Dette landskapet var ikkje like attraktivt for det tidlegaste jordbruket som dei brattlendte og solrike skråningane. På Årdal finn vi slike skråningar eit godt stykke vekk frå undersøkingsoområdet. Her vil ein truleg også finne eldre spor av jordbruksaktivitet.

Kokegroper frå fem av lokalitetane som låg på eller ved elveflata ved utlauget til Årdalselva kunne daterast til romersk jernalder. Ved lok.5 og 6 var det rett nok berre einskilde kokegroper bevart. Det vesle kokegropfeltet på lok.8 kunne daterast til både romersk jernalder og merovingartid, så delar av det kan ha høyrte til same bruksfase. Det vart ved lok.6 og 8 gjort gjenstandsfunn som kan vise til bronsealder eller tidlegare, men funnkonteksten er usikker. Det største kokegropfeltet er påvist på lok. 7. Her er også påvist spor etter ein konstruksjon som kan ha markert ei grense mellom kokegropfeltet og strandområdet/Jølstravatnet. Konstruksjonen består av ei grøft og fleire mindre stolpehol som tilsynelatande er relatert til grøfta. Dateringane av dei ulike strukturane i konstruksjonen er sprikande, og fører til noko usikkerhet kring denne tolkinga.

## Helgheim og Hus, gnr. 6 og 7 (Lokalitet 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18 og 19)



**Figur 67** Oversynsbilete Helgheim og Hus. Sett mot N. Foto: TEL. Endringer: AKD.



**Figur 68** Oversynskart Helgheim og Hus. Kartgrunnlag: Askeladden. Endringer: AKD.



Grensa mellom gardane Helgheim og Hus er trekt om lag ved midten av eit flatt, tilnærma halvmåneforma nes, Øyane. NV på dette neset, rett SA for utlaupet til Helgheimselva, ligg Helgheim kyrkje, og der har det vore kyrkjestad sidan mellomalderen (BK 7). Frå markflata nede ved vasskanten og nordover går det ei stiging opp gjennom Helgheimsdalen og Husdalen, med over 1000 m høge fjell som avgrensar i nordvest, nord og nordaust. Helgheim held fram ein dryg km mot grensa til Indre Årdal i vest, og Hus held fram tilsvarande mot aust til grensa mot Fygglestrand. I begge retningar vert landskapet meir brattlendt, og særleg austover er det prega av tettare vegetasjon mot grensa til Fygglestrand.

## LOKALITET 12 - Dyrkingsspor

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141094	Helgheim	6	4	1970 m <sup>2</sup>	168 m <sup>2</sup>


### Lokalisering

Lokalitet 12 er den vestlegaste på Helgheim, og ligg 1,6 km A for lok.11, og 700 m V for Helgheim kyrkje og lok.13. Lokaliteten ligg rett nord for vegen i Jakopbakken vest for Slåttane. Frå registreringa var det kjend eit fossilt dyrkingslag datert til siste del av yngre bronsealder (2490 ± 50 BP; 790-410 f.v.t.; Beta 291377). Fylkeskommunen skildra òg eit «mogleg produksjonsanlegg, eventuelt berre rest av avsviingslag» (Hellesøe 2011:24). Då dette vart reinska nærare fram, synt det seg at dette må var ein lagrest. Denne vart ikkje dokumentert ytterlegare.

Vi opna ei 2,5 m brei, 54 m lang V/A-orientert sjakt parallelt med lokaliteten si langside langs vegen. I vestlege ende, der vi fann att den registrerte strukturen, vart det opna eit felt på 6,7 x 7,8 m. Langs nordlege profil var det synlege dyrkingslag, og ein seksjon vart vald ut for nærare tolking. Denne er gjengitt her.




**Figur 69** Lok. 12 før avdekking. Helgheim kyrkje i bakgrunnen t.h.. Sett mot ANA. Foto: CFK



**Figur 70** Oversynskart over lok. 12. Illustrasjon: CF/ArcMap.

## Profil A27283



**Figur 71** Teikning av profil A27283 med lagskildring og datering (ukal. BP). Feltteikning: ABO. Digitalisering: CF.

Ein 2,5 m brei seksjon av profilen vart vald ut for dokumentering. Denne er gjengitt her. Det vart definert ti morfologisk ulike lag i profilen, og desse vart nummererte frå botn til topp.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen, som bestod av guloransje til blågrå sand og grus. Lag 2 var skildra som lys sand og tolka som eit utvaskingslag med innblanding av spreidd trekol frå laget over. Lag 3 og 6 er truleg same horisont av rydning eller tidleg dyrking, og bestod av gråsvart feit humushaldig sand med mykje trekol. Lag 4 bestod av brun feit humushaldig sand med trekol, moglegvis utkant av åker. Lag 5 vart òg tolka som utkant av åker, bestående av samansett brunraudspetta feit humushaldig sand/torv med noko trekol. Lag 7 bestod av mørkbrun feit humushaldig sand med trekol, åkeravsetning. Ned i laget gjekk

ei om lag 30 cm brei lomme som likna lag 7, men som i stor grad manglar trekol. Det fekk ikkje eiga nemning i felt, men vert her kalla 7b. Lag 8 bestod av gråbrun humushaldig sand med trekol, og representerer truleg ei åkeravsetning. Lag 9 vart òg tolka som dyrkingslag, bestående av brungrå humushaldig sand med spreidd trekol. Lag 10 representerer moderne drift.

## Datering

Det vart teke ut sju kolprøver til radiologisk datering, og av desse vart fire sendt inn til analyse. Resultata synte at lag 3 kunne daterast innanfor eldre bronsealder periode II eller III ( $3020 \pm 30$  BP; 1385-1130 f.v.t.; Beta 394284), at lag 4 kunne daterast til same tid, ( $3000 \pm 30$  BP; 1370-1125 f.v.t.; Beta 394285), medan lag 7 daterast til yngre bronsealder periode V, ( $2640 \pm 30$  BP; 830-790 f.v.t.; Beta 394286). Ei prøve vart òg teken ut frå lomma lag 7b, denne fekk datering innanfor yngre bronsealder periode V og VI eller tidleg førromersk jernalder, ( $2440 \pm 30$  BP; 755-405 f.v.t.; Beta 394287).

**Tabell 23** Dateringsresultat frå lok. 12

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-551	27289	27283	3	$3020 \pm 30$	Cal BC 1365 til 1220	Cal BC 1385 til 1130	394284
VP-552	27285	27283	4	$3000 \pm 30$	Cal BC 1265 til 1210	Cal BC 1370 til 1125	394285
VP-555	27296	27283	7	$2640 \pm 30$	Cal BC 815 til 800	Cal BC 830 til 790	394286
VP-556	27290	27283	7b	$2440 \pm 30$	Cal BC 735 til 415	Cal BC 755 til 405	394287

## Samanfatting av lok. 12

Ved lokaliteten vart det påvist dyrkingsaktivitet frå eldre og yngre bronsealder og inn i førromersk jernalder.

Pollenanalysen (Overland 2016, sjå vedlegg X) syner at området alt var oppdyrka i eldre bronsealder og at det vert dyrka bygg på den tida. Landskapet rundt var prega av blandingskog (or, hassel, bjørk og rogn). I løpet av yngre bronsealder og tidlegaste delen av førromersk jernalder vert det rydda ytterlegare, og truleg vert både grasmakar og dyrka areal utvida. Det er påvist forkola byggkorn i makroprøvene frå yngre bronsealder og førromersk jernalder.

## LOKALITET 13 - Aktivitetsområde

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141095	Helgheim	6	3	2500 m <sup>2</sup>	992 m <sup>2</sup>



**Figur 72** Lok. 13 før avdekking. Helgheim kyrkje i bakgrunnen. Sett mot SV. Foto: CF.


Lokalitet 13 ligg om lag 700 m A for lok.12, knappe 100 m NA og på den andre sida av E39 for Helgheim kyrkje, på ei flat slåtte- og beitemark S for Helgheimselva. Frå registreringane var det kjend seks kokegroper, den eine datert til romersk jernalder (1840 ± 40 BP; 80-250 v.t.; Beta 291366) og ti moglege stolpehol, det eine, S43, datert til førromersk jernalder (2200 ± 40 BP; 380-170 f.v.t.; Beta 291365).

Det vart opna eitt felt på lokaliteten, frå SV. Det var mykje tilsig av vatn under avdekking, og undergrunnen var vanskeleg å få oversyn over. Det var tett med stein av ulik storleik, og over heile feltet låg det att restar av eit kolhaldig lag. Feltet vart reinska i fleire omgangar før vi kunne måle inn, granske og dokumentere strukturane, under 30-40 cm med matjord. 44 strukturar vart målt inn innleiingsvis, heile 33 av desse vart avskrivne etter nøyare gransking. Aktivitetsspora har vore forstyrre av elvelaup som tidlegare har gått gjennom lokaliteten (visast t.d. på utskiftingskartet frå 1868), seinare dyrking, overfløyning, og kan hende flodbølgje som følgje av ras frå fjellet Orkja på sørsida av vatnet.<sup>8</sup>

<sup>8</sup> «1862 drukna to born då eit ras i fjellet Orkja førde til ei stor flodbylgje i Jølstravatnet. I Orkja har det gått store ras både i 1684, 1862 og 1959» [http://nrk.no/sf/leksikon/index.php/Ulukker\\_i\\_Jølster](http://nrk.no/sf/leksikon/index.php/Ulukker_i_Jølster)


**Tabell 24** Liste over strukturar på lok.13, sortert etter type.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdcm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
20280	Stolpehull	rund	30	30	30	20	rund	skrå
20150	Stolpelignende	rund	30	40	30	6	ujevvn	rund
20208	Stolpelignende	rund	16	16	16	10	rund	rund
20542	Stolpelignende	rund	30	30	29	16	flat	lodrett
26594	Stolpelignende	rund	35	35	35	11	rund	rund
26618	Stolpelignende	rektangulær	25	32	32	14	flat	lodrett
26642	Stolpelignende	rund	30	30	30	14	flat	lodrett
20137	Kokegrop	rektangulær	60	70	70	10	ujevvn	
20193	Grop	rund	25	25	25	15	rund	rund
20246	Grop	ujevvn	41	31	42	6	flat	rund
20257	Grop	uformet	42	48	40	7	ujevvn	rund




### Stolpehol A20280

Strukturen hadde ei rund form i flata som målte 30 x 30 cm. Etter snitting synte den seg å vere 20 cm djup og ha ei avrunda spiss, tilnærma symmetrisk form. Den bestod av mørk brun silt, sand og matjord med små stein samt litt kol.



**Figur 74** Fotografi og teikning av A20280 i profil. Felteikning: AH. Digitalisering: AKD.




- ① Mørk brun silt/sand med matjord og småstein
- ② Raudbrun sand. Steril undergrunn.

### Stolpehol A20542

Strukturen hadde ei rund form i flata som målte 30 x 30 cm. Etter snitting synte den seg å vere 16 cm djup og ha ei avrunda, noko asymmetrisk form. Den bestod av gråbrun sandig silt med litt kol.



**Figur 75** Fotografi og teikning av A20542 i profil. Felteikning: CF. Digitalisering: AKD.




- ① Gråbrun sandig silt.

### Stolpehol A26618

I plan var strukturen rektangulær og målte 32 x 25 cm. Ved snitting synte den seg å vere 14 cm djup med flat botn og loddrette til steile sider. Massen bestod av gråbrun sand og silt med litt trekol.






**Figur 76** Fotografi og teikning av A26618 i profil. Felteikning: CF. Digitalisering: AKD.

### Stolpehol A26642

Strukturen var rund i flata og målte 30 x 30 cm. Ved snitting syntte den seg å vere 14 cm djup med ein flat, skrånande botn og loddrette sider. Massen bestod av gråbrun sandig silt med litt trekol.



**Figur 77** Fotografi og teikning av A26642 i profil. Felteikning: CF. Digitalisering: AKD.

### Datering

Det vart teke ut fem kolprøvar for radiologisk datering frå lokaliteten. Av desse vart tre sendt inn til analyse, alle frå stolpeliknande strukturar.

Resultata syner at A20542 og A20280 begge kan daterast til førromersk jernalder ( $2240 \pm 30$  BP; 390-205 f.v.t.; Beta 394290, og  $2150 \pm 30$  BP; 350-105 f.v.t.; Beta 394288). Dei ligg med tolv meters mellomrom. A26618 kan daterast til merovingartid-vikingtid ( $1210 \pm 30$  BP; 715-890 v.t.; Beta-394289).

**Tabell 1** Dateringsresultat frå lok. 13

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-526	30586	20542	$2240 \pm 30$	Cal BC 375 til 210	Cal BC 390 til 205	394290
VP-382	30529	20280	$2150 \pm 30$	Cal BC 340 til 170	Cal BC 350 til 105	394288
VP-525	30585	26618	$1210 \pm 30$	Cal AD 770 til 880	Cal AD 715 til 890	394289

### Samanfatting av lok. 13

Lok. 13 har restar etter busetnadsspor, men diverre er området også særst forstyrta, truleg mest av di elva innimellom har teke seg laup over flata. Dateringsresultata peikar først og fremst på aktivitet i førromersk jernalder (to stolpehol frå vår undersøking og ei kokegrop frå fylkeskommunen si registrering). I tillegg har eit einskild stolpehol fått datering til yngre jernalder. Det let seg diverre ikkje rekonstruere nærare, men her har truleg stått bygningar i dei respektive periodane. Om det har dreia seg om bustadhus eller andre typar bygning (lager e.l.) let seg ikkje avgjere.


## LOKALITET 15 – Kokegropfelt

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141099	Hus	7	1	1250 m <sup>2</sup>	961 m <sup>2</sup>

Lokalitet 15 låg om lag 100 meter A for lok.14, knappe 300 m ASA for kyrkja, i flat beite- og slåttemark heilt aust på neset Øyane. På det knappaste 15 m NV for vasskanten. Rett på nordsida av E39 ligg lok. 16, og under 20 m mot NA er lok. 17. Desse tre lokalitetane er altså for tilgrensande å rekne, og er berre kunstig åtskilde av vegtraseen. Frå registreringa var det kjend éi røys og åtte eldstader/kokegropar, to av dei sistnemnde med dateringar til yngre romartid (1700 ± 50 BP; 230-430 v.t.; Beta 291384, og 1740 ± 40 BP; 220-400 v.t.; Beta 291371), samt eit fossilt dyrkingslag eller «kulturlagsliknande avsetning» datert til yngre romartid-folkevandringstid (1630 ± 40 BP; 340-540 v.t.; Beta 291380). Det siste vart ikkje funne att. Det dreier seg truleg om utflytande kolhaldige massar som særleg låg over kokegropene i den sørlege delen av feltet.



**Figur 78** Oversyns- og arbeidsfoto av lok. 15 under utgraving. Foto: AKD. Avbilda: CEM (t.v.) og OFU. Sett mot SA.




**Figur 79** Oversynskart over austlege del av lok. 15, med differensiering mellom undersøkte og ikkje undersøkte kokegropar/kokegropsliknande struktur. Illustrasjon: CF/ArcMap.

Det vart opna eitt felt på lokaliteten, som utgjorde 961 m<sup>2</sup> av den anslegne utstrekninga. Grunnlaget for å avtorve så stor del av lokaliteten var den moglege gravrøysa frå fylkeskommunen si registrering som låg heilt i lokaliteten sin vestlege ende, medan resten av strukturane låg konsentrerte i aust, fleire delvis overlappande. Røysa (A22029) vart funnen att, men vurdert som å vere ei moderne rydningsrøys etter nærare gransking, og ikkje ytterlegare dokumentert. Etter fleire omgangar med oppreinsking vart 44 strukturar, alle kokegropar eller kokegropsliknande struktur, målt inn. Av desse vart nesten halvparten, tjue, valde ut for dokumentasjon. Eit utval vert gjengitt her.

### **Kokegrop A27306**


Kokegropa var rund i flata og målte 100 x 100 cm. Ved snitting synte den seg å vere 22 cm djup med ein avrunda, ujamn botn med runde sider. Den hadde eit tjukt fossilt kollag og skjørbrend stein.



**Figur 80** Fotografi og teikning av A27306 i profil. Felteikning: AH. Digitalisering: AKD.

### Kokegrop A22552

Kokegropa hadde ei oval form i flata, og målte 94 x 82 cm. Ved snitting synta den seg å ha ein flat botn med runde sider, og var 10 cm djup. Den hadde eit fossilt kollag, men mangla skjørbrend stein.




- ① Svart kollag.
- ② Sand/silt, grus og småstein. Steril undergrunn.

**Figur 81** Fotografi og teikning av A22552 i profil. Feltteikning: OFU. Digitalisering: AKD.

## Kokegrop A22356


Kokegropa hadde ei rund form i flata og målte 185 x 170 cm. Ved snitting synta den seg å vere 40 cm djup med ein flat botn og runde sider. Den hadde eit fossilt kollag og mykje skjørbrend stein.



**Figur 82** Foto og teikning av A22356 i profil. Feltteikning: AH. Digitalisering: AKD.

## Kokegrop A22271

Kokegropa låg på ei delvis overlappende rekke med A22282, A22297 og A22501, og er dokumentert saman med desse. Det er like fullt berre denne som vil bli omtala her. Den hadde ei noko ujamn rund form i flata og målte 100 x 100 cm. Ved snitting synta den seg å vere 29 cm djup, med avrunda form. Den skar gjennom kokegrop A22282 og må såleis vere yngre.




**Figur 83** Fotografi og teikning av A22271, A22282, A22297 og A22501 i profil. Felteikning: AH.  
Digitalisering: AKD.



## Kokegrop A22328

Kokegropa hadde ei oval form i flata og målte 95 x 67 cm. Ved snitting synte den seg å vere 23 cm djup med ein flat, så vidt avrunda botn og runde sider. Den inneheldt eit fossilt kollag og mykje skjørbrend stein.



**Figur 84** Fotografi og teikning av A22328 i profil. Feltteikning og digitalisering: AKD.

**Tabell 26** Liste over innmålte strukturar på lok.15

Struktur	Type	undersøkt	Flate			Profil		
			form	lengde cm	bredd cm	dybde cm	bunn	sider
22126	Kokegrop		oval	62	50			
22150	Kokegrop							
22170	Kokegrop	X	rund	80	67	9	rund	rund
22182	Kokegrop	X	rund	68	65	12	flat	rund
22191	Kokegrop	X	rund	81	77	14	rund	rund
22202	Kokegrop	X	ujevn	70	50	16	rund	skrå
22210	Kokegrop	X	rund	92	81	21	flat	skrå

22221	Kokegrop	X	rund	88	80	8	flat	rund
22232	Kokegrop			51	39			
22240	Kokegrop	X	rund	75	75	11	flat	rund
22259	Kokegrop		avlang	150	62			
22271	Kokegrop	X	rund	100	100	29	flat	rund
22282	Kokegrop	X	rund	112	152	32	flat	rund
22297	Kokegrop	X	rund	125	126	27	flat	rund
22309	Kokegrop	X	rund	135	110	40	rund	rund
22320	Kokegrop	X	rund	53	45	11	rund	rund
22328	Kokegrop	X	oval	95	67	23	rund	skrå
22356	Kokegrop	X	rund	185	170	40	flat	rund
22382	Kokegrop		oval	115	82			
22501	Kokegrop	X	rund	80	65	26	flat	rund
22513	Kokegrop		rund	85	55			
22522	Kokegrop		rund	79	30			
22552	Kokegrop	X	oval	94	82	10	flat	rund
22567	Kokegrop		rund	93	87			
22577	Kokegrop		oval	103	86			
22587	Kokegrop	X	rund	70	70	18	rund	skrå
22596	Kokegrop	X	rund	75	70	25	rund	rund
22607	Kokegrop		oval	95	67			
22617	Kokegrop			159	125			
22630	Kokegrop		oval	119	96			
22641	Kokegrop		oval	89	66			
27306	Kokegrop	X	rund	100	100	22	ujevn	rund
27314	Kokegrop		oval	104	87			
27337	Kokegrop		rund	68	64			
22135	Kokegropslignende		oval	49	39			
22142	Kokegropslignende		oval	45	33			
22162	Kokegropslignende			48	38			
22252	Kokegropslignende		rund	39	38			
22338	Kokegropslignende		oval	48	39			
22344	Kokegropslignende		rund	18	15			
22350	Kokegropslignende		rund	20	17			
22391	Kokegropslignende		oval	41	26			
22545	Kokegropslignende		oval	64	50			
22652	Kokegropslignende		oval	45	33			
22029	Rydningrøys	X	ujevn	200	150	15	ujevn	rund


## Datering

Det vart teke ut atten kolprøvar for datering, og fem av desse vart sendt til analyse. Dei gav dateringar jamt spreidd over romersk jernalder, folkevandringstid, og i overgangen til merovingartid. Alle prøvane vart daterte på bjørk, utanom den fyrstnemnde nedanfor (Beta 394293), som vart bestemt til or.

Resultata synte at kokegrop A27306 kan daterast til romersk jernalder, hovudsakleg innan eldre romartid ( $1840 \pm 30$  BP; 85-240 v.t.; Beta 394293), medan kokegrop A22552 kan daterast til yngre romartid ( $1720 \pm 30$  BP; 240-395 v.t.; Beta 394295). Kokegropene A22356 ( $1600 \pm 30$  BP; 395-540 v.t.; Beta 394291), A22271 ( $1580 \pm 30$  BP; 405-550 v.t.; Beta 394292) og A22328 ( $1530 \pm 30$  BP; 425-600 v.t.; Beta 394294) har dateringar som i hovudsak fell innanfor folkevandringstid.

**Tabell 27** Oversyn over dateringsresultat frå lok. 15.

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-571	27374	22271	$1580 \pm 30$	Cal AD 420 til 540	Cal AD 405 til 550	394292
VP-573	30733	27306	$1840 \pm 30$	Cal AD 130 til 230	Cal AD 85 til 240	394293
VP-564	30738	22356	$1600 \pm 30$	Cal AD 415 til 535	Cal AD 395 til 540	394291
VP-575	30744	22328	$1530 \pm 30$	Cal AD 475 til 570	Cal AD 425 til 600	394294
VP-583	30754	22552	$1720 \pm 30$	Cal AD 255 til 380	Cal AD 240 til 395	394295



**Figur 85** Oversynskart over lok. 15, med dateringar (ukal. BP). Illustrasjon: CF/ArcMap

## Gjenstandsfunn

Det vart gjort tre gjenstandsfunn på lokaliteten. Av desse var éin skrapar i flint (F22134) funne på/ved kokegrop A22126. Den var vassrulla og såg ut til å opphavleg ha vore del av ein større gjenstand med spor etter flatehogging, t.d. sigd. Det vart vidare gjort funn av to avslag av bergkrystall (F22134, F30751), det eine i tilknytning til same struktur som skraparen, og det andre på/ved kokegrop A22150. Alle tre funna stammar truleg frå den overliggande matjorda. Dei er katalogiserte i Universitetenes Samlingsdatabaser (musit), søkbare under B17359.

## Samanfatting av lok. 15

Ved lok. 15 vart det påvist aktivitet, representert ved eit kokegropfelt. Ut frå dateringane vert kokegropfeltet etablert i eldre romersk jernalder, held fram vidare gjennom yngre romersk jernalder og inn i folkevandringstid. Feltet går truleg ut av bruk i løpet av folkevandringstid, sjølv om den yngste dateringane opnar for at det kan ha vore i bruk inn i byrjinga av

merovingertid. Samanlikna med kokegropfeltet i Årdal (lok. 7) har truleg lok. 15 vore i bruk over lengre tid. Fleire meir eller mindre overlappende kokegroper vitnar òg om bruk over tid. Særleg frå romersk jernalder er det mange strukturar på den nærliggande lok. 17, og det er naturleg å sjå desse lokalitetane i samanheng. Til liks med lok. 7 synast det å vere ei nær tilknytning mellom vatnet og kokegropene. Strandkanten går om lag 20 meter frå feltet.

Gjenstandsfunna som var gjort representerer truleg aktivitet attende til seinneolittisk tid-bronsealder. Det er ikkje dokumentert strukturar frå denne tida på lok. 15, men slike er representert på den nærliggande lok. 17.

## LOKALITET 16 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141101	Hus	7	1	1400 m <sup>2</sup>	858 m <sup>2</sup>


Lokaliteten ligg rett nord for lok. 15, og på det knappaste dryge 20 m NV for vasskanten, i beite- og slåttemark som skrånar ned mot vegen og vatnet i S. Berre eit gjerde skil lok.16 frå lok.17 i aust. Vi opna eit felt på 55 x 17 m, med lengderetninga orientert så å seie vest-aust, langs lokalitetsavgrensinga. Frå registreringane var det kjend ei rydningsrøys, groper og fossilt dyrkingsslag. Sistnemnde vart datert til yngre romartid (240-420 v.t.; 1700 ± 40 BP; Beta 291370). Under avdekkinga var det mykje nedbør, noko som gjorde flateavdekkinga i den relativt bratte skråninga noko vanskeleg og uoversiktleg. Etter avdekking og oppreinsking vart det målt inn 38 strukturar på lokaliteten, 31 av desse vart ved nærare gransking avskrivne som fyllskifte, lagrestar, og steinopptrekk. Av dei vi stod att med var det fem frittstående stolpeliknande strukturar som òg kunne sjå ut som steinopptrekk, usikre groper, ei rydningsrøys, og grøfteliknande strukturar. Strukturane får ikkje nærare omtale, men er gjengitt i ein tabell nedanfor. Det vart teke ut kolprøver for radiologisk datering frå tre strukturar. Dateringsresultata frå to av strukturane finst i vedlegg VI (Beta 386171 og 386172). Under avdekking av feltet let vi det stå att ei «øy» med fire profilveggar. Profilen mot N, A25733, vart vald ut for finreinsking og dokumentering. I nordaustlege hjørne av feltet valde vi òg ut to seksjonar av profilveggar, éin nordvend og éin austvend, A25730 N og A. Desse tre, alle med påviste dyrkingshorisontar, vert attgjeve her.



**Figur 86** Lok. 16 før avdekking. Lok. 15 og Jølstravatnet i bakgrunnen. Sett mot SV. Foto: O-M Kildedal.

**Tabell 28** Liste over innmålte strukturar på lok. 16, sortert etter type.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdem	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
21052	Stolpelignende	rund	50	50	50	16	rund	skrå
21060	Stolpelignende	rund	35	35	35	18	ujevn	rund
21097	Stolpelignende	rund	38	40	38	15	rund	rund
21146	Stolpelignende	oval	40	48	48	11	rund	rund
24548	Stolpelignende	rund	50	30	50	15	rund	rund
20972	Grop	rund	61	63	61	9	flat	skrå
21026	Rydningrøys	uformet	110	130	190	50	ujevn	skrå



**Figur 87** Oversynskart over lok.16. Illustrasjon: AKD/ArcMap

**Tabell 29** Dateringsresultat frå strukturar på lok. 16

VP-NO	Intrasis NO	Struktur NO	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-098	24546	21052	2290 ± 30	Cal BC 395 til 370	Cal BC 400 til 255	386171
VP-099	24547	21146	1270 ± 30	Cal AD 680 til 770	Cal AD 670 til 775	386172

### Profil A25733

Profilen er den 2,7 m breie sørveggen av øya vi let stå att under avdekking av feltet. Denne vert gjengitt her. Det vart definert ti morfologisk ulike lag i profilveggen, som vart nummererte frå botn til topp.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av guloransje sand og grus. Dei neste åtte laga til topptorva, såg ut til å representere dyrkingslag. Lag 2 bestod av mørk brun, fin sand med litt grus og mykje trekol. Laget representerer nok tidleg rydning og moglegvis dyrking. Lag 3 bestod av brun sand med noko grus og mykje trekol som låg som tjukke linser. Lag 4 likna, men bestod av meir grus og noko mindre trekol, her òg som lommer. Lag 5 bestod av brun sand med mykje grus og ein del småstein, og jamt spreidde trekolbitar. Lag 6 er skildra på same måte, men med meir grus og berre spor av trekol. Lag 7 skilde seg ut som bestående av




lysare brun sand med oransje flekkar. Det var ein skilde spor etter trekol i laget. Lag 8 er skildra som brun sand med litt grus og ein del småstein, samt spor av trekol. Lag 9 likna, men bestod av finare sand, mindre grus og færre småstein. Her var òg spor av trekol. Lag 10 representerer topplaget av filtaktig humushaldig grastorv.

## Datering

Det vart teke ut åtte kolprøver for radiologisk datering frå profilen. Éi av desse vart sendt inn til analyse. Resultatet synte at botnlaget over den sterile undergrunnen, lag 2, kunne daterast til førromersk jernalder ( $2220 \pm 30$  BP; 380-200 f.v.t.; Beta 394296).

A25733, dyrkningprofil mot N  
Lokalitet 16  
110714 OMK




**Figur 88** Teikning av profil A25733 med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: OMK. Digitalisering: CF.

## **Profil A25730**

Profil A25730 var avgrensa i nordaustlege hjørne av feltet, og bestod av ein 3 m brei nordvend og ein 1,6 m brei austvend seksjon, som hang saman. Den austvende profilen gjekk parallelt med bakken si fallretning. Dei to profilane vert gjennomgått kvar for seg i det følgjande, men i lagskildringane som følgjer med illustrasjonane vert det fortløpande vist til kva lag dei ulike svarar til i motsett profil.

### ***A25730 N***

I den 3 m breie seksjonen mot nord vart det definert tolv morfologisk ulike lag, nummererte frå botn til topp. Ti av desse vart tolka som dyrkingslag. Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av guloransje grus med mykje sand. Lag 2 representerer truleg eit tidleg ryddings- eller dyrkingslag, og er skildra som mørk brun/svart fin sand med svært mykje trekol. Lag 3 var tolka som eit dyrkingslag og skildra på same måte, men som noko mindre svart i fargen. Lag 4 var skildra som eit dyrkingslag av brun, fin sand med ein god del stein og mykje trekol. Lag 5 og 6 var restar av dyrkingslag som framstod som topografisk danna linser i profilen, høvesvis beståande av mørk brun/svart fin sand og mykje trekol, og brun fin sand med ein del småstein og ein god del trekol. Lag 7 var tolka som eit dyrkingslag beståande av brun fin sand med noko småstein og mykje trekol. Lag 8 var rest av dyrkingslag i ei linse, beståande av mørk brun, fin sand med mykje trekol. Lag 9 var svært skarpt definert i høve til laga under, beståande av brun sand med mykje grus og ein god del småstein, samt spor etter kol. Det kan representere dyrking der laga under har blitt pløya opp og omrota. Lag 10 var skildra som eit dyrkingslag beståande av brun sand med mykje grus og småstein, samt ein god del trekol. Lag 11 bestod av brungrå sand med ein god del grus, ein del småstein og ein god del trekol. Topplaget er representert ved lag 12, som bestod av brungrå, humushaldig sand med grastorv mot toppen.




**Figur 89** Teikning av profil A25730 N med lagskildring og datering (ukal. BP). Feltteikning: OMK.  
Digitalisering: CF.

### A25730 A

I den 1,6 m breie seksjonen av profilen som vende mot aust, vart det definert ni morfologisk ulike lag, nummererte frå botn til topp. Sju av desse var tolka som dyrkingslag. Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av guloransje grus med mykje sand. Lag 2 har vore tolka som eit tidleg dyrkingslag bestående av mørk brun sand med noko grus og svært mykje trekol. Det vart føreslått å tilsvare lag 3 i profilen mot nord, men lag 2 fekk ei eldre datering. Lag 3 og 4 er begge skildra som dyrkingslag bestående av brun fin sand og mykje trekol, og

lag 3 med noko småstein. Lag 4 framstod som ei under 1 m brei linse i profilen, og tilsvarar lag 8 i profilen mot nord. Eit motsvar til lag 9 mot N kan finnast i dyrkingslaget lag 5 som bestod av brun sand med ein god del grus og einskilde småstein. På same måte kan lag 6 relaterast til 10 i profil mot N, dette er òg tolka som eit dyrkingslag og bestod av brun sand med mykje grus og småstein, og ein god del trekol. Lag 7 kan tilsvare dyrkingslaget lag 13 i profil mot N, og bestod av brun sand med småstein og mindre grus enn laga over og under, og spor av trekol. Topplaget er representert ved lag 9, bestående av brungrå humushaldig sand med noko grus og grastorv mot toppen. Dette representerer nok moderne drift.

A25730, dyrkningsprofil mot A  
Lokalitet 16  
160714 OMK



**Figur 90** Teikning av profil A25730 A med lagskildring og datering (ukal. BP). Feltteikning: OMK. Digitalisering: CF.

## Datering

### A25730 N

Frå profilen mot nord vart det teke ut sju kolprøver for radiologisk datering. Fire av desse vart sendt inn til analyse. Resultata syner at lag 3 kan daterast til siste del av yngre bronsealder eller tidleg førromersk jernalder ( $2400 \pm 30$  BP; 730-400 f.v.t.; Beta 394297). Lag 7 kan daterast til vikingtid ( $1140 \pm 30$  BP; 775-980 v.t.; Beta 394298). Lag 9 kan daterast til høgmellomalder ( $810 \pm 30$  BP; 1165-1270 v.t.; Beta 394299), medan lag 10 kan gis ei noko eldre datering, til tidleg- og høgmellomalder ( $890 \pm 30$  BP; 1040-1220 v.t.; Beta 394300).

### A25730 A

Frå profilen mot aust vart det teke ut éi kolprøve, frå lag 2. Denne vart sendt til analyse og syner at laget kan daterast til eldre bronsealder periode II ( $3150 \pm 30$  BP; 1495-1320 f.v.t.; Beta 394301).

**Tabell 30** Dateringsresultat frå dyrkingsprofilar på lok.16

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-311	26374	25733	2	$2220 \pm 30$	Cal BC 360 til 205	Cal BC 380 til 200	394296
VP-320	26571	25730N	3	$2400 \pm 30$	Cal BC 510 til 405	Cal BC 730 til 400	394297
VP-321	26572	25730N	7	$1140 \pm 30$	Cal AD 885 til 965	Cal AD 775 til 980	394298
VP-322	26573	25730N	9	$810 \pm 30$	Cal AD 1215 til 1260	Cal AD 1165 til 1270	394299
VP-323	26574	25730N	10	$890 \pm 30$	Cal AD 1050 til 1190	Cal AD 1040 til 1220	394300
VP-400	26879	25730A	2	$3150 \pm 30$	Cal BC 1440 til 1410	Cal BC 1495 til 1320	394301

## Gjenstandsfunn

Det vart gjort tre gjenstandsfunn på lokaliteten; éin bipolar kjerne i flint (F1) og to bryner med rektangulært tverrsnitt (F20994, F21034). Kjernen vart funne i matjorda, medan brynene vart funne ved/på høvesvis A20988 og A21020. Fyrstnemnde struktur vart avskriven, medan sistnemnde var tolka som ei rydningsrøys. Funna er katalogisert i Universitetenes Samlingsdatabaser (musit), og søkbare under B17360.

## **Samanfatting av lok. 16**

Ved undersøkinga vart det påvist minst éin bruksfase med dyrking i eldre og yngre bronsealder, førromersk jernalder, samt frå vikingtid, og tidleg- og høgmellomalder. Brota kan skuldast at spora etter dyrking har erodert vekk i den bratte skråninga. Det er kort avstand austover til dyrkingsprofilen på lok. 17 med dyrkingslag datert til romartid, folkevandringstid og merovingartid. Den eldste påviste dyrkinga på lokaliteten er bevart i øvste, og brattaste del av bakken. Lengre nede, der bakken hallar noko svakare, var den eldste påviste dyrkinga derimot datert til førromersk jernalder.

Den pollenbotaniske undersøkinga frå lokalitet 16 (Overland 2016, sjå vedlegg X) syner at området i eldre bronsealder var prega av beitemark og moglegvis dyrking. Omkring lokaliteten har det truleg vore krattvegetasjon av lauvtre. Dei høge trekolverdiane kan tyde på rydningsbrannar eller bruk av hushaldsavfall som gjødsel. Dyrkingsindikatorane er tydelegare i yngre bronsealder og førromersk jernalder. I lag frå vikingtid og mellomalder er trekolmengda tydeleg redusert, noko som kan indikere kontinuerleg dyrking/drift utan rydningsbrannar. Bygg har høge verdiar i mellomalder. Mogleg er det også dyrka kveite i denne perioden.

## LOKALITET 17 – Busetnads- og aktivitetsområde, og dyrkingsspor

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141102	Hus	7	2-4	1500 m <sup>2</sup>	1128 m <sup>2</sup>



**Figur 91** Arbeidsfoto frå lok. 17, under avdekking og oppreinsking. Sett mot A. Foto: TEL. Avbildet: CEM og OMK.

Lokaliteten ligg umiddelbart aust for lok.16, og NV for lok 15, i beite- og slåttemark som skrånar sørover mot E39 og vatnet. I røynda høyrer desse tre saman, og aktivitetsspor særleg frå lok. 15 og 17 og den romlege organiseringa av desse gjer det naturleg å sjå dei i samanheng, kunstig broten opp av vegtraseen. Frå registreringa var det kjend fossile dyrkingsspor, eitt datert til romersk jernalder ( $1830 \pm 40$  BP; 80-310 v.t.; Beta 291372) og eitt til høgmellomalder ( $740 \pm 40$  BP; 1220-1300 v.t.; Beta 291373).

Avdekkinga av lokaliteten byrja med ei 2 m brei sjakt frå vestlege ende av lokaliteten, sidan vi utifrå dei kjende tilhøva skulle dokumentere dyrkingshorisonantar. Etter vi hadde grave ei om lag 30 m lang, rettvinkla omvendt Z-forma sjakt, støytt vi på ei steinpakning rett over undergrunnsnivå, nesten to meter under torva. Då vi granska denne nøyare med krafse og graveskei, dukka det opp eit skår av asbestkeramikk. Det vart teke ei avgjersle om at sjakta skulle utvidast. Det dukka opp fleire kokegroper og groper, og etter kvart stolpehol. Feltet vart utvida mot sør og nord i fleire omgangar, og austover til om lag 10 m forbi lokalitetsavgrensinga. Til saman var hovuddelen av feltet om lag 67 m langt frå vest til aust, og 19 m breitt frå nord til sør. Samstundes med og i etterkant av avdekking vart lokaliteten

reinska med krafse i fleire omgangar, då det låg att restar av det overliggende dyrkingslaget over delar av undergrunnen, som gjorde det vanskeleg å avgrense og tolke ein del av strukturane. Det vart målt inn 128 strukturar, og 116 stk. (90%), vart granska nøyare ved snitting, og i den prosessen vart 43 avskrivne som lagrestar, steinkonsentrasjonar, del av moderne drenering, eller definert som fyllskifte. Frå strukturane vart det teke ut til saman 71 kolprøvar for radiologisk datering. Av desse vart 21 sendt inn til analyse.

Frå profilveggen i N vart det vald ut ein i underkant 8 m lang seksjon for dokumentering av dyrkingshorisontar. Denne er gjengitt nedanfor.






**Figur 92** Oversynskart over innmålte arkeologiske objekt på lok.17, med utheving av dyrkningsprofil. Illustrasjon: AKD/ArcMap.

## Anlegg I: Firestolparskonstruksjon med produksjonsanlegg

Tabell 31 Strukturar som inngår i anlegg I, sortert etter type.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdcm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
24634	Grop	rund	181	159	167	23	rund	rund
25635	Grop/grøft	avlang	65	150	140	18	rund	rund
21220	Stolpehull	oval	28	48	47	25	ujevn	rund
21274	Stolpehull	oval	34	37	39	17	rund	skrå
21291	Stolpehull	rund	35	45	32	26	rund	skrå
21621	Stolpehull	rund	50	45	40	35	flat	steil

Fire solide stolpehol, alle med steinpakning, danna ei tilnærma kvadratisk form med 1,4-2,5 m




mellomrom, som omslutta ei stor sirkulær grop, A24634, og ei avlang grop/grøft, A25635. Dei seks strukturane vart i etterkant tolka som å inngå i ein samanheng, spor etter eit produksjonsanlegg, moglegvis relatert til kokegropfeltet med same datering (romersk jernalder). Grøfta kan sjå ut til å ha hatt ein avrenningsfunksjon. Det vart ikkje funne spor etter slag i tilknytning til nokon av strukturane.

## Stolpehol A21621

I flata var A21621 sirkulær med eit par store steinar, og målte 50 x 45 cm. Etter snitting synt den seg å vere 35 cm djup med steinpakning, steile sider og flat botn.



**Figur 94** Foto og teikning av A21621 i profil.  
Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.




- ① Mørk brun sand/silt med stein av ulik storleik. Store steinar øvst og nedst.
- ② Fin, lys brun sand.
- ③ Grov grus og stein, steril undergrunn.

## Stolpehol A21220

Strukturen hadde ei oval form i flata og målte 48 x 28 cm. Etter snitting synt den seg å vere 25 cm djup med runde sider og ein ujamn botn. Den hadde ein tett steinpakning.



**Figur 95** Foto og teikning av A21220 i profil.  
Feltteikning: OFU. Digitalisering: AKD.



- ① Mørk brun kolhaldig sandig silt med stein.
- ② Gulbrun siltig sand med små stein.

## Stolpehol A21274


Strukturen hadde ein oval form i flata og målte 37 x 34 cm. Etter snitting synt den seg å vere 17 cm djup med steinpakning, skrå sider og rund botn.



**Figur 96** Foto og teikning av A21274 i profil. Felteikning: CFK. Digitalisering: AKD.

## Stolpehol A21291


Strukturen hadde ei sirkulær form i flata og målte 45 x 35 cm. Etter snitting synt den seg å vere 26 cm djup med steinpakning, steile til skrå sider og rund botn.



**Figur 97** Foto og teikning av A21291 i profil. Felteikning: CFK. Digitalisering: AKD.

## Grøft A25635


Strukturen hadde ei avlang avrunda form, breiare i midten enn på sidene, og målte 150 x 65 cm. I nord skar grop A24634 ned. Etter snitting syntte den seg å vere 18 cm djup med runde sider og botn. Den kunne sjå ut til å bestå av fleire groper, men det var ikkje råd å påvise noko tydeleg skilje mellom desse i plan eller profil. Frå A24634 i nord var det lett helling nedover mot sør.



**Figur 98** Foto og teikning av A25635 i profil. Feltteikning og reinteikning: AKD.

## Grop A24634

Strukturen hadde ei sirkulær form i flata og målte 181 x 159 cm. Ved snitting syntte den seg å vere 23 cm djup med avrunda sider og botn. Den skilde seg ut frå strukturane i nærleiken ved å vere av ein lys gråleg farge og svært kompakt. Den skar ned i A25635.




**Figur 99** Foto og teikning av A24634. Felteikning: OFU. Digitalisering: AKD.

### Datering av anlegg I

Frå strukturane i dette anlegget vart det teke ut fire dateringsprøver, éi frå gropa og éi frå tre respektive stolpehol. To dateringsprøver frå stolpehol vart sendt inn. Stolpehol A21621 og A21220 kan begge daterast til yngre romartid ( $1680 \pm 30$  BP; 260-420 v.t.; Beta 384133, og  $1730 \pm 30$  BP; 240-390 v.t.; Beta 394311).

### Strukturar med datering til SN-EBA: Stolpehol, groprekke og grøft



**Figur 100** Kart med framheving av strukturane med datering til SN-EBA. Dateringane er oppgitt i ukal. BP. Raud prikk med blå skrift syner kor dei daterte kolprøvene var henta frå groprekka og grøfta. Svart skrift er strukturnr. Illustrasjon: AKD/ArcMap.

**Tabell 32** Liste over strukturar med datering til SN-EBA

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengd cm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
25183	Stolpehull	ujevn	41	35	40	18	ujevn	skrå
21377	Stolpehull	rund	32	34	34	23	rund	skrå
21495	Rekke av groper	avlang	140	1800	140	20	ujevn	rund
26714	Grøft	avlang	60	710	60	10	flat	skrå

Fire daterte strukturar på lokaliteten kan daterast til seinneolittisk tid og over i eldre bronsealder. Av desse var to stolpehol, ei groprekke og ei grøft. Dei vert gjengitt her.

### *Stolpehol med datering til SN*


To stolpehol kan daterast til seinneolittisk tid. Begge desse låg nær groprekke A21495, med 6,8 m avstand mellom seg. Dei låg på rekke med A21939, som òg er av same storleik.

### **Stolpehol A25183**

Stolpeholet hadde ei ujamn form i flata og målte 41 x 35 cm. Etter snitting synte den seg å vere mellom 10 og 18 cm djup, med skrå sider og ujamn botn, og ei temmeleg uklar avgrensing mot undergrunnen.



**Figur 101** Foto og teikning av A25183 i profil. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.




### **Stolpehol A21377**

Stolpeholet hadde ei rund form i flata, med ein stor stein i sida. Strukturen målte 34 x 32 cm. Etter snitting synte den seg å vere 23 cm djup med skrå sider og rund botn.





**Figur 102** Foto og teikning av A21377 i profil. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.



- ① Mørk brun humushaldig sand.
- ② Sand og grus. Steril undergrunn.

## Datering

Stolpehola A25183 og A21377 kan daterast til seinneolittisk tid: A25183 kan daterast til seinneolitikum fase I ( $3700 \pm 30$  BP; 2195-1980 f.v.t.; Beta 394308). A21377 kan daterast til seinneolitikum fase I og II ( $3580 \pm 30$  BP; 2020-1880 f.v.t.; Beta 394321).

## Grøft/Groprekke A21495

I felt var arbeidstolkinga av strukturen vekslande. I plan hadde strukturen først klar karakter av ei grøft. Måten den om lag 20 m lange, vest-austorienterte svakt krummande strukturen låg parallelt med grøft A25906 på, gjorde at begge desse strukturane òg var rimeleg å tolke som veggrøfter. Etter kvart som ein reinska opp og snitta var det enkelte teikn på at strukturen kanskje burde vore oppfatta som ei rekke med groper. Her visast både til forma i plan og til fleire av snitta som viser at strukturen varierer stort i djupna. Strukturen har også mykje stein i fyllen. Eit snitt vart grave på langs av lengderetninga i ei lengde på om lag 3 meter (C26678), men gav ikkje noko klart inntrykk av om strukturen var danna av



**Figur 103** Oversynsfoto av A21495 i plan, sett mot V. Foto:AKD

fleire nedgravingar (groper) eller ei nedgraving (grøft). To dateringar frå strukturen er ikkje overlappande, og hamnar høvesvis i SN I og i SN II / EBA I. Frå den parallelle grøfta A25906 er tre dateringar innanfor siste del av eldre bronsealder. Dateringane støttar dermed ikkje at A21495 og A25096 er samtidige. Det vart gjort tolv snitt i A21495, dei fleste på tvers av lengderetninga. To av desse, med dateringar til høvesvis SNI og SNII-EBA vert gjengitt her.


### Snitt C-26793

Ved snittet var strukturen 100 cm brei og 26 cm djup, med ujamt skrånande sider og ujamt avrunda botn. Den inneheldt mykje trekol og store stein, men ingen av desse var synleg skjørbrende. Det såg ut til å vere fleire fasar med kollag nedover i profilen.



A21495 C-26793

220714 AKD



- ① Gråbrun grusblanda sand med lagvis kolkonsentrasjon.
- ② Grå til gyldenbrun sandblanda grus. Steril undergrunn.

**Figur 104** Foto og teikning av A21495 C-26793. Feltteikning og digitalisering: AKD.



## Snitt C-26852

Dette snittet vart gjort på tvers av eit anna snitt, C-26678. Ved snittet var strukturen om lag 100 cm i breidda, og 9 cm djup, med runde sider og rund botn. Den inneheldt mykje trekol og ein del stein, noko skjørbrend. I profil kunne strukturen her sjå ut som ein kokegropsrest, men utan noko tydeleg fossilt kollag.



A21495 C-26852

230714 AKD



- ① Svart sand med kolfragment og mykje stein, ein del skjørbrend.
- ② Lys gråbrun grusblanda sand. Steril undergrunn.
- ③ Mørk raudleg gråbrun grus. Steril undergrunn.

**Figur 105** Foto og teikning av A21495 C-26852. Felteikning og digitalisering: AKD.

## Datering

Ei prøve frå groprekke A21495 ved snitt C-26852 kan daterast til seinneolittisk tid fase II-eldre bronsealder periode I ( $3440 \pm 30$  BP; 1875-1665 f.v.t.; Beta 394317). Ei prøve frå snitt C-26793 kan daterast til SN I ( $3640 \pm 30$  BP; 2130-1930 f.v.t.; Beta 394318).


## Grøft A26714

Strukturen låg i austlege ende av feltet og var 6,3 m lang, aust-vestorientert, og mellom 20 og 96 cm brei. I felt vart det målt inn fleire strukturar som etter kvart vart avskrivne som del av

denne grøfta. Det vart gjort fem snitt på tvers av den avlange strukturen. To dateringsprøver gav ulike resultat til høvesvis overgangen EBA-YBA (ved snitt C-27096, i felt omtala som eigen struktur, A27059, i vestlege ende av grøfta) og SN I-II (ved snitt C-26770). Desse to snitta vert gjort greie for her.

### C-27096

Ved dette snittet målte strukturen 41 cm i breidda og var 17 cm djup med temmeleg loddrette sider og ein ujamn botn.



**Figur 106** Foto og teikning av A26714, C-27096 (i felt A27059) i profil. Felteikning: CFK. Digitalisering: AKD.

### C-26770

Strukturen var om lag 60 cm brei og 6-10 cm djup, med eit mørkt trekollag, skrå sider og flat botn.




**Figur 107** Foto av A26714, C-26770.

### **Datering**

Grøft A26714 (prøven er registrert som frå A27059) kan daterast til sein eldre bronsealder /tidleg yngre bronsealder ( $2940 \pm 30$  BP; 1225-1045 f.v.t.; Beta 394323). Ein annan prøve frå A26714 (VP-478, C-26770) kan daterast til seinneolittisk tid ( $3570 \pm 30$  BP; 2015-1830 f.v.t. Beta 394326).

## Strukturar med datering til EBA-YBA: Grop, stolpehol og grøft




Sju strukturar på lokaliteten kan daterast til EBA-YBA. Av desse var to stolpehol, tre stolpeliknande strukturar, éi grop og éi grøft.

### Grop A24506

Gropa var lokalisert i nordaustlege kant av feltet, på eit høgare nivå enn undergrunnen lengre vest låg på. Den var rund i flata og målte 100 x 90 cm. Ved snitting synte den seg å vere 60 cm djup med steile sider og rund botn. Strukturen inneheldt mykje stein, ein del skjørbrend. Den inneheldt trekol, men ikkje som danna noko tydeleg rand eller mønster, og gropa likna ikkje ei typisk kokegrop. Den hadde nokre sams trekk med dei to store steinfylte romartidsgropene, men med vesentleg annleise proporsjonar, og den fekk ei meir enn tusen år eldre datering.



**Figur 109** Foto og teikning av A24506.  
Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.



### Datering

Grop A24506 kan daterast til sein eldre bronsealder eller tidleg yngre bronsealder ( $2940 \pm 30$  BP; 1225 til 1045 f.v.t.; Beta 394324).


## Stolpehol med datering til EBA-YBA

### Stolpehol A24647

Stolpeholet hadde ei rund form i flata, og målte 29 x 27 cm. Etter snitting synta strukturen seg å vere 16 cm djup med skrå sider og rund botn.



**Figur 110** Foto og teikning av A24647 i profil. Felteikning: CEM. Digitalisering: AKD.



### Stolpehol A21456



**Figur 111** Foto og teikning av A21456 i profil. Felteikning: CEM. Digitalisering: AKD.



Stolpeholet hadde ei ujamt avlang form i flata og målte 41 x 34 cm. Ved snitting synta det seg å vere 22 cm djupt med steile sider og rund botn.




## Stolpehol A24765

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 30 x 30 cm. Ved snitting synte det seg å vere 30 cm djupt med loddrette sider og rund botn.



**Figur 112** Foto og teikning av A24765 i profil. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.




- ① Mørk brun humus- og trekolhaldig.
- ② Lys sand og grus. Steril undergrunn.

## Stolpehol A26307

Stolpeholet hadde ei avlang form i flata og målte 28 x 15 cm. Etter snitting synte det seg å vere 10 cm djupt med skrå sider og rund botn. I felt vart det vurdert som eit mogleg steinopptrekk.



**Figur 113** Foto og teikning av A26307 i profil. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.



- ① Mørk brun humushaldig grus
- ② Raudleg sand/grus. Steril undergrunn.

## Stolpehol A24755

Stolpeholet var avlangt rundt i flata og målte 61 x 43 cm. Etter snitting synt det seg å vere 25 cm djupt med runde sider og flat botn. Det skilde seg ut som mørkt i fargen, og med ein konsentrasjon av trekol i botnen.



**Figur 114** Foto og teikning av A24755 i profil. Felteikning: CEM. Digitalisering: AKD.



## Datering

Tre stolpehol, A24647, A21456 og A24765, kan daterast til eldre bronsealder: Stolpehol A24647 kan daterast til eldre bronsealder periode I ( $3320 \pm 30$  BP; 1685-1520 f.v.t.; Beta 394309). Stolpehol A21456 kan daterast til eldre bronsealder periode II og III ( $3100 \pm 30$  BP; 1430-1280 f.v.t.; Beta 384134). Stolpehol A24765 kan daterast til eldre bronsealder periode II ( $3140 \pm 30$  BP; 1495-1315 f.v.t.; Beta 394325).

To stolpehol, A26307 og A24755, kan daterast til yngre bronsealder: A26307 kan daterast til yngre bronsealder periode V-VI ( $2490 \pm 30$  BP; 780-510 f.v.t.; Beta 394310), og A24755 kan daterast til yngre bronsealder periode V og VI og inn i førromersk jernalder ( $2420 \pm 30$  BP; 745-400 f.v.t.; Beta 394322).

## Grøft A25906

Strukturen var om lag 25,3 m lang og mellom 0,5 og 1,6 m brei, og i felt tolka som ei grøft med varierende form og djupn. At den låg parallelt med den grøfteliknande groprekka A21495, aust-vestorientert, gav mistanke om at det kunne dreie seg om spor etter parallelle vegggrøfter. Då desse to i etterkant fekk ulike dateringar, vart denne tolkinga imidlertid gått vekk ifrå. Som A21495 kan A25906 representere ei rekke meir eller mindre overlappende groper, men som bileta nedanfor syner, er dette i så fall langt tydelegare for A21495 enn for A25906. Begge vart kraftig reinska i samband med søking etter stolpehol.

A25906 var mørk brun i farge og humus- og trekolhaldig med skjørbrend stein. Det vart gjort sju snitt, og tre av desse vart daterte innan tidsrommet eldre bronsealder periode II-yngre bronsealder periode IV. Dateringsresultata vert gjort nærare greie for nedanfor. Dei tre snitta, alle gjort mot vest, på tvers av strukturen si lengderetning, vert omtala her.

Ved snitt C-26370 var strukturen 129 cm brei og 6 cm djup.



**Figur 115** Foto av A25906 ved C-26370

Ved snitt C-26366 var strukturen 59 cm brei og i djupna målte den 10 cm.



**Figur 116** Foto av A25906 ved C-26366.

Ved snitt C-26362 var strukturen 52 cm brei og målte 5 cm i djupna.

### Datering


Prøve frå A25906 kan ved snitt C26370 daterast til eldre bronsealder periode II-III (3040 ± 30 BP; 1395-1215 f.v.t.; Beta 394312). Ved snitt C23366 kan den daterast til eldre bronsealder periode III-yngrer bronsealder periode IV (2940 ± 30 BP; 1225-1045 f.v.t.; Beta 394313). Ved snitt C26362 kan den daterast til eldre bronsealder periode II-III (2990 ± 30 BP; 1365-1120 f.v.t.; Beta 394314).

### *Groper, kokegroper og stolpehol med datering til romersk jernalder*

Sju strukturar på lok. 17 kan daterast til romersk jernalder. Av desse var to stolpehol som vart tolka som del av anlegg I. Dei er gjennomgått ovafor. Elles var det to store, frittstående steinfylte groper, og tre kokegroper. Dei sistnemnde var jamt spreidd over lokaliteten.

**Tabell 33** Liste over strukturar med datering til RJA, med unntak av stolpehol.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdcm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
21549	Grop	rund/oval	230	315	170	30	rund	rund
22876	Grop	avlang	220	310	220	5	rund	rund
21729	Kokegrop	rund	120	100	100	10	rund	skrå
21841	Kokegrop	rund	90	95	90	6	flat	rund
22906	Kokegrop	rund	125	125	125	17	ujevn	rund




### *Frittstående, steinfylte groper*

Dei to store gropene A21549 og A22876 låg begge i vestlege halvdel av feltet, med ti meters mellomrom.

#### **Grop A21549**

Gropa hadde ei avrunda oval form i flata og målte 315 x 230 cm. Mange store steinar var synlege i toppen. Den vart undersøkt med kryssnitt sidan det var moglegheit for at det kunne vere snakk om ei gravrøys. Den synt seg å vere 25-30 cm djup i profil med runde sider og flat til rund botn. Ved nærare gransking såg det ut til å kunne dreie seg om fleire mindre groper som låg i ei klynge, men det var ikkje noko tydeleg grense mellom dei (jf.Figur ). Likskapen og den samanfallande dateringane til den andre store steinfylte gropa på lokaliteten (A22876) gjer det rimeleg å betrakte den som éi stor grop, men det utelukker ikkje at den har vorte nedgraven på same stad som eldre


groper har lege. Dei største av steinane i gropa hadde største mål på 70 cm. Om lag 50 % av massen vart vassålda, men utan funn. Ved avdekking vart det funne eit skår asbestmagra keramikk på toppen av strukturen, men det såg til å stamme frå matjordlaget.



**Figur 118** Foto og teikning av A21549. Feltteikning: AH. Digitalisering: AKD.

## Grop A22876

Gropa hadde ei avlang/oval form i flata og målte 310 x 220 cm. Det var tett med store steinar i flata, nokre av dei skjørbrende. Den vart som A21549 grave kryssnitt. Ved nærare gransking synte den seg å vere 50 cm djup med runde sider og ein ujamt avrunda botn. Det var ikkje råd å spore noko regelmessig oppbygging, men eitt sjikt av gropa inneheldt ekstra mykje trekol, og i undergrunnen var det kraftig varmpåverka sand. Ved oppreinsking vart det funne eit fiske- eller garnsøkke mellom steinane i toppen (F26081, sjå figur 126).




**Figur 119** Foto og teikning av A22876. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.

## Datering

Gropene A21549 og A22876 kan begge daterast til yngre romartid (fyrstnemnde til  $1750 \pm 30$  BP; 230-380 v.t.; Beta 394320, og sistnemnde til  $1690 \pm 30$  BP; 255-415 v.t.; Beta 394315).

## Kokegropar

Dei tre daterte kokegropene på lokaliteten var alle daterte til RJA, og låg jamt spreidd over lokaliteten. Det verkar difor rimeleg å anta at fleire av kokegropene òg kan daterast til denne perioden.




**Figur 120** Oversynskart over alle kokegrop og eldstader på lok.17, med strukturrn.  
 Illustrasjon: AKD/ArcMap

### **Kokegrop A21841**

Kokegropa var ujamnt rund i flata og målte 95 x 90 cm. I profil synte den seg å vere 25-31 cm djup inkludert eit lag med mørk silt under sjølve trekollaget, men ein flat, avrunda botn. Den inneheldt skjørbrend stein.






**Figur 121** Foto i plan og teikning i profil av A21841. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.

### Kokegrop A21729

Kokegropa var rund i flata og målte 120 x 100 cm. Etter snitting synta den seg å vere 10 cm djup med skrå sider og rund botn, og mykje skjørbrend stein. Den låg høgare enn dei andre strukturane i området, attmed ein rest av det overliggande dyrkingslaget.



**Figur 122** Foto og teikning av A21729 i profil. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.

### Kokegrop A22906

Kokegropa var rund i flata og målte 125 x 125 cm. Etter snitting synte den seg å vere 17 cm djup med runde sider og ujamn botn. Den inneheldt skjørbrend stein.



**Figur 123** Foto og teikning av A22906 i profil. Felteikning: CEM. Digitalisering: AKD.

## Datering

Dei tre kokegropene det vart sendt inn dateringsprøver til analyse frå, kan alle daterast til romersk jernalder: Kokegrop A21841 kan daterast til  $1870 \pm 30$  BP (70-230 v.t.; Beta 384135), kokegrop A21729 kan daterast til  $1830 \pm 30$  BP (90-250 v.t.; Beta 394316) og kokegrop A22906 kan daterast til  $1780 \pm 30$  BP (135-335 v.t.; Beta 394319).

### *Udaterte eldstader, kokegroper og groper*

**Tabell 34** Liste over udaterte eldstader, kokegroper og groper på lok.17, fordelt etter type.


Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdcm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
24619	Ildsted	oval	140	200	200	10	flat	rund
21481	Kokegrop	rund	56	63	59	10	flat	skrå
21754	Kokegrop	rund	75	75	75	25	flat	lodrett
21776	Kokegrop	rund	78	70	78	6	flat	skrå
21798	Kokegrop	rund	155	155	155	6	flat	
21827	Kokegrop	rund	134	157	65	25	flat	rund
22788	Kokegrop	oval	80	90	80	20	flat	rund
22800	Kokegrop	rund	76	88	80	20	flat	skrå
22854	Kokegrop	oval	60	118	135	34	rund	rund
22866	Kokegrop	oval	60	76	67	11	ujevn	rund
22892	Kokegrop	oval	130	166	170	10	ujevn	rund
22927	Kokegrop	rund	110	120	110	20	rund	skrå
23002	Kokegrop	rund	61	60	60	13	rund	rund
24403	Kokegrop	rund	111	103	106	22	ujevn	skrå
24517	Kokegrop	rund	70	70	65	10	rund	rund
24561	Kokegrop	rund	42	56	56	18	rund	rund
21814	Kokegropslignende	uformet	90	180	180	31	ujevn	skrå
22916	Kokegropslignende	rund	150	160	160	25	rund	oppgrave
24437	Kokegropslignende	avlang	65	110	110	11	ujevn	rund
26104	Kokegropslignende	ujevn	60	93	93	10	ujevn	rund
21307	Grop	oval	73	123	120	35	ujevn	rund
21740	Grop	rund	120	130	128	16	ujevn	rund
25315	Grop	oval	76	82	75	24	ujevn	skrå
26975	Grop							

### *Udaterte stolpehol og stolpeliknande strukturar*

**Tabell 35** Liste over udaterte stolpehol og stolpeliknande strukturar på lok.17.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdcm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
21361	Stolpehull	avlang	35	22	20	9	rund	skrå
21923	Stolpehull	oval	29	34	42	23	rund	skrå

<b>23781</b>	Stolpehull	rund	44	45	46	21	rund	rund
<b>24670</b>	Stolpehull	rund	16	16	18	10	rund	rund
<b>24747</b>	Stolpehull	rund	23	20	23	25	rund	steil
<b>25168</b>	Stolpehull	rund	20	20	22	12	rund	rund
<b>21257</b>	Stolpelignende	oval	36	42	28	11	rund	rund
<b>21396</b>	Stolpelignende	rund	27	28	28	19	rund	skrå
<b>21421</b>	Stolpelignende	oval	25	26	27	12	skrå	skrå
<b>21428</b>	Stolpelignende	rund	25	28	28	25	rund	steil
<b>21931</b>	Stolpelignende	rund	28	26	28	6	rund	rund
<b>21939</b>	Stolpelignende	rund	45	45	45	15	flat	rund
<b>22756</b>	Stolpelignende	rund	40	42	36	16	ujevn	rund
<b>22937</b>	Stolpelignende	ujevn	27	46	25	13	spiss	steil
<b>24572</b>	Stolpelignende	rund	20	24	22	5	flat	rund
<b>24639</b>	Stolpelignende	rund	18	18	18	14	spiss	skrå
<b>24654</b>	Stolpelignende	rund	20	20	10	6	rund	rund
<b>25163</b>	Stolpelignende	rund	20	17	20	9	rund	rund
<b>26257</b>	Stolpelignende	oval	33	38	38	14	rund	skrå
<b>26929</b>	Stolpelignende	rund	25	30	26	9	rund	rund



**Figur 124** Oversynskart over alle stolpehol og stolpeliknande strukturar på lok.17. Dateringar er oppgjevne i ukal. BP. Illustrasjon: AKD/ArcMap

## Anna

**Tabell 36** Liste over andre strukturar på lok.17, sortert etter type.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengd cm	Bredde i profil cm	Djupn cm	Botn i profil	Sider i profil
25288	Rydningrøys	ujamn	98	145	152	9	flat	skrå
21763	Staurhull	<i>Ikkje undersøkt</i>						
21764	Staurhull	<i>Ikkje undersøkt</i>						
21404	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
21638	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
21852	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
22765	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
22947	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
24740	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
25196	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
26141	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
26235	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
26759	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
27116	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
27132	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
27154	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
27194	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							
27229	<i>Ubestemt, ikkje undersøkt</i>							

**Tabell 37** Dateringsresultat frå strukturar på lok.17

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-046	24200	21621	1680 ± 30	Cal AD 340 til 400	Cal AD 260 til 420	384133
VP-050	24201	21841	1870 ± 30	Cal AD 85 til 135	Cal AD 70 til 230	384135
VP-048	24202	21456	3100 ± 30	Cal BC 1415 til 1305	Cal BC 1430 til 1280	384134
VP-240	26302	25183	3700 ± 30	Cal BC 2140 til 2030	Cal BC 2195 til 1980	394308
VP-310	26340	26307	2490 ± 30	Cal BC 765 til 540	Cal BC 780 til 510	394310
VP-308	26342	24647	3320 ± 30	Cal BC 1630 til 1545	Cal BC 1685 til 1520	394309

VP-356	26562	25906	2990 ± 30	Cal BC 1260 til 1130	Cal BC 1365 til 1120	394314
VP-354	26564	25906	2940 ± 30	Cal BC 1210 til 1110	Cal BC 1225 til 1045	394313
VP-352	26566	25906	3040 ± 30	Cal BC 1380 til 1235	Cal BC 1395 til 1215	394312
VP-327	26568	21220	1730 ± 30	Cal AD 255 til 375	Cal AD 240 til 390	394311
VP-357	26584	22876	1690 ± 30	Cal AD 335 til 395	Cal AD 255 til 415	394315
VP-358	26680	21729	1830 ± 30	Cal AD 130 til 235	Cal AD 90 til 250	394316
VP-369	26801	21495	3440 ± 30	Cal BC 1765 til 1690	Cal BC 1875 til 1665	394317
VP-389	26830	22906	1780 ± 30	Cal AD 230 til 320	Cal AD 135 til 335	394319
VP-373	26835	21495	3640 ± 30	Cal BC 2030 til 1955	Cal BC 2130 til 1930	394318
VP-407	26917	21549	1750 ± 30	Cal AD 240 til 335	Cal AD 230 til 380	394320
VP-440	26998	21377	3580 ± 30	Cal BC 1955 til 1890	Cal BC 2020 til 1880	394321
VP-454	27055	24755	2420 ± 30	Cal BC 540 til 410	Cal BC 745 til 400	394322
VP-455	27077	27059/26714	2940 ± 30	Cal BC 1210 til 1110	Cal BC 1225 til 1045	394323
VP-457	27079	24506	2940 ± 30	Cal BC 1210 til 1110	Cal BC 1225 til 1045	394324
VP-472	27102	24765	3140 ± 30	Cal BC 1435 til 1405	Cal BC 1495 til 1315	394325
VP-478	27112	26714	3570 ± 30	Cal BC 1945 til 1885	Cal BC 2015 til 1830	394326

### **Profil A23824**

Ein 7,8 m brei seksjon av profilveggen mot nord vart vald ut for dokumentasjon, og denne er attgjeve her. Ned til undergrunnen var det rundt 2,5 m matjord. Det vart definert elleve morfologisk ulike lag, som vart nummererte frå botn til topp. Av desse vart ti tolka som ulike åkeravsetningar.



Lag 1 representerer den sterile undergrunnen, av lysebrun sand, grus og småstein. Lag 2 er tolka som fyrste rydding eller åker, og er skildra som gråsvart humushaldig sand og grus med trekol. Dyrkingslaget lag 3 bestod av brungul humushaldig sand med trekol. Lag 4, òg eit dyrkingslag, var eit gråsvart humushaldig sandsjikt med mykje trekol, medan lag 5 er skildra som mørkbrun humushaldig sand med trekol, og lag 6 og 7 har tilsvarande skildringar, men høvesvis med brun og gråbrun farge. Desse er tolka som dyrkingslag. Det same er lag 8, som bestod av ein gulbrun variant av det same innhaldet, og meir spreidde kolbitar. Lag 9, ei mektig åkeravsetning med ei djupn på opptil 80 cm, er skildra som mørk brun humushaldig steinfri sand med spreidd trekol. Topplaget, lag 10, bestod av lys- til gulbrun humushaldig sand og representerer moderne dyrking.

### **Datering**


Det vart teke ut fjorten kolprøver til radiologisk datering frå denne profilen, og åtte av dei vart sendt til analyse. Resultata syner at botnlaget lag 2 kan daterast til romersk jernalder ( $1820 \pm 30$  BP; 125-315 v.t.; Beta 384136), medan lag 3 kan daterast til merovingartid ( $1400 \pm 30$  BP; 605-665 v.t.; Beta 394302). Lag 5 kan daterast til folkevandringstid ( $1580 \pm 30$  BP; 405-550 v.t.; Beta 394303). Dette kan moglegvis skuldast at laga har blitt noko omrota ved dyrking.

Prøve nr.2 (VP-136) frå lag 7 kan daterast til vikingtid ( $1180 \pm 30$  BP; 770-945 v.t.; Beta 394304).

Lag 8 si datering ligg hovudsakleg innanfor tidleg mellomalder ( $980 \pm 30$  BP; 1015-1150 v.t.; Beta 394305).

Prøve nr.1 frå lag 9 (VP-138) kan daterast til vikingtid ( $1150 \pm 30$  BP; 775-975 v.t.; Beta 394306), medan prøve nr.2 (VP-139) frå lag 9 kan daterast til høgmellomalder ( $820 \pm 30$  BP; 1165-1265 v.t.; Beta 384137). Dette høver godt med at prøve 1 er henta frå nedre del av dette mektige laget, medan prøve 2 er henta frå øvre del. At lag 8 har fått ei noko yngre datering enn nedre del av lag 9 tyder imidlertid på omroting, truleg frå dyrkingsaktivitet.

Lag 10 si datering ligg heilt i slutten av mellomalderen og inn i tidleg etterreformatorisk tid ( $290 \pm 30$  BP; 1500-1660 v.t.; Beta 394307).



**Figur 125** Teikning av profil A23824 med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: ABO. Digitalisering: CF.

**Tabell 38** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 17.

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-130	23837	23824	2	1820 ± 30	Cal AD 135 til 240	Cal AD 125 til 315	384136
VP-131	23827	23824	3	1400 ± 30	Cal AD 640 til 655	Cal AD 605 til 665	394302
VP-133	23829	23824	5	1580 ± 30	Cal AD 420 til 540	Cal AD 405 til 550	394303
VP-136	23831	23824	7 (p.1)	1180 ± 30	Cal AD 775 til 890	Cal AD 770 til 945	394304
VP-137	23832	23824	8	980 ± 30	Cal AD 1020 til 1115	Cal AD 1015 til 1150	394305
VP-138	23833	23824	9 (p.1)	1150 ± 30	Cal AD 780 til 945	Cal AD 775 til 975	394306
VP-139	23834	23824	9 (p.2)	820 ± 30	Cal AD 1210 til 1255	Cal AD 1165 til 1265	384137
VP-140	23835	23824	10	290 ± 30	Cal AD 1525 til 1650	Cal AD 1500 til 1660	394307

## Gjenstandsfunn

Det vart gjort til saman elleve gjenstandsfunn på lokaliteten. Av desse var ei lita fiskesøkke eller garnsøkke (F26081) av bergart med dekor på begge sider, ein flateretusjert spiss (F26080) av kvartsitt, ein flekkekniv (F21851) av flint, ein ubestemt kjerne (F21548) av flint, eit skår asbestmagra keramikk (F21480), ei bryne (F21637) i bergart med rektangulært tverrsnitt og fem avslag av flint (F24527, F24730, F25144, F26582 og F26877).

Skåret av asbestkeramikk vart funne i samband med avdekking, på toppen av grop A21549, og garnsøkket vart funne ved oppreinsking av grop A22876, som var av liknande storleik og karakter som A21549. Begge strukturane kan daterast til yngre romartid. Det er ikkje utenkeleg at gjenstandane representerer ein primærdeponi i tilknytning til gropene, men asbestmagra keramikk vert vanlegvis dokumentert innan eldre kontekstar, og primært med dateringsforslag til bronsealder og førromersk jernalder (Ågotnes 1986:106).

Garnsøkket (F26081) er 5,4 x 3,5 cm stort, og veg 52,76 g. Det har form som liknar garnsøkke type B i Åsa Dahling Hauken og Trond Løken sitt *Nomenklatur i gjenstandsbasen* (2001), og innriss av parallelle kryssande linjer på begge sider.



**Figur 126** Foto av begge sider av garnsøkke i bergart (F26081). Foto: TEL.

Den flateretusjerte pilspissen i kvartsitt (F26080) har ei tilnærma trekanta form og kan stamme frå sein steinbrukande tid. Pilspissen vart funne ved oppreinsking av kokegrop A22892, men sidan dei daterte kokegropene på lokaliteten alle kan daterast til romersk jernalder, er det mest truleg at det dreiar seg om eit lausfunn. Truleg har spissen samanheng med aktiviteten på staden i seinneolitikum og bronsealder.



**Figur 127** Foto av begge sider av flateretusjert pilspiss i kvartsitt (F26080). Foto: TEL.

Samtlige funn er katalogisert i Universitetenes Samlingsdatabaser (musit), og søkbare under B17361.

## **Samanfatting av lok. 17**

Minst fire bruksfasar vart påvist på lokaliteten, i stor grad representert ved meir eller mindre overlappende kulturspor.

Den eldste fasen, ein seinneolittisk bruksfase, er representert ved moglege spor etter bygningar; stolpehol og grøft, og ei rekkje, tidvis kokegropsliknande og delvis overlappende, groper. Det skal ikkje utelukkast at det kan ha stått eit toskipa langhus på staden, men med såpass utydelege spor er det vanskeleg å seie noko meir presist om kva type bygning det eventuelt kan ha dreidd seg om. Seinare aktivitet har rota om og sletta eldre spor. Ein bruks- og/eller busetnadsfase frå bronsealder bar mykje av det same preget.

Romersk jarnalder er den perioden som er tydelegast representert på lokaliteten. Alle daterte kokegroper på feltet er frå denne perioden. I tillegg er det produksjonsanlegg med overbygg frå denne perioden. Dei to store steinfylte gropene har også datering til romartid. Det er få kjente parallellar til desse strukturane, og funksjonen er usikker. Vi meiner grav kan utelukkast. På ei utgraving ved Egersund i Rogaland i 2016 har det dukka opp ein struktur som tilsynelatande er identisk. I ei kort førebels melding om funnet peiker ein på at den må ha hatt ein eller annan form for teknisk funksjon, mogleg knytt til tørking. Her kan t.d. tenkast produksjon av malt, eller eit anlegg for å produsere varme eller vanndamp. I tradisjonelt tilvirking av tre vert varme og vassdamp nytta til å bøye og forme treplankar (Demuth 2016). Det er truleg at dei steinfylte gropene skal knytast til ein eller annan form for produksjon på lok. 17 i romartid.


Ved lokaliteten var det påvist meir eller mindre samanhengande dyrking frå og med romartid, gjennom folkevandringstid, merovingartid og vikingtid, samt mellomalder og nyare tid.

Den pollenbotaniske undersøkinga (Overland 2016, sjå vedlegg X) tyder på at området var prega av beite i romartid. I løpet av merovingertid og/eller vikingtid vert det rydda skog (or) og avsertningane får innslag av hushaldsavfall. Frå og med vikingtid og opp i historisk tid var lokaliteten oppdyrka. Særleg bygg er sterkt representert, men også kveite er registrert.

## LOKALITET 18 - Dyrkingsspor

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141105	Hus	7	2	530 m <sup>2</sup>	89 m <sup>2</sup>

Lokaliteten ligg 75 m A for lok.17, i flat beite- og slåttemark i botnen av ei skråning rett N for E39, A for innkøyrsla til tunet på Indre Hus, og 10 m N for vasskanten. Frå registreringa var det kjend udaterte fossile dyrkingslag. Det vart opna éi 2 x 35 meter stor sjakt orientert vest/aust, og to kortare, høvesvis 7,5 og 10 m lange nord/sør-orienterte sjakter. Det vart valt ut tre profilar for dokumentering av dyrkingshorisontar, og teke ut prøver frå éin, A21919. Berre denne vert attgjeve her.



**Figur 128** Oversynskart over lok. 18. Illustrasjon: CF/ArcMap.


## **Profil A21919**

Ein fire meter brei seksjon av profilveggen vart valt ut for dokumentering, og denne er attgjeve her. Ned til undergrunnen var det 1,3 m med matjord. Tolv morfologisk ulike lag vart identifisert, av desse vart det skilt ut eitt ryddings- og fem dyrkingslag. Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av oransje grov sand med mykje grus og ein del småstein. Lag 2 representerte òg eit undergrunnslag, av brun sand og mykje grus og småstein. Lag 3 vart tolka som tidleg rydding med erosjon, bestående av fleire svarte sand- og trekolstriper mellom lysare sandstriper. Mot aust går dette laget saman med lag 5. Eit erosjonslag av brunoransje sand, grus og småstein følgde som lag 4. Lag 5 er som lag 3 bestående av fleire tynne lag med svart sand og mykje trekol, tidvis med tynne sandlinser mellom.

Lag 6 kan representere eit ras- eller erosjonslag som er blanda med overliggande dyrkingslag, men manglar tydelege spor etter trekol. Det bestod av oransje og brun sand med mykje grus og små og mellomstore stein. Lag 7 er tolka som eit dyrkingslag bestående av gråbrun sand med svært mykje grus og ein god del små og mellomstore stein, samt noko trekol. Lag 8 er tolka som eit dyrkingslag skildra som brungrå sand med mykje grus og noko småstein, samt ein del spor etter trekol. Lag 9 er tolka som eit dyrkingslag bestående av brun sand med ein del grus, einskilde steinar og nokre spor av trekol. To lag tolka som dyrkingsavsetningar følgde, fyrst lag 10 bestående av brun sand med litt grus blanda inn nokre stader, og moglege spor etter trekol, og deretter lag 11 av brun fin sand med innslag av grus. På toppen var lag 12; filtaktig grastorv etter beite- og/eller slåttemark.

## **Datering**

Frå profil A21919 var det teke ut sju prøver for radiologisk datering, og av desse vart fire sende inn til analyse. Resultata syner at lag 3 kan daterast til merovingartid ( $1260 \pm 30$  BP; 670-800 v.t.; Beta 394327), medan lag 5 kan daterast til vikingtid ( $1150 \pm 30$  BP; 775-975 v.t.; Beta 394328). Lag 7 og 10 kan daterast så å seie samanfallande til høgmellomalder ( $770 \pm 30$  BP; 1220-1280 v.t.; Beta 394329, og  $750 \pm 30$  BP; 1225-1285 v.t.; Beta 394330).



**Figur 129** Teikning av profil A21919 med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: OMK. Digitalisering: CF.



**Tabell 39** Dateringsresultat frå lok.18

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-460	30577	21919	3	1260 ± 30	Cal AD 685 til 770	Cal AD 670 til 800	394327
VP-461	30578	21919	5	1150 ± 30	Cal AD 780 til 945	Cal AD 775 til 975	394328
VP-462	30579	21919	7	770 ± 30	Cal AD 1250 til 1275	Cal AD 1220 til 1280	394329
VP-465	30582	21919	10	750 ± 30	Cal AD 1260 til 1280	Cal AD 1225 til 1285	394330

### **Samanfatting av lok. 18**

Det vart påvist dyrkingsaktivitet frå merovingartid og vikingtid. Det er eit tidsbrot til høgmellomalder, men dette kan skuldast at dyrkingsaktivitet har rota om eldre åkerakkumulasjonar.

Den pollenbotaniske undersøkinga (Overland 2016, sjå vedlegg X) tyder på at området var oppdyrka, men også prega av grasmark (slått og beite) i både merovingertid og vikingtid. I overgangen til vikingtid kan området ha vorte opnare med større artsdiversitet i kulturlandskapet.

## LOKALITET 19 – Busetnads- og aktivitetsområde

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141108	Hus	7	2	1450 m <sup>2</sup>	509 m <sup>2</sup>




**Figur 130** Arbeidsfoto frå lok.19, sett mot SA. Foto: TEL. Avbilda: INS og CK.

Lokaliteten ligg rett nord for Hatleneset, knappe 300 m ASA for lok. 18, på ein bakketopp i beite- og slåttemark som elles hallar bratt nedover mot E39 og vatnet i SV, S og SA. På det knappaste er det i luftline 33 m til vegen og 50 m til vasskanten, og det er vidt utsyn mot vatnet frå lokaliteten. Lok. 19 ligg 20 høgdemeter over Jølstravatnet, og altså betrakteleg høgare enn dei andre lokalitetane. Frå registreringa var det kjend tre kokegroper, den eine datert til yngre bronsealder-førromersk jernalder ( $2360 \pm 50$  BP; 720-370 f.v.t.; Beta 291378).

Det vart opna eit 33 x 20 m stort felt på lokaliteten, langsida var om lag orientert vest/aust. Etter avdekking og reinsking med krafse vart det målt inn 114 strukturar, og alle vart undersøkt. Ved nærare gransking vart nesten halvparten av desse avskrivne som lagrestar og steinopptrekk, eller definert som fyllskifte. Av dei som stod att, var det 55 stolpehol eller stolpeliknande strukturar, åtte kokegroper, to eldstader, éi grop og eitt staurhol. Stolpehola var konsentrert på bakketoppen i nordvestlege del av feltet. Det var fleire samanfallande


dateringar som gjorde det mogleg å skilje ut minst fire tidshorisonantar, den eldste (EBA) og den yngste (HMA) rett nok representert berre ved eitt stolpehol kvar. I tillegg har det vorte skilt ut eit mogleg treskipa langhus med datering til vikingtid, det er presentert her som anlegg I. Dei øvrige daterte strukturane vert presentert i to underkapittel med utgangspunkt i dateringsresultat.



### *Anlegg I, treskipa langhus frå vikingtid*

Utgangspunktet for å skilje ut anlegg I er tre stolpehol på rekke med meir eller mindre samanfallande dateringar til vikingtid, A30339 og A30271 og A30309. Dei ligg på rekke med ytterlegare fem stolpehol av same karakter (Figur ). 2,5 m lengre sør er det mogleg å skilje ut ei ny rekke parallelle stolpehol, desse er òg av same karakter og storleik, med unntak av A23552, som skil seg ut som vesentleg grunnare og meir utydeleg enn dei andre. Resten av stolpehola er såpass solide (16-28 cm djupe) at dei kan tenkast å ha vore takbærande. To kokegroper mellom stolperekkene kan daterast til ein marginalt eldre periode, attende til overgangen frå merovingartid til vikingtid, og kan moglegvis representere ein eldre fase. Då dette er vanskeleg å avgjere med utgangspunkt i radiokarbondatering, er dei i alle høve rekna

med under anlegg I her. Dei vedartsbestemte trekolprøvene frå lokaliteten som vart sende til analyse var daterte på bjørk. Eit djupt stolpehol, A30425, skar gjennom kokegrop A23164. Denne fekk samanfallande datering til resten av anlegget, men kan ha vorte datert på trekol frå kokegropa, jf. illustrasjon Figur .




**Tabell 40** Stolpehol og kokegroper tilhørende anlegg I.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdem	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
23499	Stolpehull	rund	30	30	30	20	rund	lodrett
23552	Stolpehull	rund	24	24	24	6	flat	rund
23587	Stolpehull	rund	30	33	24	19	flat	steil
23623	Stolpehull	oval	21	29	26	16	skrå	lodrett
23648	Stolpehull	rund	20	20	20	23	flat	lodrett
25851	Stolpehull	rund	30	30	30	28	flat	lodrett
30271	Stolpehull	rund	32	32	32	22	flat	rund
30309	Stolpehull	rund	22	24	25	24	rund	rund
30339	Stolpehull	rund	16	18	25	26	rund	rund
30382	Stolpehull	rund	28	28	28	28	flat	lodrett
30410	Stolpehull	rund	25	25	17	25	flat	lodrett
30228	Stolpelignende	rund	22	22	22	16	rund	skrå
23155	Kokegrop	rund	50	53	53	53	flat	rund
23164	Kokegrop	oval	64	74	74	10	flat	rund

### *Stolpehol tilhørende anlegg I*

#### **Stolpehol A30309**

Stolpeholet hadde ei ujamnt rund form i flata og målte 24 x 22 cm. Etter snitting synte det seg å vere 24 cm djupt med runde sider og rund botn og med steinpakning. Det skar ned i den stolpeliknande strukturen A23145. Desse er snitta og dokumenterte saman.



**Figur 133** Foto og teikning av A30309 og A23145 i profil. Feltteikning og digitalisering: AKD.


### Stolpehol A30339

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 18 x 16 cm. Etter snitting synt det seg å vere 26 cm djupt med runde sider og rund botn.



**Figur 134** Foto og teikning av A30339 i profil. Feltteikning og digitalisering: AKD.


A30339 140714 AKD



- ① Mørk gråbrun grusblanda kolhaldig silt/sand.
- ② Lysare gråbrun grusblanda silt/sand.
- ③ Lys gråbrun silt/sand.  
Steril undergrunn.

### Stolpehol A30271

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 32 x 32 cm. Etter snitting synt det seg å vere 22 cm djupt med skrå sider og flat botn. A30260 skar ned i aktuelle stolpehol, og i A23542. Desse tre vart difor snitta og dokumenterte saman.




**Figur135** Foto og teikning av A30271 (t.h.) saman med A23542 og A30260. Feltteikning: CF. Digitalisering: AKD.

### *Kokegroper tilhøyrande anlegg I*

#### **Kokegrop A23155**

Kokegropa hadde ei sirkulær form i flata og målte 53 x 50 cm. Etter snitting synte den seg å vere 10 cm djup med runde sider og flat botn.






**Figur 136** Foto og teikning av A23155 i profil. Felteikning: INS. Digitalisering: AKD.

### Kokegrop/eldstad A23164

Kokegropa/eldstaden hadde ei oval form i flata og målte 74 x 65 cm. Etter snitting synt den seg å vere 10 cm djup med runde sider og flat botn. Den skar ned i stolpehol A30382 og vart skoren ned i av stolpehol A30425 (figur 137). Relativt datert er altså A30382 eldre enn A23164, medan A30425 må vere yngst av dei tre. Desse tre vart snitta og dokumenterte saman.



- ① Brunsvart silt og trekol.
- ② Mellombrun sandig silt.
- ③ Mørk brun silt med mykje trekol og kraftig steinpakning.
- ④ Mørk brun silt med innslag av trekol.
- ⑤ Mellombrun sandig silt.


**Figur 137** Foto og teikning av A23164 i profil. Saman med A30382 og A30425 (stolpehol). Feltteikning: CF. Digitalisering: AKD.

### Stolpehol A23623

Stolpeholet hadde ei oval form i flata og målte 29 x 21 cm. Etter snitting synt det seg å vere 16 cm djupt med éi loddrett og ei rund side og skrå botn.



A23623 110614 INS



Mørk brun  
kolhaldig sand.

**Figur 138** Foto og teikning av A23623 i profil. Feltteikning: INS. Digitalisering: AKD.


## Datering frå anlegg I

Stolpehola A30425, A30339 og A30271 kan daterast til vikingtid ( $1060 \pm 30$  BP; 900-1020 v.t.; Beta 394334,  $1050 \pm 30$  BP; 905-1025 v.t.; Beta 394347 og  $1030 \pm 30$  BP; 975-1030 v.t.; Beta 394346). Stolpehol A30309 fekk ei marginalt yngre datering ( $1000 \pm 30$  BP; 990-1145 v.t.; Beta 394342). Det er ei mogleg feilkjelde ved A30425 som kan vere datert på kol som har rast ned frå A23164 (jf. fig. 137). Sidan dateringa av A30425 høyrer til den yngste fasen på feltet, er truleg ikkje den verkelege dateringa av stolpeholet mykje seinare enn det dateringa gav.

Kokegrop A23164 kan daterast til merovingartid og vikingtid ( $1190 \pm 30$  BP; 725-940 v.t.; Beta 394335). Kokegrop A23155 kan daterast til merovingartid og vikingtid ( $1220 \pm 30$  BP; 690-885 v.t.; Beta 384132).

### *Stolpehol med datering til EBA: A25093*

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og ein diameter på 20 cm. Etter snitting syntet seg å vere 21 cm djupt med steile sider og rund botn.




**Figur 139** Foto og teikning av A25093 i profil.  
Feltteikning: CF. Digitalisering: AKD.

## Datering

Stolpehol A25093 kan daterast til eldre bronsealder periode II-III ( $3050 \pm 30$  BP; 1405-1220 f.v.t.; Beta 394341).

### ***Stolpehol og eldstad datert til FRJA***

Her følger ein gjennomgang av fem stolpehol og éin eldstad frå lok.19 som fekk datering innanfor 2170-2200 ± 30 BP. Det var ikkje råd å påvise noko tydelege spor etter gjenkjenneleg anleggstype, men sidan stolpehola er av såpass lik karakter, verkar det rimeleg å tenke seg at dei kan representere minst éin bygning, der storparten av spora har forsvunne gjennom seinare aktivitet. Ein kan sjå at det er fleire «kandidatar» på rekka med 23459 og 25860, men også at her ligg stolpehol med datering til yngre jernalder på om lag same linje (figur 140). Ein moglegheit er å sjå dei fem stolpehola som veggstolpar, og 25072 og 23398 som tilhøyrande kortveggen. Ein skulle da ha eine enden av eit om lag 8 meter breitt treskipa langhus, men manglar dei takberande stolpane



**Figur 140** Raude stolpehol og oransje eldstad er datert til førromersk jernalder. Stolpehol med daterting til yngre jernalder i lilla. Udaterte strukturar utan farge. Nord er opp. Den store strukturen som omkransar mellom anna 23730 er truleg spor etter ei bygning som har stått på staden i historisk tid (jf. fig. 154). Illustrasjon TEL/ArcMap.

**Tabell 41** Strukturar med datering til FRJA, fordelt på type.


Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdem	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
23459	Stolpehull	rund	25	30	29	25	flat	loddrett
23730	Stolpehull	rund	20	32	32	22	rund	loddrett
25860	Stolpehull	rund	30	30	30	25	flat	skrå
23398	Stolpehull	rund	20	20	20	25	rund	loddrett
25072	Stolpehull	rund	25	25	25	26	flat	steil
23447	Eldstad	rund	64	65	64	10	flat	rundt

### Stolpehol A23459

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 30 x 25 cm. Etter snitting synt det seg å vere 25 cm djupt med loddrette sider og flat botn, med steinpakning. Ein del av profilen som skilde seg ut i farge og konsistens vart tolka som spor etter steinoppbygg som skar ned i stolpeholet.



**Figur 141** Foto og teikning av A23459 i profil. Feltteikning: CF. Digitalisering: AKD.



- ① Mørk brun silt med innslag av kol.
- ② Mørk brun grusig, sandig silt med trekol nedst. Lausare enn 1.


### Stolpehol A23730

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 32 x 20 cm. Etter snitting synt det seg å vere 22 cm djupt med avrunda loddrette sider og rund botn.



**Figur 142** Foto og teikning av A23730 i profil.  
Feltteikning: AH. Digitalisering: AKD.

A23730 090714 AH



- ① Mørk brun sandig humus- og kolhaldig silt.
- ② Lys brun sand og berg. Steril undegrunn.


### Stolpehol A25860

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 30 x 30 cm. Etter snitting syntte det seg å vere 25 cm djupt med skrå sider og flat botn. Det overlappa med stolpehol A30228, men det var uråd å påvise kva struktur som skar ned i kva.



**Figur 143** Foto og teikning av A25860 og A30228 i profil.  
Feltteikning: CF. Digitalisering: AKD.


A25860 A30228



- ① Mørk brun trekolhaldig silt.
- ② Brungrå silt. Lagrest.

## Eldstad A23447

Eldstaden hadde ei rund form i flata og målte 65 x 64 cm. Det låg mykje skjørbrend stein i toppen. Etter snitting synt den seg å vere 10 cm djup med runde sider og flat botn.



**Figur 144** Foto og teikning av A23447 i profil. Feltteikning: CF. Digitalisering: AKD.



**Figur 145** Snitt av stolpehol A23398 (t.v.) og A25072


## Datering

Dei fem stolpehola A23398, A25072, A23459, A23730 og A25860 fekk nærast identiske dateringar til midten av førromersk jernalder ( 2170 +/- 30 BP, 355-120 f.v.t. Beta 394331, 2200 +/- 30 BP, 370-180 f.v.t., Beta 394333, 2200 ± 30 BP; 370-180 f.v.t.; Beta 384130, 2180 ± 30 BP; 360-170 f.v.t.; Beta 394338 og 2200 ± 30 BP; 370-180 f.v.t.; Beta 394343). Eldstad A23447 kan daterast til førromersk jernalder (2220 ± 30 BP; 380-200 f.v.t.; Beta 394340).



### *Stolpehol og kokegroper/eldstader daterte til MVT, VT og MA*

Her følgjer ein gjennomgang av strukturar frå lok.19 som fekk datering innan  $1230-840 \pm 30$  BP. I tillegg til dei to stolperekkene som kan representere anlegg I, som vist ovafor, er det tre stolpehol, A24938, A24906 og A24881, som ligg på rekke rett nord for dette (jf. figur 146).




**Figur 146** Kart med strukturar daterte til MVT, VT og MA. Dateringar er i ukal. BP. Illustrasjon: AKD/ArcMap.

**Tabell 42** Liste over stolpehol og kokegrop med dateringar til MVT/VT/MA, med unntak av dei som er ramsa opp under anlegg I ovanfor.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdcm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
23187	Stolpehull	rund	25	27	20	30	rund	lodrett
23283	Stolpehull	rund	32	32	32	28	flat	lodrett
23747	Stolpehull	rund	31	31	30	27	flat	lodrett
24906	Stolpehull	rund	35	35	35	35	flat	lodrett
24938	Stolpehull	rund	42	42	42	29	flat	lodrett
30425	Stolpehull	rund	25	25	25	32	flat	lodrett
24881	Stolpelignende	rund	32	32	32	16	ujevvn	lodrett
23224	Kokegrop	oval	55	60	55	12	flat	rund

### Stolpehol A23187

Stolpeholet hadde ei sirkulær form i flata og målte 27 x 25 cm. Etter snitting synt det seg å vere 30 cm djupt med loddrette sider og rund botn, og steinpakning.




**Figur 147** Foto og teikning av A23187 i profil.  
Feltteikning: INS. Digitalisering: AKD.

### Stolpehol A23747

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 31 x 31 cm. Etter snitting synt det seg å vere 27 cm djupt med loddrette sider, flat botn og steinpakning.



**Figur 148** Foto og teikning av A23747 i profil.  
Feltteikning: AH. Digitalisering: AKD.



### Stolpehol A23283

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 32 x 32 cm. Etter snitting syntet seg å vere 28 cm djupt med høvesvis loddrett og rund side, flat botn og steinpakning.



**Figur 149** Foto og teikning av A23283. Feltteikning:  
AH. Digitalisering: AKD.




## Stolpehol A24938

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 42 x 42 cm. Etter snitting syntet seg å vere 29 cm djupt med loddrette sider, flat botn og steinpakning.



A24938 090714 CF



Mørk brun kolhaldig sandig silt med steinpakning.


**Figur 150** Foto og teikning av A24938 i profil.  
Feltteikning: CF. Digitalisering: AKD.

## Stolpehol A24881

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 32 x 32 cm. Etter snitting syntet seg å vere 16 cm djupt med éi loddrett og éi skrå side, ujamn botn og steinpakning.



A24881 070714 AH



- ① Lys brun humus- og kolhaldig sandig silt med fleire steinar.
- ② Lys brun fin sand. Steril undergrunn.

**Figur 151** Foto og teikning av A24881 i profil.  
Feltteikning: AH. Digitalisering: AKD.

### Stolpehol A24906

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 35 x 35 cm. Etter snitting synt det seg å vere 35 cm djupt med loddrette sider, flat botn og steinpakning. Det låg i ei tettpakka rekke med A2857, A24864 og A24871, men i motsetnad til aktuelle stolpehol var alle desse tre grunne, under 10 cm, og utydelege.



**Figur 152** Foto og teikning av A24906. Feltteikning: CF. Digitalisering: AKD.



### Stolpehol A30425

Stolpeholet hadde ei rund form i flata og målte 25 x 25 cm. Etter snitting synt det seg å vere 32 cm djupt med loddrette sider, flat botn og steinpakning. Det skar ned i eldstad A23164, og desse vart snitta og dokumenterte saman (jf. fig. 137).

### Kokegrop A23224

Kokegropa hadde ei oval form i flata og målte 60 x 55 cm. Etter snitting synt den seg å vere 12 cm djup med loddrette til runde sider og flat botn.



**Figur 153** Foto og teikning av A23224 i profil.  
Feltteikning: AH. Digitalisering: AKD.



## Datering

Stolpehola A23747 og A24938 kan daterast nærast identisk til sein merovingartid og tidleg vikingtid (1230 ± 30 BP; 685-885 v.t.; Beta 394337, og 1220 ± 30 BP; 690-885 v.t.; Beta 394344). Stolpehol A24881 si datering er i hovudsak innanfor same tidsperiode (1200 ± 30 BP; 720-895 v.t.; Beta 394345). Dei to stolpehola A23187 og A23283 er mogleg litt yngre (1180 ± 30 BP; 770-945 v.t.; Beta 384131 og 394339). Stolpehol A24906 kan daterast til høgmellomalder (840 ± 30 BP; 1155-1260 v.t.; Beta 394332).

Kokegropene A23155 og A23224 fekk identiske dateringar til merovingartid og vikingtid (1220 ± 30 BP; 690-885 v.t.; Beta 384132 og 394336).

**Tabell 43** Liste over udaterte stolpehol og stolpeliknande strukturar på lok. 19, samt A25093.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdcm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
23187	Stolpehull	rund	25	27	20	30	rund	lodrett
23283	Stolpehull	rund	32	32	32	28	flat	lodrett
23308	Stolpehull	rund	20	23	23	18	flat	lodrett
23398	Stolpehull	rund	20	20	20	25	rund	lodrett
23477	Stolpehull	rund	22	22	22	23	flat	lodrett
23560	Stolpehull	rund	36	38	34	15	rund	rund
23598	Stolpehull	rund	40	40	40	25	rund	steil
23720	Stolpehull	rund	32	32	32	21	flat	lodrett
23747	Stolpehull	rund	31	31	30	27	flat	lodrett
23757	Stolpehull	rund	23	25	23	23	skrå	skrå
23771	Stolpehull	rund	31	31	31	27	flat	lodrett
24906	Stolpehull	rund	35	35	35	35	flat	lodrett

24914	Stolpehull	rund	27	27	27	30	rund	skrå
24931	Stolpehull	rund	32	39	39	24	rund	skrå
24938	Stolpehull	rund	42	42	42	29	flat	lodrett
24960	Stolpehull	rund	44	44	44	25	rund	steil
24982	Stolpehull	rund	28	28	28	23	rund	skrå
25072	Stolpehull	rund	25	25	25	26	flat	steil
25082	Stolpehull	rund	25	25	25	35	flat	lodrett
25093	Stolpehull	rund	20	20	20	21	flat	lodrett
25737	Stolpehull	rund	30	30	30	20	rund	lodrett
25844	Stolpehull	rund	20	20	20	20	flat	lodrett
30260	Stolpehull	rund	35	50	35	36	flat	lodrett
30285	Stolpehull	rund	30	30	30	20	flat	rund
30425	Stolpehull	rund	25	25	25	32	flat	lodrett
200158	Stolpehull	rund	18	18	17	21	flat	lodrett
23145	Stolpelignende	rund	60	60	65	25	ujevn	oppgrave
23415	Stolpelignende	oval	27	40	27	10	rund	rund
23616	Stolpelignende	rund	30	30	26	7	ujevn	rund
23665	Stolpelignende	rund	18	26	17	5	rund	rund
24857	Stolpelignende	rund	25	20	20	8	flat	lodrett
24864	Stolpelignende	rund	24	20	20	8	rund	rund
24871	Stolpelignende	rund	24	20	20	5	rund	rund
24881	Stolpelignende	rund	32	32	32	16	ujevn	lodrett
24894	Stolpelignende	rund	32	29	32	12	anna	lodrett
24900	Stolpelignende	rund	40	40	37	27	anna	lodrett
24988	Stolpelignende	rund	24	20	20	10	spiss	skrå
25002	Stolpelignende	rund	22	22	22	16	rund	skrå
25825	Stolpelignende	rund	11	12	11	18	flat	lodrett
30330	Stolpelignende	rund	30	30	30	20	flat	lodrett
23207	Staurhull	rund	25	30	10	10	rund	lodrett

**Tabell 44** Udaterte kokegrop, eldstader og grop på lok.19, sortert etter type.

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdem	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
23176	Kokegrop	rund	50	54	54	17	rund	rund
23484	Kokegrop	rund	70	70	70	20	rund	rund
23514	Kokegrop	rund	130	130	130	20	ujevn	steil
23542	Kokegrop	rund	40	50	40	12	flat	skrå
25009	Kokegrop	rund	100	100	100	10	flat	rund
23435	Ildsted	oval	60	70	70	4	rund	rund
23120	Grop	rund	110	100	104	52	anna	rund

**Tabell 45** Dateringsresultat frå lok.19, sortert frå eldst til yngst

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-257	30460	25093	3050 ± 30	Cal BC 1385 til 1260	Cal BC 1405 til 1220	394341
VP-040	23699	23459	2200 ± 30	Cal BC 355 til 200	Cal BC 370 til 180	384130
VP-097	25752	25072	2200 ± 30	Cal BC 355 til 200	Cal BC 370 til 180	394333
VP-256	30461	23447	2220 ± 30	Cal BC 360 til 205	Cal BC 380 til 200	394340
VP-273	30494	25860	2200 ± 30	Cal BC 355 til 200	Cal BC 370 til 180	394343
VP-250	30453	23730	2180 ± 30	Cal BC 350 til 195	Cal BC 360 til 170	394338
VP-086	25756	23398	2170 ± 30	Cal BC 350 til 180	Cal BC 355 til 120	394331
VP-249	30452	23747	1230 ± 30	Cal AD 720 til 800	Cal AD 685 til 885	394337
VP-044	23779	23155	1220 ± 30	Cal AD 725 til 870	Cal AD 690 til 885	384132
VP-247	30450	23224	1220 ± 30	Cal AD 725 til 870	Cal AD 690 til 885	394336
VP-287	30474	24938	1220 ± 30	Cal AD 725 til 870	Cal AD 690 til 885	394344
VP-293	30485	24881	1200 ± 30	Cal AD 770 til 885	Cal AD 720 til 895	394345



VP-245	30442	23164	1190 ± 30	Cal AD 775 til 885	Cal AD 725 til 940	394335
VP-043	23780	23187	1180 ± 30	Cal AD 775 til 890	Cal AD 770 til 945	384131
VP-255	30459	23283	1180 ± 30	Cal AD 775 til 890	Cal AD 770 til 945	394339
VP-243	30433	30425	1060 ± 30	Cal AD 975 til 1015	Cal AD 900 til 1020	394334
VP-298	30491	30339	1050 ± 30	Cal AD 980 til 1020	Cal AD 905 til 1025	394347
VP-297	30489	30271	1030 ± 30	Cal AD 990 til 1020	Cal AD 975 til 1030	394346
VP-260	30446	30309	1000 ± 30	Cal AD 1015 til 1030	Cal AD 990 til 1145	394342
VP-090	25748	24906	840 ± 30	Cal AD 1165 til 1225	Cal AD 1155 til 1260	394332

## Gjenstandsfunn

Det vart gjort åtte gjenstandsfunn på lokaliteten. Av desse var éi hengebryne av skifer (F30440), to bryner (F23323, F23672) av bergart med rektangulært tverrsnitt, eitt jarnfragment, éin jarnspiker, éin klump jarnslag og to avslag av flint. Hengebryna vart funnen ved oppreinsking i flata av ein struktur som etter snitting vart avskriven som naturleg. Dei andre gjenstandane var alle funne i matjorda.

Funna er katalogisert i Universitetenes Samlingsdatabaser (musit), søkbare under B17362.

## Andre kjelder

Eit historisk foto (figur 154) teke ved Husnausta, truleg tidleg på 1900-talet, syner at det står ei bygning på lok. 19. Her er også avmerka ei einsleg bygning på utskiftningskartet for Hus frå 1878.



**Figur 154** Kornhaust på Hus. Raud pil indikerar lok.19. Foto: Nikolai Berg, ukjend årstal. Kjelde: [http://jolster.origo.no/-/image/show/1274027\\_kornhaust-paa-hus](http://jolster.origo.no/-/image/show/1274027_kornhaust-paa-hus)

### **Samanfatting av lok. 19**

Spor etter minst tre førhistoriske bruksfasar vart påvist på lokaliteten, hovudsakleg i form av stolpehol, eldstader og kokegroper. Det har også stått ei bygning her (løe?) i historisk tid. Den repeterande bruken av same plassen gjennom fleire periodar har ført til eit kaotisk bilete som gjer det vanskeleg å identifisere sikre anlegg.

Den eldste bruksfasen er representert ved berre eitt stolpehol, med datering til eldre bronsealder. Dette kan indikere at det har stått ein bygning på lokaliteten, men utifrå dei kjende tilhøva er det vanskeleg å føreslå noko meir presist.

Vidare har det stått minst éin bygning på lokaliteten i førromersk jernalder, moglegvis med eldstad. Vi har antyda at vi kan ha spor etter veggstolpar til delar av eit treskipa langhus, men dette er ikkje sikkert. Dei seks dateringane frå førromersk jernalder er særst like, og med middelverdiar er det antyda at bygningen kan vere frå om lag midt i perioden.

Det er endå eit sprang i tid til neste bruksfase som kunne sporast, vikingtid med noko slingringsmann i begge endar av perioden; den yngste moglege påviste dateringane ved lokaliteten er høgmellomalder. Det vart skilt ut spor etter det som forslagsvis kan ha vore takbærande stolpar i eit treskipa hus frå vikingtid, men det let seg berre delvis påvise og er

difor noko usikkert. I alle høve er det denne perioden som er tydelegast representert med busetnads- og aktivitetsspor på lokaliteten.

Det vart analysert makrofossilprøver frå utvalde stolpehol (Overland 2016, sjå vedlegg X). I prøva frå eldre bronsealder er det identifisert bringebærstein som kan representere hushaldsavfall. Frø av smalkjempe er indikasjon på beite i nærleiken av huset, eller bruk i huset. Prøvene frå førromersk jernalder var meir prega av dyrkingsindikatorer relativt til grasmarksindikatorar. Eit par prøver har særleg høge verdiar av dyrkingsindikatorar, noko som kan tyde på at avlingane i hovudsak vart teke inn. Frå merovingertid/vikingtid og mellomalder er dyrkingsindikatorar framtrudande, men også grasmarksindikatorar er til stades. Det kan tyde på at dei undersøkte stolpehola ligg nær den delen av huset som vart brukt til husdyr og/eller fôrlager. Mogleg hushaldsavfall frå perioden er representert ved bringebærstein, forkola korn og hasselnøttskall.

Lokaliteten skil seg ut frå dei andre med å ligge eit stykke over vatnet, slik dei fleste tunområda på gardane rundt Jølstravatnet gjer i dag.

## **Samanfatting av Helgheim og Hus**

I området som femnar Helgheim og Hus kunne det påvisast aktivitetsspor og spor etter busetnad attende til seinneolittisk tid (lok. 17). Truleg er her også ein busetnadsfase i eldre bronsealder. Lokaliteten har også vore aktivt i bruk i romartid, og dette har ført til at dei eldre spora er vanskeleg å knyte saman. Spora frå romartid er ikkje busetnadsspor. Området synast på den tida å ha vore bruka til produksjon og kult.

Det er spreidde innslag av kokegroper frå romartid på lok. 17. Truleg har desse vore knytt saman med det meir utprega kokegroppfeltet på lok. 15. Dei to lokalitetane er berre skilt fysisk frå kvarandre av vegen. Kokegropane på lok. 15 har dateringar frå romartid og folkevandringstid. Når det gjeld plassering i landskapet og datering er likskapen til kokegroppfeltet lok. 7 på Årdal slåande. Båe har ei tydeleg knyting til vatnet og båe vert teke i bruk i romartid, men i motsetnad til lok. 7, held bruken av lok. 15 altså fram i folkevandringstid.

Elles er det identifisert eit produksjonsanlegg frå romartid på lok.17. To store steinfylte groper kan også tenkjast å ha hatt ein funksjon innan produksjon.

Lokalitet 19 skil seg frå dei andre undersøkte lokalitetane på prosjektet ved å ligge relativt høgt i terrenget. Her er det også påvist busetnadsspor. Noko av den same utfordringa som ved lok. 17 viser seg også her. Eit lite område har vore busett i fleire periodar, og å rekonstruere heile bygningar frå dei ulike periodane vert vanskeleg. Tydelegast er spora frå yngre jernalder og mellomalder. Her har også vore busetnad i førromersk jernalder, og moglegvis også i eldre bronsealder. Også lok. 13 har truleg vore busett i førromersk jernalder, men her er det elva som har viska ut mesteparten av spora.

Det vart påvist dyrkingsaktivitet attende til eldre bronsealder for lokalitetane som låg brattast til (lok. 12 og 16), og elles kunne det innan området påvisast horisontar frå førromersk jernalder, romartid, merovingartid og framover gjennom vikingtid og mellomalder, til nyare tid. I dei flataste områda vart den eldste påviste dyrkingsaktiviteten datert til romartid. Dyrkningsprofilen på lokalitet 17 viser kontinuerleg dyrking i området frå romartid og fram til historisk tid.

## Fyglestrand og Haugen, gnr. 8 og 9 (Lokalitet 21, 22, 23 og 24)



**Figur 155** Oversynsbilde Fyglestrand (nærast) og Haugen, sett mot NA. Tettstaden på bildet er Skei, Jølster sitt administrative sentrum. I bakgrunnen kan ein skimte søraustlege del av Jostedalsbreen. Foto: TEL. Endringar: AKD.

Fyglestrand grensar til Hus i SV, og til Haugen i NA. Haugen strekk seg vidare nordaustover og grensar til Fygla. Den austlegaste av lokalitetane i undersøkingsområdet er lok. 24, som ligg dryge 600 m SV for kommunesenteret Skei.

Terrenget på Fyglastrand og Haugen er for det meste småkupert, prega av brattlendt, sør- til søraustvend beite- og slåttemark med nokre flatare parti.



**Figur 156** Oversynskart Fyglestrand og Haugen. Kartgrunnlag: Askeladden. Endringar: AKD.


### LOKALITET 21 – Dyrkingsspor

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141112	Fyglestrand	8	1	1250 m <sup>2</sup>	583 m <sup>2</sup>

Lokaliteten ligg om lag 2 km A for lok.19, der hallande beite- og slåttemark flatar ut litt rett N for E39 og 20 m N for vasskanten, S for tunområdet på gnr./bnr. 8/1. Frå registreringa var det kjend groper, fleire dyrkingslag, det eine datert til yngre bronsealder-førromersk jarnalder ( $2430 \pm 40$  BP; 760-400 f.v.t.; Beta 291369) og ei rektangulær kokegrop datert til førromersk jarnalder ( $2130 \pm 40$  BP; 350-50 f.v.t.; Beta 291368). Det vart opna to felt på høvesvis 19 x 9 og 32 x 12 m, òg éi sjakt på 2 x 9 m på lokaliteten. Det vart målt inn og granska tre moglege strukturar, men desse vart avskrivne som naturlege. Dei vert ikkje nærare omtala her, men er med på oversynskart nedanfor. To seksjonar av profilar med fossile dyrkingslag vart valde ut for finreinsking og dokumentasjon, éin sørvend frå det minste av dei to felta, og éin vestvend frå sjakta. Desse vert attgjeve her.



**Figur 157** Oversyn over lok. 21 før avdekking. Sett mot A. Foto: OMK.



**Figur 158** Oversyn over lok. 21. Illustrasjon: AKD/ArcMap

## **Profil A30622 S**

Ein fire meter brei seksjon av profilveggen vart vald ut for dokumentasjon. Om lag 120 cm matjord vart fjerna ned til steril undergrunn. Det vart definert femten morfologisk ulike lag, nummererte frå botn til topp. Av desse vart det skilt ut to beite- eller ryddingslag, og ni dyrkingslag (figur 159).

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av guloransje sand og grus. Lag 2 bestod av gråbrun humushaldig sand med trekol, og såg ut til å kunne representere beite eller den fyrste ryddinga. Lag 3 er tolka på same vis og bestod av gråsvart til gråbrun kolhaldig sand med mykje trekol. Lag 4 representerer eit erosjonssjikt av gul til grågul sand. Lag 5 er ein mogleg åkerrest, ei lomme bestående av mørk brun humushaldig sand med trekol. Lag 6 er skildra som eit åkerlag bestående av gråsvart humushaldig sand med mykje trekol. Deretter følgde seks åkerlag bestående av humushaldig sand med trekol, av varierende fargar; lag 7 og 10 er skildra som brune, lag 8 som gulbrunt, lag 9 og 12 som mørkebrune, og lag 11 som brunt til raudleg brunt. Lag 13 og 14 bestod av høvesvis brun og gulbrun humushaldig sand med spreidd trekol. Begge representerer åkeravsettingar, lag 14 truleg eit nyare dyrkingslag. Lag 15 bestod av filtaktig torv, representativt for moderne beite- eller slåttemark.

## **Datering**

Frå profil A30622 vart det teke ut tolv kolprøver, og ti av desse vart sendt til analyse.


Resultata syner at lag 2 og 3 begge kan daterast til seinneolitikum ( $3600 \pm 30$  BP; 2030-1885 f.v.t.; Beta 394349, og  $3570 \pm 30$  BP; 2015-1830 f.v.t.; Beta 394350).

Lag 6 kan daterast til eldre bronsealder periode II-III ( $3050 \pm 30$  BP; 1405-1220 f.v.t.; Beta 394351), medan lag 7 og 10 fekk identiske dateringar til yngre bronsealder periode V-VI ( $2460 \pm 30$  BP; 765-410 f.v.t.; Beta 394352 og 394354). Lag 8 kan daterast til yngre bronsealder periode IV-V ( $2700 \pm 30$  BP; 905-805 f.v.t.; Beta 394348).

Lag 9 og 11 kan begge daterast til førromersk jernalder ( $2230 \pm 30$  BP; 385-200 f.v.t.; Beta 394353 og  $2170 \pm 30$  BP; 355-120 f.v.t.; Beta 394355).

Lag 12 kan daterast til yngre romartid ( $1710 \pm 30$  BP; 250-400 v.t.; Beta 394356), medan lag 14 skriv seg frå nyare tid ( $50 \pm 30$  BP; 1695-Post 1950 v.t.; Beta 394357).





**Figur 159** Teikning av profil A30622 med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: ABO. Digitalisering: CF.

## **Profil A30460 V**

Ein 3,2 meter brei seksjon av profilveggen vart vald ut for dokumentasjon. Denne er gjengitt her. Femten morfologisk ulike lag vart definerte, og nummererte frå botn til topp. Av desse vart det skilt ut eitt ryddings- eller beitelag og ti fossile dyrkingslag (figur 160).

Lag 1 av guloransje sand og grus, representerer den sterile undergrunnen. Lag 2 såg ut til å kunne representere ei fyrste dyrking som var erodert vekk, beståande av raudbrun humushaldig sand og grus med spreidd trekol. Lag 3 representerer eit reint erosjonslag beståande av gul sand og grus. Lag 4 var eit sjikt av brunsvart humushaldig sand med trekol, og kan representere beitebruk eller rydding. Lag 5 var eit nytt erosjonslag av gul til raudleg sand med spreidd trekol. Eit nytt beite- eller moglegvis dyrkingslag, er representert ved lag 6, eit gråsvart til brunsvart sjikt med humus og mykje trekol. Ei åkeravsetting følgde, lag 7 som bestod av brunsvart humushaldig sand/grus med mykje trekol. Lag 8, 9 og 10 likna på lag 7, men var dominerte av høvesvis gråsvart, gråbrun og brun farge. Lag 11, 12 og 13 var høvesvis mørkebrun, brune og gulbrune variantar av det same, men lag 13 hadde meir spreidd trekol. Dei to øvste laga representerte truleg nyare drift, lag 14 av mørk brun humushaldig sand, med lag 15, grastorvlaget, på toppen.


## **Datering**

Det vart teke ut elleve kolprøver for radiologisk datering frå profil A30640, og seks av desse vart sendt til analyse.

Resultata syner at lag 2, 7 og 8 alle kan daterast til overgangen seinneolitikum – eldre bronsealder (3410 ± 30 BP; 1765-1630 f.v.t.; Beta 394358, 3380 ± 30 BP; 1745-1615 f.v.t.; Beta 394359, og 3350 ± 30 BP; 1730-1545 f.v.t.; Beta 394360).

Lag 10, 12 og 13 fekk betrakteleg seinare dateringar, alle til førromersk jernalder (2180 ± 30 BP; 360-170 f.v.t.; Beta 394361, 2170 ± 30 BP; 355-120 f.v.t.; Beta 394362, og 2210 ± 30 BP; 375-195 v.t.; Beta 394363).

A30460, dyrkningsprofil mot V  
 Lokallet 21  
 310714 ABO



**Figur 160** Teikning av profil A30460 med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: ABO. Digitalisering: CF.

**Tabell 46** Dateringsresultat frå lok. 21

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-494	30632	30622	2	3600 ± 30	Cal BC 2015 til 1915	Cal BC 2030 til 1885	394349
VP-495	30633	30622	3	3570 ± 30	Cal BC 1945 til 1885	Cal BC 2015 til 1830	394350
VP-497	30634	30622	6	3050 ± 30	Cal BC 1385 til 1260	Cal BC 1405 til 1220	394351
VP-498	30635	30622	7	2460 ± 30	Cal BC 750 til 510	Cal BC 765 til 410	394352
VP-493	30636	30622	8	2700 ± 30	Cal BC 890 til 815	Cal BC 905 til 805	394348
VP-499	30637	30622	9	2230 ± 30	Cal BC 370 til 210	Cal BC 385 til 200	394352
VP-500	30626	30622	10	2460 ± 30	Cal BC 750 til 510	Cal BC 765 til 410	394354
VP-501	30627	30622	11	2170 ± 30	Cal BC 350 til 180	Cal BC 355 til 120	394355
VP-502	30628	30622	12	1710 ± 30	Cal AD 260 til 385	Cal AD 250 til 400	394356
VP-504	30630	30622	14	50 ± 30	Cal AD 1895 til Post 1950	Cal AD 1695 til Post 1950	394357
VP-513	30644	30640	2	3410 ± 30	Cal BC 1745 til 1665	Cal BC 1765 til 1630	394358
VP-516	30647	30640	7	3380 ± 30	Cal BC 1730 til 1630	Cal BC 1745 til 1615	394359
VP-517	30648	30640	8	3350 ± 30	Cal BC 1685 til 1615	Cal BC 1730 til 1545	394360
VP-519	30650	30640	10	2180 ± 30	Cal BC 350 til 195	Cal BC 360 til 170	394361
VP-521	30652	30640	12	2170 ± 30	Cal BC 350 til 180	Cal BC 355 til 120	394362
VP-522	30653	30640	13	2210 ± 30	Cal BC 360 til 205	Cal BC 375 til 195	394363

### Samanfatting av lok. 21

Ved lokaliteten vart det påvist dyrkingsaktivitet med tidlegaste rydding eller beitebruk attende til seinneolitikum, og dyrking fram til og med romartid. Deretter er det utifrå dateringane eit brot fram til nyare tid. Dyrking frå yngre jernalder og historisk tid kan ha erodert vekk eller blitt omrota ved nyare tids pløying.

Den pollenbotaniske analysen (Overland 2016, sjå vedlegg X) syner eit relativt opent område i seinneolitikum der det vart beita og dyrka bygg. Området ser ut til å vere noko meir tilvaks (bjørkeskog) i eldre bronsealder, men blei truleg beita og dyrkingsaktivitetar kan ha forekome. I førromersk jernalder er det indikasjonar på at dyrkingsaktiviteten vert intensivert.

## LOKALITET 22- Dyrkingsspor og aktivitetsområde


Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141116	Haugen	9	15	1250 m <sup>2</sup>	288 m <sup>2</sup>

Lokaliteten ligg knappe 800 m NA for lok. 21 og ein dryg km SV for Skei, i relativt flat beite- og slåttemark rett NV for E39 og dryge 10 m frå vasskanten. Frå registreringa var det kjend to kokegroper, den eine med datering til yngre romartid (1730 ± 30 BP; 240-390 v.t.; Beta 291374). Det vart opna eit felt på 22 x 12 m på lokaliteten, med langsida langs ein SV/NA-orientert akse. Det vart fjerna 80 cm med matjord ned til undergrunnen.

Etter avdekking vart tolv strukturar målt inn. Åtte av desse vart ved nærare undersøking avskrivne som lagrestar og steinopptrekk. Av dei som stod att var det to kokegroper, eitt mogleg stolpehol, og éi grop. Dei tre fyrstnemnde vert gjengitt her. Ein seksjon av profilveggen mot N (eig. NV) vart vald ut for finreinsking og dokumentering av førhistoriske dyrkingslag. Denne er attgjeve under.



**Figur 161** Arbeidsfoto frå lok. 22 under avdekking. Avbilda: CEM. Foto: CFK.



Figur 162 Oversyn over lok. 22. Illustrasjon: CF/ArcMap


## Strukturar

Tabell 47 Liste over strukturar på lok.22

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdem	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
26531	Kokegrop	rund	115	127	127	16	rund	rund
26545	Kokegropslignende	ujevn	99	159	159	11	flat	skrå
26520	Stolpeliggende	avlang	38	54	38	26	rund	rund
26400	Grop	rund	95	96	95	25	rund	rund

### Kokegrop A26531


I flata hadde kokegropa ei rund form og målte 127 x 115 cm. Etter snitting synte den seg å vere 16 cm djup med eit fossilt kollag i botn og skjørbrende stein. Den hadde ein flat botn med skrå sider. På toppen var det eit torvig lag.



**Figur 163** Fotografi og teikning av A26531 i profil. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.

### Kokegrop A26545


Kokegropa hadde ei ujamn form i flata og målte 159 x 99 cm. Etter snitting synte den seg å vere 11 cm djup med eit fossilt kollag i botn og skjørbrende stein. Den hadde ein relativt flat botn med skrå sider.



**Figur 164** Fotografi og teikning av A26545 i profil. Feltteikning: CFK. Digitalisering: AKD.

### Stolpeliknande A26520

I flata hadde den moglege stolpeholet ei ujamt avlang avrunda form, og målte 54 x 38 cm. Etter snitting synt den seg å vere 26 cm djup med ein ujamt rund botn og avrunda skrånande sider som var noko uklart avgrensa mot undergrunnen.



**Figur 165** Fotografi og teikning av A26520 i profil. Feltteikning: CEM. Digitalisering: AKD.



## Datering

Kokegropene A26531 og A26545 kan begge daterast til romersk jernalder ( $1740 \pm 30$  BP; 235-385 v.t.; Beta 394370 og  $1820 \pm 30$ ; 125-315 v.t.; Beta 394369), same periode som kokegropa som fylkeskommunen registrerte.


**Tabell 48** Dateringsresultat frå strukturar på lok.22

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-535	27276	26531	$1740 \pm 30$	Cal AD 250 til 340	Cal AD 235 til 385	394370
VP-512	27277	26545	$1820 \pm 30$	Cal AD 135 til 240	Cal AD 125 til 315	394369

## Profil A26388 N


Ein i overkant av sju meter brei seksjon av profilveggen vart valt ut for dokumentering, og er attgjeve her. Det vart definert ti morfologisk ulike lag, nummererte frå botn til topp. Av desse vart det skilt ut eitt ryddingslag og sju fossile dyrkingslag.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen og bestod av raudgul sand og grus. Lag 2 kan representere spor etter fyrste dyrking, bestående av samansett brun og gul humushaldig sand med spreidd trekol. Dette laget fanst berre i austlege del av profilen. Lag 3, bestående av brun, sandlinsa humushaldig sand med trekol, representerer truleg beite eller rydding. Lag 4 vart tolka tilsvarende, men òg som mogleg spor etter dyrking. Det bestod av brun til gråkvit utvaska humushaldig sand med mykje trekol. Deretter følgde ein mogleg brakkfase representert ved lag 5 som såg ut som eit vekstlag av brun, homogen og kompakt humushaldig sand utan synleg trekol. Lag 6, 7 og 8 representerer åkeravsetningar av humushaldig sand med trekol, av høvesvis mørkebrun, gråbrun og lysebrun farge. Lag 9, som bestod av gulbrun humushaldig sand, og lag 10, som bestod av brun humushaldig sand med stein, representerer begge dyrking i nyare tid.



**Figur 166** Teikning av profil A26388 1-3,5 m, med lagskildding og datering (ukal. BP). Felteikning: ABO. Digitalisering: CF.

A26388, dyrkningsprofil mot N  
 Lokallet 22  
 210714 ABO



**Figur 167** Teikning av profil A26388, 3,5-7 m, med lagskildring og datering (ukal. BP). Felteikning: ABO. Digitalisering: CF.

## Datering

Åtte kolprøver for radiologisk datering vart tekne ut frå profil A26388. Av desse vart fem sendt inn.

Resultata synte at lag 2 kan daterast til eldre bronsealder periode I ( $3400 \pm 30$  BP; 1750-1625 f.v.t.; Beta 394364), medan lag 3 fyrst kan daterast til førromersk jernalder ( $2240 \pm 30$  BP; 390-205 v.t.; Beta 394365). Lag 4 kan derimot daterast attende til eldre bronsealder periode II ( $3210 \pm 30$  BP; 1530-1425 f.v.t.; Beta 394366). Lag 7 og 8 fekk identiske dateringar til førromersk jernalder ( $2190 \pm 30$  BP; 360-170 f.v.t.; Beta 394367 og 394368). Lag 2, 4 og 7 var daterte på or, medan lag 3 og 8 var daterte på bjørk.

I profilen ligg altså eitt av laga som vart datert til FRJA (lag 3) under eit lag datert til EBaII (lag 4). Laga kan ha blitt blanda ved seinare dyrking, eller ved ras/erosjon, men det var ikkje noko her som tyda på sistnemnde. Det mogleg at kol frå éin av prøvene kan ha kontaminert ein annan og difor gitt feilaktige resultat ved analyse.

**Tabell 49** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 22

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-156	26898	26388	2	$3400 \pm 30$	Cal BC 1740 til 1660	Cal BC 1750 til 1625	394364
VP-157	26899	26388	3	$2240 \pm 30$	Cal BC 375 til 210	Cal BC 390 til 205	394365
VP-159	26901	26388	4	$3210 \pm 30$	Cal BC 1505 til 1440	Cal BC 1530 til 1425	394366
VP-161	26903	26388	7	$2190 \pm 30$	Cal BC 355 til 200	Cal BC 360 til 170	394367
VP-162	26904	26388	8	$2190 \pm 30$	Cal BC 355 til 200	Cal BC 360 til 170	394368

## Samanfatting av lok. 22

På lokaliteten vart det påvist dyrking frå eldre bronsealder og frå førromersk jernalder, samt aktivitet frå romersk jernalder i form av kokegroper.


I følgje pollenanalysen (Overland 2016, sjå vedlegg X) var lokaliteten prega av oreskog i eldre bronsealder, og det føregår beiting i denne perioden. Oreskogen ryddast i førromersk jernalder, og lokaliteten vert prega av ei noko fuktig beitemark. Det er registrert pollen Korn av bygg og kveite, samt forkola frø av dyrkingsindikatorar.

Grunna likskap i plasseringa nær vatnet mellom denne lokaliteten og kokegropfelta både på Årdal og Hus, kan det tenkast at dei påviste kokegropene representerer spor etter eit større felt som kan ha blitt forstyrra gjennom seinare tids aktivitet. Den stolpeliknande strukturen var frittstående, og det er difor vanskeleg å slå fast noko med utgangspunkt i denne. Forslagsvis kan den vere spor etter ei innretning som har hatt samanheng med kokegropene.

## LOKALITET 23 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141118	Haugen	9	1	370 m <sup>2</sup>	200 m <sup>2</sup>

Lokaliteten ligg dryge 300 m NA for lok.22 under hallande beite- og slåttemark rett N for E39 og 10 m frå vasskanten, rett A for innkøyrsla til gardstunet. Frå registreringa var det kjend kokegroper, den eine datert til førromersk jernalder-eldre romartid (1970 ± 40 BP; 50 f.v.t.-120 v.t.; Beta 291375), og groper. Det vart opna eitt felt på lokaliteten, dette målte 20 x 10 m. Det vart fjerna 120-160 cm matjord ned til steril undergrunn. Etter reinsking med krafse vart det målt inn 17 strukturar i undergrunnen. Ved nærare gransking vart fem avskrivne som steinopptrekk og lagrestar. Av dei som stod att var det åtte kokegroper, tre stolpeliknande strukturar og éin kolflekk. Tre av kokegropene er gjengitt her. Frå austlege profilvegg vart det valt ut ein seksjon for nærare finreinsking og dokumentering. Denne er gjengitt nedanfor.



**Figur 168** Oversyn over lok.23. Illustrasjon: C. Falkendal/ArcMap.

## Strukturar

Tabell 50 Oversyn over strukturar på lok.23, sortert etter type.


Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdem	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
23878	Kokegrop	ujevn	68	72	65	9	flat	skrå
23894	Kokegrop	rund	68	83	83	18	ujevn	rund
23908	Kokegrop	rund	86	90	90	13	flat	skrå
23952	Kokegrop	oval	75	88	67	9	flat	skrå
23992	Kokegrop	oval	113	117	130	20	flat	skrå
24002	Kokegrop	rund	115	110	110	10	rund	skrå
24015	Kokegrop	oval	88	145	117	14	flat	skrå
23967	Kokegropslignende	rund	65	70	70	3	flat	rund
60	Stolpeligende	rund	40	40	40	25	rund	skrå
23843	Stolpeligende	oval	33	46	62	18	rund	rund
23862	Stolpeligende	rund	22	22	23	16	spiss	rund
23925	Kullflekk	rund	49	36	48	7	-	-

### Kokegrop A23908

Kokegropa hadde ei rund form i flata og målte 90 x 86 cm. Etter snitting synte den seg å vere 13 cm djup med flat botn og skrå sidekantar. Det var eit tjukt kollag i botnen. Struktura skar inn i og såg ut til å vere yngre enn A23894. Desse to er teikna og fotografert saman.

### Kokegrop A23894

Kokegropa hadde ei rund form i flata og målte 83 x 68 cm. Etter snitting synte den seg å vere 18 cm djup med ujamn botn og runde sider. Det var eit tynt kollag i botnen. Kokegrop A23908 skar inn i denne, og A23894 såg ut til å vere eldst. Desse to er teikna og fotografert saman.




Figur 169 Fotografi i plan og teikning i profil av A23908 og A23894. Felteikning: CEM. Digitalisering: AKD.

### Kokegrop A24015

Kokegropa var oval i flata og målte 145 x 88 cm. Etter snitting synt den seg å vere 14 cm djup med flat botn og skrå sider. Den hadde eit svart kollag og inneheldt skjørbrend stein.





- ① Mørk kolhaldig sand og silt, noko humushaldig øvst.
- ② Raudbrun sand og grus. Steril undergrunn.

**Figur 170** Foto og teikning i profil av A24015. Feltteikning: CFK. Digitalisering: AKD.

## Datering

Kokegropene A23908 og A24015 kan begge daterast til romersk jernalder (1900 ± 30 BP; 55-135 v.t.; Beta 394379, og 1860 ± 30 BP; 75-235 v.t.; Beta 384140). Utifrå dette ser vi òg at A23894, som A23908 skjer gjennom, ikkje kan vere yngre enn romersk jernalder.

**Tabell 51** Dateringsresultat frå strukturar på lok. 23


VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-253	24196	24015	1860 ± 30	Cal AD 90 til 215	Cal AD 75 til 235	384140
VP-531	30688	23908	1900 ± 30	Cal AD 70 til 130	Cal AD 55 til 135	394379

## **Profil A26882**

Ein 3,5 meter brei seksjon av profilveggen vart valt ut for dokumentering. Denne vert gjengitt her. Det vart identifisert tolv morfologisk ulike lag. Av desse vart det skilt ut eitt ryddings-/ eller beitelag og åtte fossile dyrkingslag.

Lag 1 representerer den sterile undergrunnen bestående av guloransje sand. Eit mogleg fyrste ryddings- eller beitelag følgde, representert ved lag 2 som bestod av mørk brun til svart humushaldig sand med trekol. Deretter lag 3, som er tolka som eit ras- eller erosjonslag skildra som brun, noko humushaldig smågrus. Lag 4 representere truleg eit dyrkingslag bestående av gråsvart humushaldig sand med mykje trekol, medan lag 5 er skildra som mørk brun gruspakka humushaldig sand, tolka som erosjonslag blanda med dyrkingslag. Ein åkerrest kan vere representert ved lag 6, som bestod av brun humushaldig sand med trekol. Laga 7, 8, 9, 10 representerer alle dyrkingslag av humushaldig sand og trekol, med fargenyansar der lag 7 var gråbrunt, 8 var brunt, 9 var lysebrunt og 10 var gulbrunt. Laga 11 og 12 representerte nyare tids dyrking og drift, og bestod av høvesvis gråbrun humushaldig sand og mørk brun filtaktig grastorv.

A26882, dyrkningsprofil mot A  
Lokalitet 23  
230714 ABO



**Figur 171** Teikning av profil A26882, med lagskildring og datering (ukal. BP). Feltteikning: ABO. Digitalisering: CF.

## Datering

Det vart teke ut åtte kolprøvar for radiologisk datering frå profil A26882, og alle vart sendt inn til analyse. Resultata frå to ulike dateringsprøvar frå lag 2 syner at det kan daterast til eldre bronsealder periode II-III ( $3070 \pm 30$  BP; 1415-1235 f.v.t.; Beta 394372, og  $2990 \pm 30$  BP; 1365-1120 f.v.t.; Beta 394371).

Lag 4 kan daterast til slutten av yngre bronsealder eller tidleg førromersk jernalder ( $2400 \pm 30$  BP; 730-400 f.v.t.; Beta 394373).

Lag 6 kan daterast til yngre romartid-folkevandringstid ( $1650 \pm 30$  BP; 340-425 v.t.; Beta 394374).

Lag 7 og 8 kan begge daterast til førromersk jernalder ( $2160 \pm 30$  BP; 355-115 f.v.t.; Beta 394375, og  $2220 \pm 30$  BP; 380-200 f.v.t.; Beta 394376).

Lag 9 og 10 fekk dateringar til nyare tid, ( $100 \pm 30$  BP; 1680-Post 1950 v.t. Beta 394377, og  $130 \pm 30$  BP; 1670-Post 1950 v.t.; Beta 394378).

**Tabell 52** Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok.23

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-412	26886	26882	2	$2990 \pm 30$	Cal BC 1260 til 1130	Cal BC 1365 til 1120	394371
VP-413	26887	26882	2	$3070 \pm 30$	Cal BC 1395 til 1280	Cal BC 1415 til 1235	394372
VP-414	26888	26882	4	$2400 \pm 30$	Cal BC 510 til 405	Cal BC 730 til 400	394373
VP-415	26889	26882	6	$1650 \pm 30$	Cal AD 385 til 420	Cal AD 340 til 425	394374
VP-416	26890	26882	7	$2160 \pm 30$	Cal BC 345 til 170	Cal BC 355 til 115	394375
VP-417	26891	26882	8	$2220 \pm 30$	Cal BC 360 til 205	Cal BC 380 til 200	394376
VP-418	26892	26882	9	$100 \pm 30$	Cal AD 1690 til Post 1950	Cal AD 1680 til Post 1950	394377
VP-419	26893	26882	10	$130 \pm 30$	Cal AD 1680 til Post 1950	Cal AD 1670 til Post 1950	394378

## Gjenstandsfunn

Det vart gjort eitt funn på lokaliteten, eit avslag av bergkrystall (F23981) i matjorda. Det er katalogisert i Universitetenes Samlingsdatabaser (musit), søkbart under B17363.

## Samanfatting av lok. 23

Det vart påvist dyrking frå eldre og yngre bronsealder, førromersk jernalder og yngre romartid-folkevandringstid på lokaliteten, og dessutan aktivitetsspor frå romersk jernalder i form av kokegroper. Sistnemnde føyer seg inn i rekka av romartids kokegroppfelt i sona nær vatnet. Avslaget i bergkrystall vitnar om sein steinbrukande tid, men ikkje naudsynleg eldre enn det eldste daterte dyrkingslaget.

I følgje den pollenbotaniske undersøkinga (Overland 2016, sjå vedlegg X) kan lokaliteten ha vore beita i bronsealder. I romartid vert den prega av både dyrkingsaktivitet, beite og slått.

## LOKALITET 24 – Dyrkingsspor og aktivitetsområde

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141124	Haugen	9	1	2000 m <sup>2</sup>	671 m <sup>2</sup>

Lokaliteten ligg knappe 100 m NA for lok 23, på den andre sida av eit høgdedrag i same beite- og slåttemarka, i eit hallande, søraustvend parti. Frå registreringa var det kjend tolv strukturar: Ei mogleg gravrøys, groper der den eine var datert til eldre bronsealder (3160 ± 40 BP; 1500-1380 f.v.t.; Beta 291379), grøfter, der den eine var datert til førromersk jernalder (2250 ± 40 BP; 400-200 f.v.t.; Beta 291383), samt eit dyrkingsslag med botndatering til yngre bronsealder (2690 ± 30 BP; 900-800 f.v.t.; Beta 291381) og toppdatering til yngre romartid (1680 ± 40 BP; 250-430 v.t.; Beta 291376).



**Figur 172** Oversyn over lok.24, før avdekking. Lok.23 ligg på bortsida av haugen. Fjellet Orkja i bakgrunnen. Foto: O-M Kildedal.

Det vart opna eit 50 m langt SV/NA-orientert felt som var 18 m breitt i sørvestlege ende, og 9 m breitt i nordaust. Det vart fjerna 120-170 cm med matjord ned til steril undergrunn. Etter finreinsking med krafse vart det målt inn fem strukturar. Ved nærare gransking vart tre avskrivne som steinopptrekk og lagrestar, inkludert strukturen fylkeskommunen hadde tolka som gravrøys. Dei to som stod att, begge kokegropsliknande, vart undersøkte og dokumenterte. Dei er gjengitt her. Frå vestenden av sørlege profilvegg vart det vald ut ein seksjon for finreinsking og dokumentering. Det vart òg valt ut ein samanhengande seksjon av

nordøstlege hjørne av feltet, som strekte seg over østlege og nordlege profilvegg. Hjørnet er gjengitt som to separate seksjonar i framstillinga, men det er gjort greie for lagrelasjonar undervegs.



**Figur 173** Oversyn over lok. 24. Illustrasjon: CF./ArcMap.


## Strukturar

**Tabell 53** Oversyn over strukturane på lok. 24

Struktur	Type	Flate			Profil			
		Form i flate	Bredde cm	Lengdcm	Bredde i profil cm	Dybde cm	Bunn i profil	Sider i profil
24151	Kokegrop	oval	79	105	115	25	rund	skrå
30695	Kokegropslignende	ujevn	79	156	150	18	ujevn	skrå

## Kokegroppliknande A30695

Strukturen framstod som ujamnt oval i flata, og målte 156 x 79 cm. Ved snitting synte den seg å vere 18 cm djup med ein ujamn botn og skrå sider.



**Figur 174** Fotografi og teikning av A30695 i profil. Felteikning: OFU. Digitalisering: AKD.

## Kokegrop A24151

Kokegropa hadde ei oval form i flata og målte 105 x 79 cm. Ved snitting syntte den seg å vere 25 cm djup, med ein rund botn og skrå sider. Den inneheldt trekol og skjørbrend stein.



**Figur 175** Fotografi og teikning av A24151 i profil. Felteikning: CFK. Digitalisering: AKD.

## Datering

Kokegropsrest/eldstad A30695 vart til mellomneolittisk tid fase B-seinneolittisk tid fase I (3860 ± 30 BP; 2460-2205 f.v.t.; Beta 394389). Om dette stemmer, representerer det spor etter den eldste kjende aktiviteten i området. Strukturen vart datert på or.


Kokegrop A24151 kan daterast til eldre bronsealder periode III (2960 ± 30 BP; 1260-1055 f.v.t.; Beta 394391).



**Tabell 54** Dateringsresultat frå strukturar på lok.24

VP-No	Intrasis No	Struktur No	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-483	30731	30695	3860 ± 30	Cal BC 2435 til 2285	Cal BC 2460 til 2205	394389
VP-542	30730	24151	2960 ± 30	Cal 1220 til 1120	Cal BC 1260 til 1055	394391

**Profil A30563**




**Figur 176** Teikning av profil A30563, med lagskildring og datering (ukal. BP). Feltteikning: ABO. Digitalisering: CF.

Ein 1,2 m brei seksjon av profilen vart vald ut for dokumentasjon, denne er gjengitt her. Det vart definert ni morfologisk ulike lag, nummererte frå botn til topp. Av desse vart det skilt ut seks fossile dyrkingslag. Lag 1 representerer den sterile undergrunnen bestående av gul sand og grus. Lag 2 kan representere ein rest av tidleg dyrking, og bestod av gråbrun humushaldig

sand med mykje trekol. Lag 3, 4, 5, 6 og 7 representerer alle åkerlag. Lag 3 bestod av raudbrun, humushaldig sand med mykje trekol. Lag 4 og 5 bestod av humushaldig sand med trekol, høvesvis gråbrun og brun. Lag 6 bestod av brun lettgrusa humushaldig sand med trekol. Her vart det skilt ut eit lag 6a, som var gulbrunt og meir grushaldig. Lag 7 bestod av gulbrun sand med trekol. Til slutt var det lag 8 med lys brun humushaldig sand utan synleg trekol, og lag 9 av filtaktig topptorv, representativt for moderne drift.

## Datering

Frå profil A30563 vart det teke ut seks kolprøver til radiologisk datering, og av desse vart to sendt til analyse. Resultata syner at lag 2 kan daterast til yngre bronsealder periode V-VI til førromersk jernalder ( $2440 \pm 30$  BP; 755-405 f.v.t.; Beta 394380), medan lag 7 daterast til moderne tid ( $230 \pm 30$  BP; 1640-Post 1950 v.t.; Beta 394381).



**Figur 177** Teikning av profil A30538, med lagskildding og datering (ukal. BP). Feltteikning: ABO.

Digitalisering: CF.

## **Profil A30538**

Ein tre meter brei seksjon av profilen vart vald ut for dokumentasjon, og denne er gjengitt her. Det vart definert tretten morfologisk ulike lag i profilen, nummererte frå botn til topp. Av desse vart det skilt ut eitt ryddings-/beitelag og åtte fossile dyrkingslag. Lag 1 representerer den sterile undergrunnen av goloransje sand og grus. Ei tidleg ras- eller flomavsetting følgde, representert ved lag 2 av gul sand pakka med tett grus og stein. Lag 3 kan representere fyrste rydding eller beite, og bestod av gråsvart humushaldig sand med trekol. Deretter kom erosjonslaget lag 4, skildra som goloransje finkorna sand. Lag 5 er tolka som avsetting etter beite eller tidleg dyrking, og bestod av svart humushaldig sand med mykje trekol. Lag 6 bestod av brunsvart raudsandspetta humushaldig sand med mykje trekol og representerer ein åkerrest. Lag 7, 8, 9, 10 og 11 er alle tolka som åkeravsettingar, og skildra som beståande av humushaldig sand. Lag 7 var mørk brunt og inneheldt mykje trekol, medan lag 8 var brunt med mykje småstein og innslag av trekol. Lag 9 var brunsvart med trekol. Lag 10 var mørkebrunt med noko trekol og lag 11 var brunt med litt trekol. Mot toppen var spor etter nyare tids drift. Lag 12 bestod av gulbrun humushaldig sand utan synleg trekol, og den filtaktige topporva var representert ved lag 13.

## **Datering**

Frå profil A30538 vart det teke ut åtte kolprøver for radiologisk datering, og av desse vart seks sendt inn til datering.


Resultata syner at lag 3 kan daterast til fase seinneolittisk tid ( $3590 \pm 30$  BP; 2025-1885 f.v.t.; Beta 394382). Lag 5 kan daterast til sein yngre bronsealder ( $2480 \pm 30$  BP; 770-480 f.v.t.; Beta 394383).

Lag 7 kan daterast til yngre romartid ( $1760 \pm 30$  BP; 220-375 v.t.; Beta 394384), og lag 8 til folkevandringstid ( $1590 \pm 30$  BP; 400-545 v.t.; Beta 394385).

Lag 10 kan daterast til merovingartid og vikingtid ( $1220 \pm 30$  BP; 690-885 v.t.; Beta 394386), medan prøven frå lag 11 gav datering til nyare tid ( $90 \pm 30$  BP; 1685-Post 1950 v.t.; Beta 394387).

## Profil A30540

A30540, dyrkningsprofil mot N  
Lokalitet 24  
290714 ABO



**Figur 178** Teikning av profil A30540, med lagskildring og datering (ukal. BP). Feltteikning: ABO. Digitalisering: CF.

Ein om lag 3,7 m brei seksjon av profilen vart vald ut for dokumentasjon. Det var definert trettan morfologisk ulike lag, nummerert frå botn til topp, og nesten alle korresponderte med tilsvarande lag frå profil A30538. Unntak er lag 2, som er skildra som brungrå humushaldig sand/silt, noko organisk, og tolka som eit tidleg vekstlag. Lag 5 i A30540 likna motparten i A30538, men var meir brunleg. Lag 6 bestod av mørk brun humushaldig sand med trekol og er tolka som eit åkerlag med motpart i lag 6 i A30538.

### Datering

Frå A30540 vart det teke ut tre kolprøvar for radiologisk datering. To av desse vart sendt til analyse. Resultata syner at lag 2 kan daterast til seinmesolittisk tid (7240 ± 30 BP; 6210-6035

f.v.t.; Beta 394388). Sidan det i heile undersøkingssområdet og Jølster forøvrig manglar andre spor etter menneskelege aktivitetar som er eldre enn seinneolitikum, verkar det mest rimeleg å tru at dateringa kan stamme frå ein naturleg oppstått brann, noko som også den botaniske analysen tyder på (Overland 2016). Lag 3 kan daterast til eldre bronsealder periode I ( $3400 \pm 30$  BP; 1750-1625 f.v.t.; Beta 394390).

**Tabell 55** Dateringsresultat frå dyrkingsprofilar på lok.24

VP-No	Intrasis No	Profil	Lag	Ukal. BP	1 Sigma	2 Sigma	Beta
VP-385	30567	30563	2	$2440 \pm 30$	Cal BC 735 til 415	Cal BC 755 til 405	394380
VP-422	30572	30563	7	$230 \pm 30$	Cal AD 1650 til 1795	Cal AD 1640 til Post 1950	394381
VP-427	30550	30538	3	$3590 \pm 30$	Cal BC 2005 til 1900	Cal BC 2025 til 1885	394382
VP-428	30549	30538	5	$2480 \pm 30$	Cal BC 760 til 540	Cal BC 770 til 435	394383
VP-430	30545	30538	7	$1760 \pm 30$	Cal AD 240 til 330	Cal AD 220 til 375	394384
VP-431	30546	30538	8	$1590 \pm 30$	Cal AD 420 til 535	Cal AD 400 til 545	394385
VP-433	30547	30538	10	$1220 \pm 30$	Cal AD 725 til 870	Cal AD 690 til 885	394386
VP-434	30548	30538	11	$90 \pm 30$	Cal AD 1695 til Post 1950	Cal AD 1685 til Post 1950	394387
VP-439	30558	30540	2	$7240 \pm 30$	Cal BC 6090 til 6060	Cal BC 6210 til 6035	394388
VP-487	30557	30540	3	$3400 \pm 30$	Cal BC 1740 til 1660	Cal BC 1750 til 1625	394390

## Samanfatting av lok. 24

Den eldste dateringa frå lokaliteten, til seinmesolitikum, er mest rimeleg å tolke som spor etter eit naturleg fenomen, truleg ein skogbrann. I følgje den pollenbotaniske analysen (Overland 2016, så vedlegg X) var lokaliteten i seinmesolitikum prega av oreskog med noko alm og hasel, samt feltsjikt av gras og skogurter. Området har truleg hatt låg menneskeleg aktivitet, og trekolkurva kan representere regionale brannhendingar.

I seinneolitikum vert små areal dyrka, og bygg er påvist. Lokaliteten vert tydelegare prega av oppdyrking og beitemark i eldre bronsealder. Makrofossilprøver frå andre del av SN samt eldre bronsealder indikerer rydingsbrenning, eller bruk av hushaldsavfall som gjødsel. Pollendiagramma frå yngre romartid tyder på at lokaliteten var så godt som heilt open, og prega av dyrking og beite. Frå folkevandringstid er det berre registrert dyrkingsindikatorer, men i merovingertid/vikingtid er det også registrert slåtteinikatorar.

Aktivitetsspor på lokaliteten representert ved to kokegropsliknande strukturar, fekk dateringar frå høvesvis mellomneolittisk tid og eldre bronsealder. Om fyrstnemnde datering stemmer, er

det den eldste påviste menneskelege aktiviteten i Jølster, om ein ser vekk i frå den moglege endå eldre dateringa nemnd ovanfor. Denne står òg åleine.

Dyrkingsaktivitet vart påvist attende til seinneolittisk tid. Det vart òg datert dyrkingsspor frå eldre og yngre bronsealder, gjennom eldre og yngre jernalder, samt nyare tid.

## **Samanfatting av Fyglestrand og Haugen**

Som i dei brattlendte områda i Bjørsetområdet kunne det òg i dette området påvisast dyrkingsaktivitet attende til seinneolittisk tid på lokalitetar med tilsvarande topografi. Vidare fanst det dyrkingshorisontar med datering frå eldre og yngre bronsealder, og eldre jernalder.

Sjølv om romartids kokegroper berre var representert med einskildståande strukturar på to lokalitetar, 22 og 23, tilseier plasseringa i landskapet og dateringa at desse mogleg representerer tilsvarande fenomen som dei større felta på Årdal og Hus.

Den potensielt eldste påviste aktiviteten i Jølster kan vere representert ved ein eldstad med datering til mellomneolittisk tid. Eit kolhaldig lag fekk dessutan datering til seinmesolitikum, men er truleg uttrykk for ei naturleg hending.

## **AVSKRIVNE LOKALITETAR**

Ved undersøkinga vart tre av lokalitetane avskrivne i sin heilskap, to av dei på Årdal og éin på Helgheim. Under følgjer ein kortfatta presentasjon av desse, der det vert gjort greie for grunnlaget for avskriving.

### **LOK. 4**

<b>Askeladden-ID</b>	<b>Gardsnamn</b>	<b>Gardsnummer</b>	<b>Bruksnummer</b>	<b>Utstrekning</b>	<b>Avtorva</b>
141311	Årdal Ytre	3	6	65 m <sup>2</sup>	113 m <sup>2</sup>

Lok.4 grensar til E39, 30 m NV frå vasskanten og 100 m SA frå gardstunet og rundt 2,3 km NA for lok. 2 på Bjørset. Vi opna eit 12,6 x 9 m stort felt på lokaliteten. Fylkeskommunen hadde registrert éin eldstadliknande struktur, som vart datert til 1440-1640 v.t (SMA-nyare tid), og eitt mogleg stolpehol (Hellesøe 2011:15). Sistnemnde vart ikkje funne att. Då den

eldstadliknande strukturen vart reinska fram i flata, synte den seg å ikkje ha trekk som karakteriserer ein ordinær eldstad, men inneheldt spreidde kolbitar blanda med steinflak. Det såg heller ut som spor etter tiltak for å fjerne større stein frå marka, der ein har nytta ved til å varme opp stein og deretter vatn for å få den til å sprekke opp. Den avskrivne strukturen vart ikkje dokumentert ytterlegare.

### LOK. 11

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141088	Årdal Indre	4	10	1870 m <sup>2</sup>	445 m <sup>2</sup>

Lokaliteten går over begge sider av E39, 216 m ANA frå lok.10. Fylkeskommunen registrerte moglege kokegroper og eldstader på denne lokaliteten, men med etterreformatorkisk datering (Hellesøe 2011:20). Lokaliteten vart med utgangspunkt i plasseringa vurdert som å ha eit potensiale for spor etter busetnad. Ved vår avdekking vart det funne moglege strukturar; fire på sørsida av E39 og tre på nordsida. I sør bestod dei moglege strukturane av kollag/-flekke som i ulik grad var samanhengande, og som forsvann raskt ved oppreinsking i flata. Dei låg grunt, og det vart funne moderne glas i den eine, så det dreidde seg rimelegvis om restar frå nyare bålbreining. Tilsvarende gjaldt òg ein av strukturkandidatane på oppsida av vegen. Ein annan bestod av lys humushaldig sand. Denne vart snitta og tolka som steinopptrekk. Den siste, som bestod av eit rektangulært kollag med ei viss djupn og samanheng måtte delvis gravast ytterlegare fram etter avdekking og etter nøyare gransking vart den tolka som eit moderne skrotbål. Det var elles funne eit par tydeleg moderne nedgravingar med avfall i det avtorva området. Dei avskrivne strukturane vart ikkje dokumenterte ytterlegare.

### LOK. 14

Askeladden-ID	Gardsnamn	Gardsnummer	Bruksnummer	Utstrekning	Avtorva
141097	Helgheim	6	3	580 m <sup>2</sup>	367 m <sup>2</sup>

Lokalitet 14 låg i underkant av 60 m SA for lok 13, tett inntil E39 på sørsida, under flat beite- og slåttemark og midt på neset Øyane knappe 100 m N for vasskanten. Fylkeskommunen registrerte steinsamlingar her som ikkje vart daterte. At det vart tilrådd nærare gransking av desse verkar rimeleg, sidan det finst kjende graver på neset Øyane sør for lokaliteten. Vi

avdekte og målte inn fem steinsamlingar og éi grop. Då gropa og to av steinsamlingane vart undersøkte nøyare, kom det tydeleg fram at dei sistnemnde var moderne, og truleg representerer delar av moderne veiter og annan nedgraven stein. Vidare vart det funne moderne materiale mellom steinane. Den moglege gropa synte seg å vere eit tynt fyllskifte i undergrunnen. Dei avskrivne strukturane vart ikkje dokumenterte ytterlegare.



## **Samanfatning og konklusjon – busetnads- og jordbruksutviklinga i Jølster i lys av undersøkinga**

Kva ein finn under ei forvaltningsundersøking som E39 Bjørset – Skei vil sjølvsagt alltid vere styrt av kor inngrepa som utløyser utgravingane er planlagt. Den nye vegtraséen på strekninga er i hovudsak planlagt som ei utviding og oppretting av eksisterande trasé som går tett på strandlinja på nordsida av Jølstravatnet. Såleis styrer dette kor fylkeskommunen gjorde sine registreringar og vidare kor Universitetsmuseet gjorde utgravingar basert på fylkeskommunen sine funn. Med få unntak ligg dei undersøkte lokalitetane ikkje noko særleg høgare enn 5-7 meter over vasspegelen til vatnet. Høgste undersøkte lokalitet er lokalitet 19 som ligg opp til 25 meter høgare enn vasspegelen.

Med jordbrukslandskapet som karakteriserer Jølster med oppdyrka markar frå strandsona og oppover liene, og dagens tun gjerne liggande på terrassar godt opp frå vatnet seier det seg sjølv at undersøkinga ikkje kan vere dekkande for heile jordbrukslandskapet i området. Undersøkinga dekker godt det horisontale planet i sona nærast vatnet. Samstundes er den lite dekkande på det vertikale planet; dvs. måten dei høgareliggande landskapsroma har blitt utnytta i høve til dei lågareliggande. Når det i vår undersøking til dømes manglar spor frå einskilde periodar, betyr difor ikkje det at det var folketomt i Jølster på den aktuelle tida. Det kan like gjerne skuldast at aktivitetane i større grad har gått føre seg i område vekk frå strandsona. På den andre sida er aktivitetane i den lågareliggande strandnære sona særst godt dekkja av undersøkinga. Det er undersøkt i alt 24 lokalitetar. 16 av desse hadde spor av førhistorisk jordbruk i form av dyrkingslag, og 13 hadde spor av busetnad og andre aktivitetar i form av ulike strukturar. Særleg med tanke på jordbruksspor er undersøkinga dekkande for dei lange linjene i utviklinga innanfor eit avgrensande område. Når det gjeld busetnad- og andre aktivitetsspor er ikkje undersøkinga like dekkande. Her er ein framleis avhenging av å ta høgde for «negative data» eller vente på eventuelle framtidige undersøkingar i høgareliggande område for å få eit meir dekkande bilete.

I det følgjande vert resultata frå undersøkinga først summert opp kronologisk. Deretter vert det ein tematisk gjennomgang der vi ser på kva funna kan seie om jordbruksutviklinga, busetnaden og den rituelle sfæren. I denne bolken vert også funna drøfta opp mot andre funn og utviklingstrekk i førhistoria på Vestlandet.

## Jølster før jordbruket

Om busetnad og menneskeleg aktivitet i Jølster i den eldste delen av steinalderen, fram til ein tek til å dyrke jorda, veit ein lite. Vår undersøking har diverre heller ikkje endra mykje på det. Under registreringane vart det da heller ikkje prioritert å leite etter moglege busetnadsspor frå steinalderen med prøvestikking. Faktisk er det ingen sikre kjente funn frå før «jordbrukstida» i heile kommunen. Det næraste ein kjem er meldingar om funn av flint på gnr. 2 Sandnes (Fett 1957). Her har det ved to høve vore gjort tilfeldige funn av flint. Den eine gongen i ein stølsveg, og den andre gongen nær det gamle tunet som ligg like ved Jølstravatnet. Museet fekk melding om desse funna i eit brev frå 1956, men alt da kunne meldaren fastslå at dei hadde blitt «somla bort». Ein har såleis ikkje hatt høve til å undersøke desse nærare med tanke på kva typologi eventuelt kunne seie om alderen på funna.

Den klart eldste dateringa på prosjektet (VP 439 i profil A30540 på lokalitet 24) er frå seinmesolitikum. Det er likevel tvilsamt om laget kan knytast til menneskeleg aktivitet. Truleg representerer laget ein naturleg skogbrann.

Ved undersøkinga vart det innimellom gjort lausfunn av slått flint og bergkrystall. Desse kan sjølvstare vere spor som går lenger attende enn seinneolitikum, men ingen av dei har tidsdiagnostiske trekk som mogleggjer ei nærare datering. Alle lausfunn og andre funn frå undersøkinga er katalogisert og er registrert under B17359 – 17367 i samlingane til Universitetsmuseet i Bergen.

Korleis områda kring Jølstravatnet har vore brukt før jordbruket veit ein framleis altså særst lite om. Ein kan likevel med stor sikkerheit fastslå at aktiviteten ikkje har vore like høg som på kysten. Likevel kan det tenkast at Jølstravatnet kan ha spela ei rolle som transportveg innover i landet, og saman med Breimsvatnet kan vatnet ha utgjort ein snarveg mellom Førdefjorden og Gloppen. Ein veit også lite, om og i kva grad, fjellområda kring Jølstravatnet har vore jaktområde under steinalderen, men basert på funn frå andre fjellområde på Vestlandet er dette ikkje utenkjeleg.

## Pionerjordbruk og busetnad i seinneolitikum

Frå lokalitet 1, 2 (Bjørset), 21 (Fyglastrand) og 24 (Haugen) er det dokumentert dyrkingslag med datering til seinneolitikum. Karakteristisk for lokalitetane med tidlege dateringar er at dei ligg i hallande og sørvendt terreng med gode soltilhøve. Dateringane frå Bjørset er dei eldste. Her er det i alt seks dateringar innanfor ramma 2195-1890 f. v. t. Dei to dateringane frå lokalitet 21 og 24 er noko yngre, høvesvis 2030-1830 og 2020-1885 f. v.t.. Pionertida for jordbruket på Vestlandet reknast å ha funne stad innanfor MNb og SN (2700-1700 f. v. t.) (Olsen 2013b). Dateringane antyder at jordbruket har kome noko seinare til eit innlandsområde som Jølster i høve til dei tidlege dateringane i fjordbygdene i Sogn og Fjordane (jf. *ibid.*). I det eldste jordbruket må ein anta at dyrkingsareal har inngått i rotasjonssystem med lange brakkperiodar mellom periodar da åkrane var i bruk. Det har med andre ord vore ein sær sars arealkrevjande driftsform (Diinhoff 1999:26f). Frå alle dei fire lokalitetane er pollen Korn av bygg påvist. Her var altså kornåkrar. I tillegg har alle lokalitetane spor av beitebruk (Overland 2016, jf. vedlegg X).

Frå lokalitet 24 føreligg det også ei datering frå ein struktur (kokegrop eller eldstad) til overgangen MNb – SN (2460-2205 f. v.t.). Dette er den eldste daterte strukturen på prosjektet. Den står likevel åleine. Det er ingen andre strukturar på lokaliteten som denne kan settast inn i samanheng med. Den kan like gjerne vere knytt til eit kortvarig opphald av fangstfolk som til ein etablert jordbruksbusetnad.

På lokalitet 17 er det på si side ein del strukturar som har dateringar som er samtidige med dei eldste jordbruksspora. Det dreier seg om to stolpehol, og tre dateringar frå grøfter (jf. figur 100). Dei nemnte strukturane ligg på linje og slik sett er det antyda ein samanheng mellom dei. Det er likevel uråd å etablere ei bygning ut frå desse strukturane. Ein bør likevel vere open for at her kan ha stått hus i SN. Området har hatt mykje aktivitet seinare, særleg i eldre jernalder. Dette kan ha fjerna eldre busetnadsspor herfrå. I området er det også gjort eit lausfunn som kan knytast til SN eller bronsealder; ein flateretusjert pilspiss i kvartsitt (Fnr. 26080/B17361). Spissen understrekar, ikkje overraskande, at jaktbasert erverv eksisterte side om side med jordbrukservet i den tidlegaste jordbrukstida.

## **Eldre bronsealder**

I eldre bronsealder held landskapet ved Jølstravatnet fram med å opnas opp. Alle dei fire lokalitetane som hadde spor etter dyrking i seinneolitikum, har også dateringar som viser dyrking i eldre bronsealder. Nye område har kome til slik som på Helgheim (lok 12), Hus (lok 16) og Haugen (lok 22). I det større biletet er det såleis berre på Årdal vi ikkje har bevis for dyrking på dette tidspunktet, men det skuldast truleg kjeldekritiske tilhøve. Vegtrasèen gjennom Årdal går nemleg i flatlendt terreng på baa sider av elva. Truleg må ein undersøke dei meir bratte og høgareliggande område på Årdal for å finne spor etter det eldste jordbruket her. I følgje den pollenbotaniske rapporten er truleg beiteaktivitet ein viktig årsak til at skogvegetasjonen vert meir open, samstundes som også brenning av kratt har spela ei rolle (Overland 2016:103, jf. vedlegg X).

Når det gjeld busetnadsspor er det framleis lokalitet 17 som skil seg ut. Tre stolpehol, tre grøfter og ei grop har dateringar innanfor eldre bronsealder. Dei tre grøftene ligg parallelt med, og ca 5 meter sør for dei to grøftene med SN datering. Stolpehola har ei større spreiring på lokaliteten (jf. fig. 108). Til liks med strukturane frå SN er det ikkje mogleg å sette strukturane inn i ein samanheng som t.d. ei bygning. Igjen får vi problemet med at den høge aktiviteten her i eldre jernalder har øydelagt mange av dei eldre spora. Men det er sannsynleg at det også i eldre bronsealder har stått hus i dette området. Ut over dette er det lite spor etter eldre bronsealder. Eit einskild stolpehol på lokalitet 19 har eldre bronsealderdatering, men det er for lite til å bygge noko vidare på. Ei einskild kokegrop på lokalitet 24 er også datert til eldre bronsealder. Den skal kanskje settast i samanheng med dyrkingsaktivitet i området.

## **Yngre bronsealder**

Det ligg føre dyrkingslag datert til yngre bronsealder på seks av lokalitetane. Alle desse lokalitetane har også eldre daterte dyrkingslag. Det dreier seg om lok. 2 på Bjørset, Lok. 12 på Helgheim, Lok. 16 på Hus, Lok. 21 på Fyglastrand og Lok. 23 og 24 på Haugen. Dei pollenbotaniske analysane tyder på intensivering av både dyrking og rydning i perioden. Både ved lok. 2, 12, 16 og 23 har vegetasjonen vore prega av lys og open blandingsskog av or og bjørk, og særleg ved lok. 2 og 16 aukar utbreiinga av grasrik vegetasjon (Overland 2016:104,

jf. vedlegg X). Korndyrking (bygg) er påvist både ved lok. 12 (korn i makroprøve og pollenkorn i pollenprøve) og lok. 2 (pollenkorn)

Perioden er dårleg representert med strukturar. Einaste strukturar frå perioden er to stolpehol på lok. 17 (det eine går også inn i førromersk jarnalder). Det er ikkje mogleg å argumentere sikkert for bygningar her på bakgrunn av desse, men moglegheita er til stades (sjå elles diskusjonen under «seinneolitikum» og «eldre bronsealder»). Det kan elles vere verdt å nemne at desse representerer dei yngste buplassindikerande strukturane på lok. 17. Frå førromersk jarnalder er det ingen dateringar frå denne lokaliteten. Det synast såleis å vere eit brot her ved overgangen frå bronsealder til jarnalder. Når vi igjen får dateringar frå lok. 17 eit stykke inn i romersk jarnalder er det frå andre typar strukturar som peikar mot aktivitetar knytt til produksjon og mogleg til utøving av kult. Det er såleis mogleg at de skjer eit skifte i lokaliseringa av hus/tun ved overgangen til førromersk jarnalder ved at dei no vert trekt vekk frå strandsona ved innsjøen og opp i høgda. Dette får likevel berre stå som ei hypotese fram til ein har eit betre undersøkingsgrunnlag frå høgareliggande område.

### **Førromersk jarnalder**

Frå og med førromersk jarnalder kjem også Årdal inn i funnbiletet. Dyrkingslag er påvist på tre lokalitetar i Årdal; lok. 5, 6 og 10. I tillegg er det datert dyrkingslag frå fem stadar som alt var etablert med dyrkingslag frå seineolitikum og bronsealder. Dette er lok. 2 på Bjørset, lok. 16 på Hus, lok. 21 på Fyglstrand og lok. 22 og 23 på Haugen.

Dei pollenbotaniske undersøkingane (Overland 2016:105f, jf. vedlegg X) viser at jordbruket vart ytterlegare intensivert med opning av skogvegetasjonen. Særleg ved lok. 5 og 10 i Årdal har skogvegetasjonen vore så nær som borte i denne perioden. Korndyrking var viktig på fleire lokalitetar, og lokalitet 10 skil seg ut med høg kornpollendel. Bygg var framleis den viktigaste korntypen, men pollenkorn av kveite er påvist på lok. 5, 10 og 22. Funn av møkkindikerande sopp på lok. 5 og 22 tyder på gjødsling av åkrane. Funn frå andre stadar på Vestlandet tyder på at gjødsling vart teke i bruk alt i eldre bronsealder, og vart meir vanleg frå og med yngre bronsealder. Dette mogleggjorde eit meir intensivt og mindre arealkrevjande jordbruk då ein kunne utnytta same åkerfleck lenger enn tidlegare (Myhre og Øye 2002:94f). Ved lok. 5 er det fleire indikatorar som tyder på at her kan ha vore etablert slåttemark i

førromersk jernalder. Det er tidlegare påvist truleg slåttemark på Rutlin i Sogndal frå denne perioden (Hjelle 2005:97).

Det er nokre busetnadsindikasjonar på Helgheim og Hus frå perioden. To stolpehol frå lokalitet 13 er datert til førromersk jernalder, i tillegg til fylkeskommunen si datering til same periode. Diverre var denne lokaliteten særst forstyrta av elva som fleire gongar har funne laup over den. På lokalitet 19 er fem stolpehol og ein eldstad datert til førromersk jernalder. Dateringane er særst samanfallande og antyder at her har stått ei bygning om lag midt i perioden. Diverre har det på same lokalitet vore mykje aktivitet både i seinare førhistorisk tid og i historisk tid. Dette gjer det vanskeleg å danne seg eit godt bilete av korleis bygningen har sett ut.

## **Romersk jernalder**

Dyrkingslag med datering til romersk jernalder er påvist på åtte lokalitetar. Dei fleste i område som alt hadde blitt dyrka tidlegare; lok. 1 og 2 på Bjørset, lok. 6 på Årdal, lok. 21 på Fygglestrand og lok. 23 og 24 på Haugen. Nye åkrar vert også etablert på lok. 9 i Årdal og lok. 17 Hus. Sistnemnte har tilnærma uavbrote dyrking fram til moderne tid frå romersk jernalder. Den botaniske analysen (Overland 2016:106, jf. vedlegg X) viser at dei fleste av lokalitetane no har open or- og bjørkeskog i nærleiken. Lokalitet 6 framstår på si side som heilt open, og her har det truleg vore både dyrka, beita og drive slått. Både på lokalitet 1 og 6 er det påvist byggpollen og makrofossil av bygg i laga. Lok. 6, 23 og 24 framstår som grasmark (beite) med mogleg slått. Ved lok. 9 og 17 har vegetasjonen i hovudsak vore beitepåvirka, men dyrking kan ikkje utelukkast frå lok. 17.

Eigentlege busetnadsspor er ikkje påvist frå romersk jernalder. Det er ein del lokalitetar som har funn av enkeltståande kokegroper som antyder at busettinga kanskje ikkje er langt unna; lok. 5, 6, 8, 22 (to kokegroper) og 25. Men det som verkeleg særpregar perioden er at det vert etablert to eller tre kokegroppfelt. Dei to største er representert ved lok. 7 på Årdal og lok. 15/17 på Hus. Åtte kokegroper, kor av baa to som vart  $^{14}\text{C}$  daterte hamna i romartid, vart dokumentert på lokalitet 23 og kvalifiserer dermed også til eit kokegroppfelt.

På lokalitet 7, Årdal, er det dokumentert 36 kokegroper. <sup>14</sup>C-dateringane tyder på at kokegropene er anlagt over ei periode frå eldre romartid og inn i yngre romartid. Feltet er ikkje dokumentert i sin heilskap da det er avskore av moderne inngrep både i aust og vest. Eit interessant trekk ved denne lokaliteten er at her er dokumentert ei grøft med fleire mindre stolpehol knytt til seg som synast å markere feltet si grense mot stranda / vatnet. Her er altså mogleg eit døme på at kokegropfeltet har lagt innanfor ei fysisk avgrensing (jf. Diinhoff 2005a:141f). Det kan også tyde på at det har vore ein relasjon mellom kokegropfeltet og vatnet som er meiningsberande (jf. Gustafson 2005a:208f). Den nære tilknyttinga mellom vatnet og kokegropfelt er også til stades på lok 15. Her er det dokumentert 34 kokegroper (og ti kokegropliknande strukturar) som har lagt nær strandkanten. Feltet har ei litt lenger brukstid enn lok. 7. Dei vart etablert om lag samstundes, men lok. 15 har også dateringar som strekker seg inn i folkevandringstid.

Det er naturleg å sjå lok. 15 som ei forlenging av aktivitetane som er dokumentert på lok. 17, om lag 50 meter NA for feltet og skilt av europavegen. Her var 22 kokegroper spreidd over heile feltet. Dei tre som vart <sup>14</sup>C-daterte fekk dateringar innanfor romartid, så truleg er fleire av kokegropene på lok. 17 frå denne perioden. Elles synast strukturane frå romartid på lok. 17 å kunne knytast til produksjon. Til dømes produksjonsanlegget omtala som anlegg 1. Vidare dei to store steinfylte gropene A21549 og A22876.

## **Folkevandringstid**

Frå folkevandringstid er det dokumentert dyrkingslag på fire lokalitetar. Det dreier seg om lok. 6 og 9 på Årdal, lok. 17 på Hus og lok. 24 på Haugen. Det er analysert relativt få lag frå perioden, men den pollenbotaniske analysen tyder på at tendensane frå romersk jernalder held fram. Skogvegetasjonen vert opnare, dyrking og beitebruk vert intensivert og fleire slåttemarker vert etablert (Overland 2016:107). Lokalitet 6 var truleg heilt open, og det er påvist byggkorn i folkevandringstidslag. Ved lokalitet 9 tyder analysen på etablering av slåttemarkar.

Når det gjeld strukturar er det dokumentert lite aktivitet til folkevandringstid. Einaste strukturar med datering til perioden er dei tre kokegropene på lok. 15. Truleg avsluttast bruken av dette kokegropfeltet i løpet av folkevandringstid. Den store aktiviteten som vart

dokumentert på lok. 17 i romersk jernalder, er det ingen teikn til at har halde fram inn i folkevandringstid.

## **Yngre jernalder**

Dyrking i yngre jernalder er påvist på heile ni lokalitetar. Lok. 1 og 2 på Bjørset, Lok. 10 og 25 i Årdal, Lok 16, 17 og 18 på Hus og lok. 24 på Haugen. Pollenanalysen viser ei tydeleg auke i korndyrking i denne perioden, og det er høge pollenverdiar av bygg på fleire av lokalitetane (Overland 2016:108f). Frå lok. 19 er det identifisert frukt av bygg i ei makrofossilprøve frå eit stolpehol. Analysen viser også auka bruk av gjødsel, og møkkindikerande sopp er registrert med høge verdiar på lok. 9 og 17, men også i noko mindre grad på lok. 1, 18, 24 og 25.

Både ved lok. 9, 17, 18, 24 og 25 er det registrert mogleg slåtteaktivitet (ibid.). Ein annan tendens som mogleg er fanga opp i analysen er utmarksbruk. Ei tydelegare oppdeling mellom innmark og utmark antakast generelt å vere eit utviklingstrekk knytt til eldre jernalder (Diinhoff 1999).

Av busetnadsspor er det påvist lite utanom lok. 19. Her fekk 12 av 20 daterte strukturar datering innanfor yngre jernalder. Dateringane av ni stolpehol har mellomverdiar som fyller tidsspennet frå sein merovingartid til overgangen til mellomalder. To kokegropar er datert til sein merovingartid/tidleg vikingtid. Det er heller ikkje her beint fram å identifisere sjølve huskonstruksjonen, men det er lagt fram eit forslag for delar av ei treskipa bygning (anlegg 1). Eitt stolpehol frå lokaliteten har datering til mellomalder (1155-1260 v.t.). Eit fotografi frå tidleg 1900-tal viser at det står ei bygning på lok. 19. Det er også merka av ei einsleg bygning her på utskiftingskartet frå 1878. Det ser ut til å vere ei utmarksløe, og dette gir kanskje også eit hint om kva type bygning som kan ha stått her i sein førhistorisk tid.

Ut over dette er aktivitet frå perioden dokumentert på lok. 7 (ei grop), lok. 8 (kokegrop) og lok. 13 og 16 (eitt mogleg stolpehol på baa lokalitetar).



## **Mellomalder**

Frå mellomalder er dyrking påvist på desse lokalitetane: lok. 6, 7, 10 og 26 på Årdal og lok. 16, 17 og 18 på Hus. Ved alle lokalitetar var landskapet heilt opent. Som i yngre jernalder er korndyrkinga tydeleg. Særleg på lok. 6 og 16 er det høge verdiar av byggpollen. Ved alle lokalitetar er det dessutan registrert møkkindikerande sopp, og dette stammar truleg frå gjødsling (Overland 2016:109f). Svake indikasjonar på utmarksbruk er også registrert på enkelte lokalitetar.

Ut over eit par stolpehol på lok. 19 med dateringar til overgangen frå yngre jernalder til mellomalder, og eitt med datering til høgmellomalder, er det ikkje påvist strukturar frå mellomalder.

## **Nyare tid**

Frå sju lokalitetar er det datert dyrkingslag frå nyare tid, det vil seie frå etter reformasjonen i 1536 og fram til i dag. Det dreier seg om lokalitet 1, 7, 17, 21, 23, 24 og 25. Berre prøver frå lok. 1 og 17 er analysert av botanikar. Både lokalitetane er prega av dyrking, beite og slått. Ved lok. 17 på Hus er landskapet heilt opent og det er sterke indikatorar på korndyrking (bygg). Lokalitet 1 på Bjørset er derimot meir prega av slåttemark samt einskilde indikatorar på utmarksbeite (Overland 2016:110).

## Tematisk oppsummering

Etter denne kronologiske oppsummeringa av utviklingstrekk i materialet, er det på sin plass å summere opp tematisk. Det er naturleg å fokusere på tre temaområder: a) Agrarlandskapet b) Busetnadslandskapet og c) det rituelle eller kultiske landskapet.

### a) Agrarlandskapet

Det utan tvil rikaste datatilfanget som vart generert av undersøkinga er knytt til spor av jordbruk. Alle tidsbolkar frå seinneolitikum, gjennom førhistorisk tid og inn i historisk tid er representerte. Undersøkinga gir difor eit godt og dekkande bilete av jordbruksutviklinga i området. Pollenbotaniske data (Overland 2016, jf. vedlegg X) gir informasjon om korleis vegetasjonen har endra seg, og kva driftsformer dyrkingslaga representerer.

Pionertida for jordbruket i Jølster må reknast å vere i seinneolitikum. Frå fire lokalitetar er det datering av dyrkingslag til denne perioden. Dateringane frå Bjørset er dei eldste, og her ligg i alt seks dateringar innanfor tidsspennet 2195-1890 f.v.t. Dette antydgar at jordbruket vart etablert noko seinare (nokre hundreår) i eit innlandsområde som Jølster enn ved kyst- og fjordnære områder. Det er elles interessant at det er stor romleg avstand mellom lokalitetane med datering av seinneolitisk jordbruk; det er over 9 km i luftlinje mellom Bjørset og Haugen. Sjølv om dette tidlege jordbruket reknast å ha vore ekstensivt og arealkrevjande (jf. Diinhoff 1999), bør ein her kunne konkludere med at det vert etablert minst to ulike driftseiningar i denne perioden. Mogleg bør ein også rekne med jordbruksaktivitet på Hus alt i seinneolitikum sidan her er indikasjonar på busetnad da, og åkrane låg neppe langt frå busetnadsområde. I så fall kan ein truleg også rekne med ei tredje driftseining knytt til Helgheim og Hus. Desse gårdane har store brattlendte og solrike bakkar som ligg utanfor det undersøkte området.

Driftsforma antakast altså å vere ekstensiv og arealkrevjande. Truleg har den vore basert på rotasjonsbruk der bruken av åkrane har gått gjennom syklusar av brenning av krattvegetasjon - korndyrking – brakklegging – beite – brenning osv. Beitebruk vil da ha tilført åkrane naturleg gjødsel (Olsen 2013b; Overland 2016:101f).

I eldre bronsealder opnast landskapet ytterlegare. Dei pollenbotaniske data tyder på at særleg beiteaktivitet var viktig for å etablere grasrik vegetasjon i denne perioden, men også brenning

av vegetasjon har vore nytta for å etablere åkrar (Overland 2016:103). Dei fire åkrane som hadde belegg for dyrking i seinneolitikum har også vore dyrka i eldre bronsealder. Samstundes er det no også belegg for jordbruksaktivitetar på Helgheim og Hus. Såleis er det berre Årdal som ikkje har belegg for jordbruk enno, men som vi har vore inne på kan dette skuldast kjeldekritiske tilhøve. Det antakast at åkrane i løpet av bronsealder vert meir permanente. Overgangen frå to- til treskipa hus i eldre bronsealder er truleg knytt til inneføring av buskapen, noko som medførte akkumulasjon av gjødsel og lengre bruksperiodar av åkrane mellom brakklegging (Olsen 2013b, Overland 2016:105 med tilvisingar), og møkkindikerande sopp er påvist på lok. 2, 21 og 24 (Overland 2016:103).

Ved Haugen, Fyglestranda og Hus er pollenindikatorane frå eldre bronsealder sterkast i høve til ei driftsform dominert av beite medan indikatorane på Bjørset og Helgheim tyder på ein kombinasjon av beite og dyrking.

I yngre bronsealder skjer ei intensivering av både dyrking og rydning (Overland 2016:104). Dette er i tråd med den generelle utviklinga på Vestlandet, ei utvikling som alt starta på slutten av eldre bronsealder. Det er vanleg å sjå dette i samanheng med ein auka samfunnskompleksitet med utveksling av prestisjevarer og behov for å auka produksjonsoverskot (Diinhoff 1999:27). Alle dyrkingslagskontekstar ved vår undersøking som fekk datering til yngre bronsealder låg likevel på lokalitetar som også hadde eldre dateringar. Det betyr at det framleis ikkje er belegg for dyrking på Årdal, bortsett frå den eine dateringa frå sein yngre bronsealder frå fylkeskommunen si registrering av lok. 9. Ein bør likevel anta at jordbruket var etablert på Årdal, sjølv om det ikkje reflekterast i vår undersøking (jf. tidlegare tilvisingar til kjeldekritiske tilhøve). I løpet av yngre bronsealder og førromersk jernalder vert det generelt også vanleg med jordforbetring gjennom tilføring av trekolhaldige massar og minerogenrik torv. Dette førte til at det vart opparbeida tjukke dyrkingslag (ibid.:18).

Ved Haugen (lok. 23) er det sterke indikatorar på beite i yngre bronsealder. Ved Hus (lok. 16), Helgheim (lok. 12) og Bjørset (lok. 2) har driftsforma bestått av ein kombinasjon mellom beite og korndyrking (Overland 2016:104f).

Med førromersk jernalder er endeleg også prova på jordbruk i Årdal tydelege med dateringar frå tre lokalitetar. At Årdal først no er representerte med dyrkingslag kan anten bety at det i

førromersk jernalder skjer ein lokal ekspansjon der område som tidlegare ikkje var rekna som eigna til dyrking no vert teke i bruk, eller at bygda først no vert busett. Som det vil gå fram av dei kjeldekritiske aspekta vi har vore inne på, meiner vi førstnemnte alternativ er mest sannsynleg. Årdal omfattar store område som vil ha vore eigna til tidleg jordbruk, men som ligg utanfor arealet som vert råka av vegutbygginga. Det *kan* vere teknologiske nyvinningar som mogleggjorde at desse areala no kunne dyrkast opp.

Det skjer altså ei ytterlegare intensivering av både dyrkningsaktivitet og beitebruk i Jølster i førromersk jernalder i høve til tidlegare periodar. Korndyrking har vore viktig. Ved sidan av bygg, som er viktigaste kornslaget, er det også påvist kveite. I førromersk jernalder finn vi også dei tidlegaste indikasjonane på etablering av slåttemark (lok. 5) (Overland 2016:105f).

Både åkerbruket (dyrking) og bruk av slåttemarkar intensiverast i romartid (Overland 2016:106f). Det er påvist dyrkingslag på åtte lokalitetar jamt fordelt over heile undersøkingsområdet. Ein av dei lokalitetane som ikkje har påvist dyrking før i romartid er lok. 9 i Årdal. Lokaliteten skil seg frå dei fleste andre ved å ligge i eit heilt flatt område bygd opp av elveavsetningar frå Årdalselva. Det er mogleg den seine dateringa her har samanheng med ny kunnskap som gjorde det mogleg å dyrke opp flater og sletter utan naturleg falldrenering. Truleg har dette vore mogleg gjennom omlegging av driftsform, truleg mogleggjort gjennom betre tilgang på jarn, meir effektiv pløying og aktiv markdrenering. Desse endringane gjorde det mogleg å ta i bruk større areal til åkrar enn tidlegare, og dermed sikre større grøde (sjå Hatling & Olsen 2014).

Utviklinga frå romersk jernalder held fram i folkevandringstid med intensivering av både dyrking og beitebruk og etablering av fleire slåttemarkar (Overland 2016:107f).

Denne tendensen forsterkast ytterlegare i yngre jernalder og mellomalder (Overland 2016:108ff). Auken i korndyrking i yngre jernalder er særst tydeleg. Det same gjeld bruken av gjødsel. Først i yngre jernalder er det pollenbotaniske indikasjonar på utmarksbruk i materialet. Etableringa av det tydelege skillet mellom innmark og utmark lik det ein finn på vestlandgardar i historisk tid vert vanlegvis knytt til eldre jernalder (Diinhoff 1999:27). Det er tydelege teikn på at det skjer ei omstrukturering av agrarlandskapet frå midten av romersk jernalder (Myhre & Øye 2002:137ff). At utmarksindikatorar manglar i det pollenbotaniske materialet frå Jølster i eldre jernalder, treng ikkje tyde at omstruktureringa her kom seinare.

Det skuldast heller at undersøkinga i liten grad dekkja typiske utmarksområde. Som vi skal sjå er det andre teikn i det arkeologiske materialet som tyder på ei omstrukturering i løpet av eldre jernalder.

### **b) Busetnaden og landskapet**

Under denne bolken skal vi samanstille datatilfanget som omhandlar busetnadsspor. Kvar i landskapet har folk budd, og kan materiale seie noko om endringar i busetnadsmønsteret gjennom førhistorisk tid? Utviklinga vert vurdert i høve til busetnadsmønster på Vestlandet i dei aktuelle periodane.

Datatilfanget er ikkje like omfattande som når det gjeld agrarspor. Stolpehol som kan representere busetnadsspor er påvist på nokre få lokalitetar, først og fremst lok. 17 og 19 på Hus, men truleg også på lok. 13 Helgheim. Sams for lokalitetane er diverre at materialet framstår fragmentert slik at det er vanskeleg å rekonstruere til dømes heile bygningar. For lok. 13 skuldast dette truleg seinare påverknad frå elva, og på lok. 17 og 19 er det overlappende spor frå fleire periodar der yngre spor ofte har øydelagt eldre.

Det er truleg at det har stått hus på lok. 17 i seinneolitikum og eldre bronsealder. Asle Bruen Olsen har tidlegare sett på lokaliseringa av dei seinneolitiske toskipa langhusa på Vestlandet. Han peikar på at lokaliseringa av desse husa ikkje følgjer noko klart mønster, men er å finne i nær sagt alle typar terreng. Eit hus frå Hauge i Sande kommune, Møre og Romsdal kan trekkast fram som ein parallell lokalisering til lok. 17; «på en liten strandnær flate ved sjøen» (Olsen 2013b:142). Han knyter dette busetnadsmønsteret til den ekstensive og arealkrevjande driftsmåten i perioden. Flytting av åkrar og beiteområde innanfor faste territorium har medført at også bustadhuset har måtte flyttast med jamne mellomrom. Det har vore ein mobil busetnadsform innanfor stadbundne territorium (ibid.:142ff).

I motsetnad til dei seinneolitiske husa på Vestlandet, har bronsealderbusetnaden eit klarare mønster ved at den nesten alltid er lokalisert til terrassar (Olsen 2013b:142). Det passar såleis ikkje med den strandbundne lokaliseringa av lok. 17. Likefult er eldre bronsealder representert med åtte dateringar på lokaliteten. Spennet går over heile perioden med ytterpunkt på dateringane frå 1685 – 1045 f.v.t. (2 sigma kalibrering). Det kan sjølvsagt ikkje utelukkast at stolpehola og dei andre strukturane representerer ein annan aktivitet enn

busetnad, men moglegheita er også til stades for at det har eksistert ein busetnadskontinuitet her med røter attende til seinneolitiske tradisjonar. Frå første del av yngre bronsealder er det ingen daterte spor på lokaliteten. To stolpehol er derimot datert innanfor intervall frå sein yngre bronsealder til tidleg førromersk jernalder. Etter denne tid er det ingen busetnadsindikatorar på lok. 17. Plassen er likevel i bruk igjen i romartid, men da til andre formål. Diverre gjer altså denne seinare aktiviteten det vanskeleg å få eit klart svar på bruken av lok. 17 i seinneolitikum og eldre bronsealder.

Ut over dei to nemnte stolpehola frå lok. 17 fangar ikkje undersøkinga opp busetnadsspor frå yngre bronsealder. Frå førromersk jernalder er derimot materialet rikare. Tre dateringar av stolpehol frå lok. 13 høyrer til denne perioden. Diverre er øydeleggingar frå elva her så stor at det ikkje let seg gjere å rekonstruere hus på nokon måte. Litt betre moglegheiter er det på lok. 19, og eit forslag har blitt lagt fram (jf. figur 140). Frå førromersk jernalder er det kjent ein god del hus frå Vestlandet. Typisk finn ein no relativt korte treskipa langhus (12-16 meter), ofte med ein tilhøyrande mindre verkstadbygning (Diinhoff 2005b:79ff). Undersøkingar mellom anna frå Mo og Velle i Ørsta kommune tyder på at desse gardsanlegga i regelen var busett av eit familiehushald og flytta rundt i landskapet med jamne intervallar, forslagsvis ved kvart generasjonsskifte (ibid., Diinhoff 2005c). Det er mogleg at busetnadsspora på lok. 13 og 19 er restar av eit slikt system av vandrande gardsanlegg som vi kjenner frå andre stadar i perioden.

Frå romersk jernalder og folkevandringstid kjenner vi ikkje busetnadsspor frå undersøkingsområdet. Likevel er området neppe folketomt. Dyrkingsspor, særleg frå romartid, er omfattande. Det skjer ei intensivering av både korndyrking og beite, og dette kan neppe forklarast annleis enn at folketalet auka og/eller behovet for å produsere overskot auka. Talet på kokegroper og andre aktivitetsspor er også stort. Her er altså eit tydeleg brot, og det gjev grunnlag for å spørje kvar busetnaden tok vegen no?

Som vi var inne på i samband med utviklinga av agrarlandskapet, så skjer det store endringar i gardssamfunna i Sør-Noreg frå og med midten av romartid. I følgje Bjørn Myhre og Ingvild Øye (2002:159) vert busetnadsmønsteret med tunkontinuitet for gardane etablert, nye gardar vert rydda, større hustypar vert tekne i bruk og både februket og åkerbruket vert intensivert. Dei peikar først og fremst på sosiale og politiske årsaker; endringane er så overgripande at det må vere styrt av eit herskarsjikt og leiande slekter i sentrale jordbruksbygder, og samanliknar

med leiglendingsystemet for å vise tilhøvet mellom herskande slekter og ufrie bønder. Dei ser føre seg ei styrt endring der busetnaden vert konsentrert dels til landsbyliknande einingar og einskildgardar av ulik storleik. I tillegg vert då landskapet klarare organisert i innmark og utmark (ibid.:160ff). Lokalt har vi eit uttrykk for dette på Hegrenes i bygda Ålhus. Her vart det i 2006 undersøkt eit gardsanlegg med mellom anna ei 42 meter lang bygning frå overgangen mellom romartid og folkevandringstid på ein terrasse dryge 200 meter opp frå Jølstravatnet (Haugen & Diinhoff 2010).

Vi anar spor av desse endringane også i materialet frå Jølster. Busetnadsspora er borte frå den strandnære sona, samstundes som både dyrkings- og beiteaktiviteten har vore høg. På lok. 17 etablerast eit produksjonsområde i romartid og på lok. 7 og 15 etablerast kokegropfelt. Truleg må dette sjåast som uttrykk for at sjølve busetnaden etablerast med ei meir stabil tilknytning til fastare tun enn det som har vore tilfelle tidlegare. Sannsynlegvis ligg spora av desse tuna i nærleiken av der dagens tun er etablert og i nærleiken av der klyngetuna låg fram til utskiftinga. Desse finn vi i hovudtrekk høgare oppe i liene enn der undersøkinga vart gjort. I den neste temabolken skal vi kome inn på korleis kokegropfelte passar inn i denne samanhengen.

I yngre jernalder finn vi heller ikkje busetnadsspor i den strandnære sona. Derimot er det igjen reist (minst) ei bygning på lok. 19. Dateringane på dei yngste stolpehola her strekker seg frå merovingartid via vikingtid og inn i mellomalder. Storleiken og topografiske tilhøve gjer at det neppe er tale om eit sentralt tunområde her. Bygningen skal kanskje heller sjåast som eit bygning i samband med gardsdrifta som korn- eller høylager. På utskiftingskart frå 1875 er det teikna inn ei einsleg bygning her. Det er truleg den same som er kome med på eit fotografi frå tidleg 1900-tal. Makroprøvene frå stolpehol med sein datering gjev eit variert bilete mellom anna med funn av forkola korn og beiteindikatorar (Overland 2016:64).

### **c) Det rituelle landskapet**

Under denne overskrifta skal vi sjå på dei funna som kan knytast til den rituelle sfæren. Ritual knytast ofte til overgangar. Det kan gjelde overgangar og endringar i menneska sine liv slik som fødsel og dåp, overgang frå barn til vaksen, inngåing av ekteskap og død/gravferd. Ritual kan også vere knytt til overgangar i naturen slik som solsnu (midtintersolverv og

sommarsolverv) og det kan markere midlertidige endringar i personar sin status som det å legge ut på og returnere frå reiser. Ritual kan markere endringar som at ein person går frå barn til vaksen med dei rettar og pliktar det medfører. Samstundes kan ritual virke stadfestande som når ei gruppe menneske feirar midtvintersolvervet saman, og slik stadfestar seg sjølv som sosial gruppe andsynes dei som ikkje er invitert til feiringa.

I det arkeologiske kjeldematerialet frå Jølster er det først og fremst kokegropfelta som er rekna å kunne høyre til den rituelle sfæren. I tillegg er det frå tidlegare kjent nokre gravminne langs den undersøkte strekinga som også kan trekkast inn i diskusjonen. Vi har i lys av dette ingen attkjennelege spor etter rituell aktivitet frå seinneolitikum og bronsealder.

Grunnleggande sett er ei kokegrop spor etter matlaging gjennom tørrkokning (dvs. utan bruk av vatn) av kjøt. Ei grop i bakken fyllast opp med ved, og etter kvart som veden brenn ned leggast det på steinar som tek til seg og magasinerer varme. Mellom steinane leggast så eit innpakka kjøtstykke, og det heile dekkast av torv. I løpet av ei tid vil kjøtstykket verte ferdig gjennom at det vert kokt i sine egne safter.

Det er altså hendinga kring kokegropene, eller konteksten for måltidet som har blitt laga i dei, som gjer dei rituelle. Det er vanleg å skilje mellom einskildliggande kokegroper og større samlingar av kokegroper. Sistnemnte får ofte dateringar til romartid og folkevandringstid. Einskildliggande kokegroper har større spreing på dateringane (jf. t.d. Gjerpe 2001:5). Til dømes har vi frå undersøkinga dateringar av slike til alt frå mellomneolitikum og eldre bronsealder (lok. 24) til yngre jernalder (lok. 8). Slike kokegroper som ligg for seg sjølv er gjerne ein indikasjon på at det er samtidig busetnad i nærleiken, men kan ikkje utan vidare settast inn i ein rituell samanheng.

På lok. 7 vart det påvist 36 kokegroper, fire groper, ti stolpehol og ei grøft, alt innanfor eit område på om lag 100 m<sup>2</sup>. Kokegropene tek i stor grad omsyn til kvarandre; dvs. det er sjeldan ei kokegrop er grave ned i ei annan, og dei synast nærast å vere ordna i rekker. Det er også indikasjonar på at grensa for kokegropområdet har vore markert, i alle fall mot strandkanten. Datering frå fire av kokegropene tyder på at brukstida er avgrensa til ei relativ kort tid innanfor 100- og 200-talet av vår tidsrekning (dvs. rundt midten av romersk jernalder).



Vi må her sjå for oss at folk frå eit større område (kanskje frå gardane omkring Jølstravatnet) har møttes til samkomer der god mat (og sikkert også drikke) stod sentral. Når dei har stege over avgrensinga av feltet mot vatnet, har dette gjeve ei forsterka kjensle av eit ein er på ein spesiell plass, eit område skilt frå det daglegdagse. Lars Erik Narmo (1996) meiner kokegropfelte skal forståast som kultplassar der matofferet i samband med gudsdyrkinga har stått sentralt. Offeret sameinar deltakarane og stadfestar deira fellesskap med dei guddommelege maktene. Lars Erik Gjerpe (2001) vektlegg på si side dei meir verdslege politiske og juridiske aspekta ved slike samkomer, og meiner dette har vore arenaer der relativt jambyrdige menn har inngått avtalar, lagt planar, handtert konflikhtar og liknande. Lil Gustafson (2005b:104f) har peika på at det ikkje naudsynt er noko motsetnad mellom desse to tolkingane. I eit samfunn som jarnaldersamfunnet der det sakrala og profane neppe har vore klart skilt, har gjerne gudane hatt eit ord med i laget både når det gjeld konflikthandtering og planlegging.

På lok. 15 vart det påvist 34 kokegroper og ti kokegropliknande strukturar innanfor eit i overkant av 60 m<sup>2</sup> stort område. Fem kokegroper vart daterte. Den eldste er datert til 85-240 etter vår tidsrekning medan den yngste har dateringar mellom 425 og 600 etter vår tidsrekning. På den nærliggande lok 17 vart det påvist 23 kokegroper og kokegropliknande strukturar, men med ei mykje større spreiiing (innanfor ca. 700 m<sup>2</sup>) utover lokaliteten og liggande innimellom strukturar som vart tolka som produksjonsanlegg. Dei tre kokegropene som vart datert har alle dateringar som fell på 100- og 200-talet etter vår tidsrekning. Det er mogleg dei to lokalitetane skal sjåast i samanheng, men lok. 15 representerer eit meir reindyrka kokegropfelt, og det er mogleg at kokegropene på lok. 17 i større grad skal knyttast til samtidige spor av produksjon i dette området enn til rituell aktivitet.

Ein tydeleg kontrast mellom kokegropfeltet på Årdal (lok. 7) og Helgheim/Hus (lok. 15) er at sistnemnte synast å ha lenger brukstid. Ut frå dateringane er dei to felte etablert nokolunde samstundes, truleg rundt år 100 v.t. Lok. 7 ser ut til å gå ut av bruk i løpet av romartid medan lok. 15 også er i bruk i folkevandringstid. Ei openberr feilkjelde her er likevel at lok. 7 kan ha yngre kokegroper i området som er dekkja av vegen. Dersom ein likevel går god for mangelen på seine dateringar, kan dette vere eit uttrykk for at kultplassen på Årdal flyttast mot slutten av romartid. Dette er i så fall uttrykk for ein trend ein ser i det generelle funnbiletet på Vestlandet; at kokegropfelte i større grad vert knytt til gardane sine tun (t.d. Diinhoff 2005a).

Denne tendensen ser ein også ved utgravinga på Hegrenes (Haugen & Diinhoff 2010). Ei mogleg forklaring på dette er at kultusen i større grad vert gjenstand for kontroll av leiande stormenn, i kontrast til ei meir kollektiv tilnærming til kulten tidlegare i jernalder. Dette er ei utvikling som kan følgjast parallelt i det arkeologiske materialet på Vestlandet gjennom teikn på auka hierarkisering i sein romartid og folkevandringstid, mellom anna med rike gravfunn og funn av store huskonstruksjonar som vert tolka som hallbygningar (Solberg 2000:121ff). Samstundes har ein også døme på at kokegropfelt som ligg borte frå gardane har kontinuitet inn i folkevandringstid (Diinhoff 2005a). Lok. 15 ser da ut til å vere uttrykk for dette.

Ei mogleg forklaring er at dei seinare kokegropene på lok. 15 er knytte til gravritual. I området mellom kokegropfeltet og Helgheim kyrkje, som ligg 400 meter vest for kokegropfeltet, er det kjent i alle fall tre gravminne. Eit av desse er ei gravrøys som låg nær strandkanten om lag 150 meter i ASA retning for kyrkja. I denne vart det funne ei kvinnegrav frå folkevandringstid (Fett 1957; fk. 1/1, B10093). Ei anna røys låg nær stranda om lag 200 meter frå kyrkja, men har ikkje kjente funn (Ibid. Fk.1/2). Maksimalt 50 meter nord for fk. 1/1 skal ein under graving av ei hustuft ha støytt på ei gravkiste som inneheldt ei leirkrukke (Ibid. Fk. 1/3). Leirkrukka er tapt, men ut frå skildringa av gravskikk er det truleg at dette er ei grav frå yngre romartid eller folkevandringstid.

På Helgheim er det dessutan kjent eit gravfunn med våpengrav frå yngre jernalder (B6432a-k). Per Fett plasserer det 50 meter nord for kyrkja, noko som gir det ei plassering i framkanten av dagens tun på bnr. 2. På Hus har vi også døme på tunnære graver frå yngre jernalder. 75 meter aust for tunet på bnr. 4 står gravhaugen Askeladden id. 25928 (figur 179). Denne vart grave ut av Haakon Schetelig i 1913, som gjorde funn av klinknaglar (B6694). Truleg er gravlegginga frå yngre jernalder (mogleg båtgrav). Om lag 100 meter NNV for denne, og på oppsida av tunet, blei flatmarksgrava med funn av B6797 funne. Dette er ei våpengrav frå yngre jernalder, truleg også med ei kvinnegrav frå same tid. Gravminna frå yngre jernalder er altså tydeleg meir knytt til tuna på Helgheim/Hus enn gravminna frå eldre jernalder. I mellomalder vert strandsona på ny ein viktig kultisk og rituell arena med etablering av kyrkja på same stad som dagens kyrkje står.

På Årdal har vi ingen sikre gravminner. Rangla B8838 er eit mogleg gravfunn, men funnkonteksten skal kanskje like gjerne tolkast som ei kokegrop. Spydet B 9973 vart funne utan tilknytning til noko som kunne tolkast som grav. På Årdal blir det liksom på Helgheim,

etablert kyrkjestad i mellomalder. Også denne hadde ei plassering på flatene nær vatnet, truleg om lag der lok. 8 låg.



**Figur 179** Utsikt frå yngre jarnalders rituelle landskap mot eldre jarnalders rituelle landskap. Gravhaugen Askeladden id. 25928 mot SV. Det avdekka feltet nær vasskanten er kokegropfeltet lok. 15.

### **Avsluttande kommentarar og perspektiv**

Datatilfanget frå undersøkingane knytt til E39 Bjørset-Skei er eit godt utgangspunkt for vidare forskning rundt jordbruket si etablering og utvikling innanfor eit avgrensa område.

Undersøkinga representerer også den mest omfattande undersøkinga av jordbruksspor frå eit innlandsområde på Vestlandet. Materialet har difor stor utsegnskraft når det gjeld jordbruket si etablering og utvikling i innlandsområda på Vestlandet, til dømes gjennom samanlikning av tendensar i Jølstermaterialet og anna materiale. I dei store trekka ser utviklinga i Jølster ut til å

følgje det generelle mønsteret på Vestlandet, men enkelte særtrekk skil seg ut. Jordbruket si pionerfase i Jølster er, som elles på Vestlandet, innanfor MNb og SN, men våre dateringar indikerer at endringa her kjem relativt seint i høve til kyst- og fjordstrøka. Berre ytterlegare undersøkingar i Jølster og andre vestnorske innlandsområde kan avgjere om dette er tilfeldig eller eit del av eit mønster. Ein må her vere medviten om at sjølv om vår undersøking omfattar eit stort område, så er det likevel avgrensa til dei strandnære landskapsroma. Eit anna «avvik» er at indikasjonar på utmarksbruk først vert synlege i pollendiagramma frå yngre jernalder i Jølster medan denne driftsforma generelt antakast å verte etablert i eldre jernalder.

Det er også innbyrdes forskjellar i dei undersøkte områda som kan vere interessant å gripe fatt i. Særleg er det her Årdal som skil seg ut med overraskande seine dateringar på dei første jordbruksindikatorane. Om det verkeleg er slik at jordbruket først vert etablert her i førromersk jernalder, nesten 2000 år seinare enn i område som Bjørset, Helgheim/Hus og Haugen/Fyglastrand, kan berre nye undersøkingar gje svar på. Det er uansett interessant at denne strandnære sonen på Årdal først vert teken i bruk i førromersk jernalder (her bør våre data verte rekna som kvalitativ gode). Det er ein klar kontrast til alle dei andre områda langs den undersøkte traseen, som har etablering alt i seinneolitikum eller eldre bronsealder.

Sjølv om undersøkinga av jordbruksspor har vore omfattande, er det også generert ei relativ stor datamengd knytt til busetnad og rituell aktivitet. Dette gir ein god moglegheit til å sjå dei ulike «sfærane» (jordbruksspora, busetnadsspora og spora etter rituell aktivitet) i samanheng. I oppsummeringa ovanfor er det gjort eit lite forsøk på trekke trådar mellom desse ulike aktivitetane, og korleis dette viser til endring i bruken av landskapet ved Jølstravatnet gjennom førhistorisk tid. Her er det truleg mange moglegheiter for vidare forskning. Biletet er langt frå komplett, og vi har forsøkt å «fylle ut» tomrom gjennom negative data og tilvisingar til klyngetun i historisk tid. Særleg ved Helgheim/Hus ser det ut til å teikne seg eit ganske klart bilete av korleis dei ulike landskapsroma har vore nytta til ulike tider, men fråveret av sikker lokalisering av tun i romartid/folkevandringstid og yngre jernalder er sjølvsagt ein mangel her. Skulle framtidige utgravingar generere eit slikt materiale, så vil sjølvsagt data frå vår undersøking vere godt eigna til å settast inn i ein slik samanheng.

## Litteratur og kjelder

Askeladden. 2014-2015. Kulturminnedatabase, Riksantikvaren. Askeladden.ra.no

BK = Bergens Kalvskinn. AM 329 FOL. i Norsk Riksarkiv. Hødnebo, Finn (utg. og innl.), Johannessen, Ole-Jørgen (innl.). 1989. Selskapet til utgivelse av gamle norske håndskrifter, Oslo.

Bull, Edvard. 1920. *Leding, militær- og finansforfatning i Norge i ældre tid*. Steenske forlag, Kristiania og København.

Demuth, Volker 2015 Grav ble til grop. Internettartikkel norark.no -

<http://www.norark.no/prosjekter/e-39-skjerpe-krossmoen-helleland-2/grav-ble-til-grop/> (Vitja 27.07.16).

Diinhoff, Søren 2005a Kogegruber – glimt af en rituel praksis gennem 1500 år. I Gustafson, L., Heibreen, T. & Martens, J. (red.) *De gåtefulle kokegroper*. Varia 58, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Oslo. s. 135-144.

Diinhoff, Søren 2005b Den vestnorske agrarbosætning. Frå sen steinalder til folkevandringstid. Arkeologiske resultater frå et tiår med fladeafdækninger på Vestlandet. I Høgestøl, Mari et al. (red.) *Konstruksjon og byggeskikk. Maskinell flateavdekking – metodikk, tolking og forvaltning*. AmS-varia 43, Arkeologisk museum i Stavanger. s. 75-85.

Diinhoff, Søren 2005c Den førromerske jordbruksbosætning på Moflaten ved Ørsta. I Bergsvik, K.A. & Engevik, A. (red.) *Fra funn til samfunn. Jernalderstudier tilegnet Bergljot Solberg på 70-årsdagen*. UBAS Nordisk 1, Universitetet i Bergen. s. 105-120.

Fett, Per. 1957. *Førhistoriske minne på Vestlandet – Jølster prestegjeld*. Historisk museum, Universitetet i Bergen. (også søkbar på internett:

[http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett\\_ramme.html](http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html))

Gjerpe, Lars Erik 2001 Kult, politikk, fyll, vold og kokegropfeltet på Hov. *Primitive tider*, 4. årgang. s. 5-18.

- Gustafson, Lil 2005a Kokegroper i utmark.. I Gustafson, L., Heibreen, T. & Martens, J. (red.) *De gåtefulle kokegroper*. Varia 58, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Oslo. s. 207-222.
- Gustafson, Lil 2005b Om kokegroper i Norge.. I Gustafson, L., Heibreen, T. & Martens, J. (red.) *De gåtefulle kokegroper*. Varia 58, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Oslo. s. 103-134.
- Haugen, Anita og Diinhoff, Søren 2010. *Arkeologiske undersøkelser av en jernalders gårdsbosetning på Hegrenes, gnr. 73, bnr. 2. Jølster, Sogn og Fjordane*. Upublisert rapport. Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern
- Hatling, Stian & Olsen, Asle Bruen 2014 *Arkeologiske og naturvitenskaplige undersøkelser av en eldre jernalder åker på Skulestadmoen i Voss, Gjerde gnr. 54, bnr. 5 og 12, Voss kommune, Hordaland*. Upublisert rapport. Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern
- Hauken, Åsa D. & Løken, Trond 2001 Nomenklatur for gjenstandsdatatabasen. Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger.
- Hellesøe, Hege Brekke. 2011. *Rapport frå kulturhistorisk registrering. E39 Bjørset-Skei. Gnr.74, 1, 2, 3, 4, 6, 7, 8 og 9. Jølster kommune*. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga.
- Hjelle, Kari Loe 2005 Pollenanalyse – en nødvendig metode for å forstå jernalderens jordbrukslandskap. I Bergsvik, K. A. & Engevik jr., A. (red.) *Fra funn til samfunn. Jernalderstudier tilegnet Bergljot Solberg på 70-årsdagen*. UBAS Nordisk 1, Universitetet i Bergen.
- Iversen, Frode. [1997]1999. *Var middelalderens lendmannsgårder kjerner i eldre godssamlinger? En analyse av romlig organisering av graver og eiendomsstruktur i Hordaland og Sogn og Fjordane. Arkeologiske avhandlinger og rapporter fra Universitetet i Bergen – 4*. Arkeologisk institutt, UiB, Bergen.
- Melle, Torbjørn og Christoffer Knagenhjelm. 2006. «Feltmetodikk – kvar blei det av oldsakene? Forslag til utbetring av flateavdekkingsmetoden.» i *Primitive Tider* Årgang 9. Oslo.

- Myhre, Bjørn & Øye, Ingvild 2002 *4000 f. Kr – 1350 e. Kr. Jorda blir levevei. Norges landbrukshistorie* bind I. Det norske samlaget, Oslo.
- NAL= *Norsk arkeologisk leksikon*. 2004. Østmo, Einar og Lotte Hedeager (red.). Pax Forlag, Oslo.
- Narmo, Lars Erik 1996 «Kokekammeratene på Leikvin» *Kult og kokegroper. Viking* bind LIX, s. 79-100.
- Olsen, Asle Bruen. 2013a *Forslag til prosjektplan for arkeologiske frigivningsgranskinger. Årdal Ytre gnr. 3, bnr. 2, 5 -6, Årdal Indre gnr. 4, bnr. 1, 3, 10, Helgheim gnr. 6, bnr. 3 – 4, Hus gnr. 7, bnr. 1 – 4, Fyglestrand gnr. 8, bnr. 1, Haugen gnr. 9, bnr. 1, 15 og Bjørset gnr. 74, bnr. 3, Jølster kommune, Sogn og Fjordane i forbindelse med Detaljreguleringsplan for E39 Jølster, parsell Bjørset-Skei*. Universitetsmuseet i Bergen, Seksjon For Ytre Kulturminnevern.
- Olsen, Asle Bruen 2013b *Jordbrukskulturens pionertid på Vestlandet. Hus, åker og territorialitet*. I Diinhoff, S., Ramstad, M. & Slinning, T. (red). *Jordbruksbosetningens utvikling på Vestlandet. Kunnskapsstatus, presentasjon av nye resultat og fremtidige problemstillinger*. UBAS 7, Universitetet i Bergen. s. 129-147.
- Overland, Anette 2016 *Paleobotaniske analyser av dyrkingslag på 16 lokaliteter langs E39 Jølster, parsell Bjørset-Skei, og stolpehull på Hus. Paleobotanisk rapport frå avdeling for naturhistorie, Universitetsmuseet, Universitetet i Bergen*.
- Orkelbog, Glenn Heine. 2013. *Rapport frå Kulturminneregistrering. Gbnr. 7/2, 6/13, 1/1 m.fl. Jølster kommune*. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga.
- Solberg, Bergljot 2000 *Jernalderen i Norge. 500 før Kristus til 1030 etter Kristus*. Cappelen akademisk forlag, Oslo.
- Øvrebø, Egil og O. Apneseth (foto). 1995. *Ålhus kyrkje. Ålhus Sokneråd, Jølster*.

Ågotnes, Anne. 1986. «Nordvestnorsk asbestkeramikk. Karform, godsstruktur, utbredelse og datering» i *Arkeologiske skrifter 3*, Historisk Museum, Universitetet i Bergen.



## Liste over tabellar

Tabell 1 Oversyn over periodar som vert omtala i rapporten.....	7
Tabell 2 Oversyn over deltakarar.....	18
Tabell 3 Liste over dateringsresultat frå lok.1.....	32
Tabell 4 Dateringsresultat frå lok. 2.....	43
Tabell 5 Liste over strukturar på lok. 5.....	49
Tabell 6 Dateringsresultat strukturar på lok. 5.....	51
Tabell 7 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 5.....	52
Tabell 8 Liste over strukturar på lok. 6, sortert etter type.....	56
Tabell 9 Dateringsresultat frå struktur på lok.6.....	59
Tabell 10 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok.6.....	63
Tabell 11 Liste over strukturar på lok.7.....	67
Tabell 12 Liste over strukturar på lok.7 sortert alfabetisk etter type.....	72
Tabell 13 Dateringsresultat frå strukturar på lok. 7.....	78
Tabell 14 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 7.....	80
Tabell 15 Liste over strukturar på lok. 25.....	84
Tabell 16 Dateringsresultat frå struktur på lok. 25.....	85
Tabell 17 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 25.....	87
Tabell 18 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 26.....	90
Tabell 19 Liste over strukturar på lok.8: Kokegroper og groper.....	93
Tabell 20 Dateringsresultat frå strukturar på lok. 8.....	96
Tabell 21 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 9.....	101
Tabell 22 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 25.....	105
Tabell 23 Dateringsresultat frå lok. 12.....	112
Tabell 24 Liste over strukturar på lok.13, sortert etter type.....	114
Tabell 25 Dateringsresultat frå lok. 13.....	117
Tabell 26 Liste over innmålte strukturar på lok.15.....	124
Tabell 27 Oversyn over dateringsresultat frå lok. 15.....	126
Tabell 28 Liste over innmålte strukturar på lok. 16, sortert etter type.....	130
Tabell 29 Dateringsresultat frå strukturar på lok. 16.....	131

Tabell 30 Dateringsresultat frå dyrkingsprofilar på lok.16.....	136
Tabell 31 Strukturar som inngår i anlegg I, sortert etter type. ....	141
Tabell 32 Liste over strukturar med datering til SN-EBA.....	147
Tabell 33 Liste over strukturar med datering til RJA, med unntak av stolpehol.....	159
Tabell 34 Liste over udaterte eldstader, kokegroper og groper på lok.17, fordelt etter type.....	167
Tabell 35 Liste over udaterte stolpehol og stolpeliknande strukturar på lok.17.....	167
Tabell 36 Liste over andre strukturar på lok.17, sortert etter type.....	170
Tabell 37 Dateringsresultat frå strukturar på lok.17.....	170
Tabell 38 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 17.....	174
Tabell 39 Dateringsresultat frå lok.18.....	180
Tabell 40 Stolpehol og kokegroper tilhøyrande anlegg I.....	184
Tabell 41 Strukturar med datering til FRJA, fordelt på type.....	193
Tabell 42 Liste over stolpehol og kokegrop med dateringar til MVT/VT/MA.....	197
Tabell 43 Liste over udaterte stolpehol og stolpeliknande strukturar på lok. 19, samt A25093.....	201
Tabell 44 Udaterte kokegroper, eldstader og grop på lok.19, sortert etter type.....	203
Tabell 45 Dateringsresultat frå lok.19, sortert frå eldst til yngst.....	203
Tabell 46 Dateringsresultat frå lok. 21.....	215
Tabell 47 Liste over strukturar på lok.22.....	217
Tabell 48 Dateringsresultat frå strukturar på lok.22.....	220
Tabell 49 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok. 22.....	223
Tabell 50 Oversyn over strukturar på lok.23, sortert etter type.....	226
Tabell 51 Dateringsresultat frå strukturar på lok. 23.....	228
Tabell 52 Dateringsresultat frå dyrkingsprofil på lok.23.....	231
Tabell 53 Oversyn over strukturane på lok. 24.....	233
Tabell 54 Dateringsresultat frå strukturar på lok.24.....	236
Tabell 55 Dateringsresultat frå dyrkingsprofilar på lok.24.....	240

## Liste over figurar

Figur 1 Utsnitt Jølster k., kart som syner tettleiken av registrerte kulturminne med undersøkingsområde markert.....	10
Figur 2 Sør-Noreg med Jølster k. markert.....	15
Figur 3 Sunnfjord frå kysten i vest til breen i aust. Undersøkingsområdet er markert med raudt belte.....	16
Figur 4 Formidling: NRK Sogn og Fjordane vitjar lok.17.....	19
Figur 5 Oversynsbilete Bjørset, sett mot V.....	24
Figur 6 Oversynskart Bjørset med lok. 1 og 2.....	25
Figur 7 Oversyn over lok 1, mot S. Sjakt N ligg nærast.....	26
Figur 8 Oversynskart over lok. 1. Raud strek er dei innmålte sjaktene.....	27
Figur 9 Profil A253 mot V, sjakt N. Del I (0-4 m). Med dateringar (ukal. BP).....	29
Figur 10 Profil A253 mot V, sjakt N. Del II (4-7,5 m). Med dateringar (ukal. BP).....	30
Figur 11 Profil A253 mot N, sjakt V. Med dateringar (ukal. BP).....	31
Figur 12 Oversyn over Lok. 2. Sett mot NA. ....	34
Figur 13 Oversynskart over lok. 2.....	35
Figur 14 Teikning av profil A310 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	36
Figur 15 Teikning av profil A314 del 1 av 2, 1-5 m, med datering (ukal. BP).....	40
Figur 16 Teikning av profil A314 del 2 av 2, 6-10 m, med lagskildring og datering (ukal. BP).....	41
Figur 17 Teikning av profil A318, med lagskildring og datering (ukal. BP). ....	42
Figur 18 Oversynsbilete Årdal. Sett mot NV.....	46
Figur 19 Oversynskart Årdal. Kart: Askeladden.....	46
Figur 20 Oversyn over lokalitet 5 under avdekking. Sett mot SV.....	48
Figur 21 Oversynskart over lok. 5.....	49
Figur 22 Fotografi og teikning av A1985 i profil.....	50
Figur 23 Fotografi og teikning av A496 i profil.....	50
Figur 24: Profil A26856 med lagskildringar, dateringar (ukal. BP) og markering for uttak av makro- og pollenprøvar.....	52
Figur 25 Lok. 6 før avdekking, med lok. 5 i bakgrunnen t.h.. Sett mot SV.....	54
Figur 26 Oversynskart over lok. 6.....	55
Figur 27 Fotografi og teikning av A762 i profil. ....	56
Figur 28 Fotografi og teikning av A773 i profil.....	57

Figur 29 Fotografi av A727 i plan (øyst) og i profil med lag 5 i profilvegg A1218 bak.....	57
Figur 30 Fotografi og teikning av A630 i profil.....	58
Figur 31 Teikning av profil A1218 del 1 av 2 (ca.1-3,5). med lagskildring.....	61
Figur 32 Teikning av profil A1218 del 2 av 2 (3,5-8 m) med datering (ukal. BP).....	62
Figur 33 Oversyn over Lok. 7 under utgraving.....	64
Figur 34 Oversynskart over lok.7.....	65
Figur 35 Utsnitt frå lok. 7 som syner grøft og stolpehol.....	68
Figur 36 Eit utsnitt av A1543 i plan med dei fire nærliggande stolpehola.....	69
Figur 37 Foto og teikning av A1543 ved snitt I, saman med den underliggande kokegropa 1794.....	69
Figur 38 Øyst, foto av A1543 i profil ved snitt II. Nedst: Teikning i profil av A1543 ved snitt II, saman med A1738 og A1638.....	70
Figur 39 Fotografi og teikning av A1744 i profil.....	70
Figur 40 Fotografi og teikning av A1644 i profil.....	71
Figur 41 Fotografi og teikning av A1772 i profil.....	71
Figur 42 Fotografi av A1499 og A1491 og teikning av A1491 i profil.....	73
Figur 43 Fotografi og teikning av A1471 i profil. Teikning òg av A1543.....	74
Figur 44 Fotografi og teikning av A1594 i profil.....	74
Figur 45 Fotografi og teikning av A1662 og A1669 i profil. A1669 er den vesle avgrensa kokegropa i toppen av profilen til den større A1662.....	75
Figur 46 Foto i plan av A1708, A1701 og A1693, sett mot SV. A1701 er nærast, A1693 bak t.v. og A1708 bak t.h.....	76
Figur 47 Fotografi og teikning av A1708 og A1693 i profil.....	77
Figur 48 Teikning av profil A1718 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	79
Figur 49 Lok 25 før avdekking, elveflata med Jølstravatnet i bakgrunnen.....	82
Figur 50 Oversynskart over lok. 25.....	83
Figur 51 Fotografi og teikning av A931 i profil.....	84
Figur 52 Teikning av profil A1730 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	86
Figur 53 Oversyn over lok. 6 før avdekking, sett frå tunområdet.....	88
Figur 54 Oversynskart over lok. 26.....	89
Figur 55 Teikning av profil A1732 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	89

Figur 56 Oversyn over lok. 8 før avdekking.....	92
Figur 57 Oversynskart over lok. 8.....	92
Figur 58 Fotografi og teikning av A2167 i profil.....	94
Figur 59 Oversyn over A2041 (t.v.), A2014 og A2024 i flata. Sett mot NA.....	95
Figur 60 Fotografi og teikning av A2041 og A2014 i profil.....	95
Figur 61 Lok. 9 før avdekking. Lokaliteten ligg på næraste side av E39.....	98
Figur 62 Oversynskart over lok. 9.....	99
Figur 63 Teikning av profil A1728 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	100
Figur 64 Oversyn over lok. 10 under avdekking.....	103
Figur 65 Oversynskart over lok. 10. Illustrasjon: CF/ArcMap. Alle strukturane vart avskrivne.....	103
Figur 66 Teikning av profil A1722 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	104
Figur 67 Oversynsbilete Helgheim og Hus. Sett mot N.....	107
Figur 68 Oversynskart Helgheim og Hus. Kartgrunnlag: Askeladden.....	107
Figur 69 Lok. 12 før avdekking. Helgheim kyrkje i bakgrunnen t.h.. Sett mot ANA.....	110
Figur 70 Oversynskart over lok. 12.....	110
Figur 71 Teikning av profil A27283 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	111
Figur 72 Lok. 13 før avdekking. Helgheim kyrkje i bakgrunnen. Sett mot SV.....	113
Figur 73 Kartutsnitt frå lok.13.....	114
Figur 74 Fotografi og teikning av A20280 i profil.....	115
Figur 75 Fotografi og teikning av A20542 i profil.....	115
Figur 76 Fotografi og teikning av A26618 i profil.....	116
Figur 77 Fotografi og teikning av A26642 i profil.....	116
Figur 78 Oversyns- og arbeidsfoto av lok. 15 under utgraving.....	118
Figur 79 Oversynskart over austlege del av lok. 15, med differensiering mellom undersøkte og ikkje undersøkte kokegroper/kokegropsliknande strukturar.....	119
Figur 80 Fotografi og teikning av A27306 i profil.....	120
Figur 81 Fotografi og teikning av A22552 i profil.....	121
Figur 82 Foto og teikning av A22356 i profil.....	122
Figur 83 Fotografi og teikning av A22271, A22282, A22297 og A22501 i profil.....	123
Figur 84 Fotografi og teikning av A22328 i profil.....	124

Figur 85 Oversynskart over lok. 15, med dateringar (ukal. BP).....	127
Figur 86 Lok. 16 før avdekking. Lok. 15 og Jølstravatnet i bakgrunnen. Sett mot SV.....	130
Figur 87 Oversynskart over lok.16.....	131
Figur 88 Teikning av profil A25733 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	132
Figur 89 Teikning av profil A25730 N med lagskildring og datering (ukal. BP).....	134
Figur 90 Teikning av profil A25730 A med lagskildring og datering (ukal. BP).....	135
Figur 91 Arbeidsfoto frå lok. 17, under avdekking og oppreinsking. Sett mot A.....	138
Figur 92 Oversynskart over innmålte arkeologiske objekt på lok.17, med utheving av dyrkingsprofil.....	140
Figur 93 Utsnitt frå lok.17 med framheving av strukturane tilhøyrande Anlegg I.....	141
Figur 94 Foto og teikning av A21621 i profil.....	142
Figur 95 Foto og teikning av A21220 i profil.....	142
Figur 96 Foto og teikning av A21274 i profil.....	143
Figur 97 Foto og teikning av A21291 i profil.....	143
Figur 98 Foto og teikning av A25635 i profil.....	144
Figur 99 Foto og teikning av A24634.....	145
Figur 100 Kart med framheving av strukturane med datering til SN-EBA.....	146
Figur 101 Foto og teikning av A25138 i profil.....	147
Figur 102 Foto og teikning av A21377 i profil.....	148
Figur 103 Oversynsfoto av A21495 i plan, sett mot V.....	148
Figur 104 Foto og teikning av A21495 C-26793.....	149
Figur 105 Foto og teikning av A21495 C-26852.....	150
Figur 106 Foto og teikning av A26714, C-27096 (i felt A27059) i profil.....	151
Figur 107 Foto av A26714, C-26770.....	152
Figur 108 Kart med framheving av strukturane med datering til EBA-YBA.....	153
Figur 109 Foto og teikning av A24506.....	154
Figur 110 Foto og teikning av A24647 i profil.....	155
Figur 111 Foto og teikning av A21456 i profil.....	155
Figur 112 Foto og teikning av A24765 i profil.....	156
Figur 113 Foto og teikning av A26307 i profil.....	156
Figur 114 Foto og teikning av A24755 i profil.....	157

Figur 115 Foto av A25906 ved C-26370.....	158
Figur 116 Foto av A25906 ved C-26366.....	159
Figur 117 Kart som syner strukturar på lok. 17 med datering til romersk jernalder.....	160
Figur 118 Foto og teikning av A21549.....	161
Figur 119 Foto og teikning av A22876.....	162
Figur 120 Oversynskart over alle kokegroper og eldstader på lok.17, med strukturnr.....	163
Figur 121 Foto i plan og teikning i profil av A21841.....	164
Figur 122 Foto og teikning av A21729 i profil.....	165
Figur 123 Foto og teikning av A22906 i profil.....	166
Figur 124 Oversynskart over alle stolpehol og stolpeliknande strukturar på lok.17.....	169
Figur 125 Teikning av profil A23824 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	173
Figur 126 Foto av begge sider av garnsøkke i bergart (F26081).....	175
Figur 127 Foto av begge sider av flateretusjert pilspiss i kvartsitt (F26080).....	175
Figur 128 Oversynskart over lok. 18.....	177
Figur 129 Teikning av profil A21919 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	179
Figur 130 Arbeidsfoto frå lok.19, sett mot SA. ....	181
Figur 131 Oversyn over innmålte arkeologiske objekt på lok. 19.....	182
Figur 132 Kart med framheving av strukturar tilhøyrande Anlegg I.....	183
Figur 133 Foto og teikning av A30309 og A23145 i profil.....	185
Figur 134 Foto og teikning av A30339 i profil.....	186
Figur 135 Foto og teikning av A30271 (t.h.) saman med A23542 og A30260.....	187
Figur 136 Foto og teikning av A23155 i profil.....	188
Figur 137 Foto og teikning av A23164 i profil. Saman med A30382 og A30425 (stolpehol).....	189
Figur 138 Foto og teikning av A23623 i profil.....	189
Figur 139 Foto og teikning av A25093 i profil.....	190
Figur 140 Raude stolpehol og oransje eldstad er datert til førromersk jernalder.....	192
Figur 141 Foto og teikning av A23459 i profil.....	193
Figur 142 Foto og teikning av A23730 i profil.....	194
Figur 143 Foto og teikning av A25860 og A30228 i profil.....	194
Figur 144 Foto og teikning av A23447 i profil.....	195

Figur 145 Snitt av stolpehol A23398 (t.v.) og A25072.....	195
Figur 146 Kart med strukturar daterte til MVT, VT og MA. Dateringar er i ukal. BP.....	196
Figur 147 Foto og teikning av A23187 i profil.....	197
Figur 148 Foto og teikning av A23747 i profil.....	198
Figur 149 Foto og teikning av A23283.....	198
Figur 150 Foto og teikning av A24938 i profil.....	199
Figur 151 Foto og teikning av A24881 i profil.....	199
Figur 152 Foto og teikning av A24906.....	200
Figur 153 Foto og teikning av A23224 i profil.....	201
Figur 154 Kornhaust på Hus. Raud pil indikerar lok.19.....	205
Figur 155 Oversynsbilete Fyglestrand (nærast) og Haugen, sett mot NA.....	208
Figur 156 Oversynskart Fyglestrand og Haugen. Kartgrunnlag: Askeladden.....	209
Figur 157 Oversyn over lok. 21 før avdekking. Sett mot A. ....	210
Figur 158 Oversyn over lok. 21.....	210
Figur 159 Teikning av profil A30622 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	212
Figur 160 Teikning av profil A30460 med lagskildring og datering (ukal. BP).....	214
Figur 161 Arbeidsfoto frå lok. 22 under avdekking.....	216
Figur 162 Oversyn over lok. 22.....	217
Figur 163 Fotografi og teikning av A26531 i profil.....	218
Figur 164 Fotografi og teikning av A26545 i profil.....	219
Figur 165 Fotografi og teikning av A26520 i profil.....	219
Figur 166 Teikning av profil A26388 1-3,5 m, med lagskildring og datering (ukal. BP).....	221
Figur 167 Teikning av profil A26388, 3,5-7 m, med lagskildring og datering (ukal. BP).....	222
Figur 168 Oversyn over lok.23.....	225
Figur 169 Fotografi i plan og teikning i profil av A23908 og A23894.....	227
Figur 170 Foto og teikning i profil av A24015.....	228
Figur 171 Teikning av profil A26882, med lagskildring og datering (ukal. BP).....	230
Figur 172 Oversyn over lok.24, før avdekking.....	232
Figur 173 Oversyn over lok. 24.....	233
Figur 174 Fotografi og teikning av A30695 i profil.....	234



Figur 175 Fotografi og teikning av A24151 i profil.....	235
Figur 176 Teikning av profil A30563, med lagskildring og datering (ukal. BP).....	236
Figur 177 Teikning av profil A30538, med lagskildring og datering (ukal. BP).....	237
Figur 178 Teikning av profil A30540, med lagskildring og datering (ukal. BP).....	239
Figur 179 Utsikt frå yngre jarnalders rituelle landskap mot eldre jarnalders rituelle landskap. Gravhaugen Askeladden id. 25928 mot SV. Det avdekka feltet nær vasskanten er kokegropfeltet lok. 15.....	262



## **VEDLEGG I**

### **Liste over foto tekne i felt**



foto	Lokalitet	struktur	type	Motiv	retning	merknad
01-003	1			Oversyn før avdekking	S	
01-004	1			Oversyn før avdekking	S	
01-005	1			Oversyn før avdekking	S	
01-006	1			Oversyn før avdekking	N	
01-007	1			Arbeidsbilete	SV	
01-008	2			Oversyn før avdekking	N	
01-009	2			Oversyn før avdekking	N A	
01-010	2			Arbeidsbilete	N	
01-011	2			Tverssjakt, SA-del. M: 100 cm	N A	
01-012	2			Tverssjakt, SA-del. M: 100 cm	N A	
01-013	2			Tverssjakt, midtdel	N A	
01-014	2			Tverssjakt, midtdel	N A	
01-015	2			Tverssjakt, NV-del	N A	
01-016	2			Tverssjakt, NV-del	N A	
01-017	5			Oversyn før avdekking	N V	
01-018	5			Oversyn før avdekking	SV	
01-019	5			Arbeidsbilete, CM og maskin	V	
01-020	5			Arbeids- og landskapsbilete, CM og maskin	SV	
01-021	5			Arbeids- og landskapsbilete	SV	
01-022	6			Oversyn før avdekking	SV	
01-023	6			Oversyn før avdekking	S	
01-024	6			Oversyn før avdekking	S	
01-025	6			Oversyn før avdekking	N	
01-027	26			Oversyn før avdekking	V	
01-028	26			Oversyn før avdekking	SV	
01-029	26			Oversyn før avdekking	S	
01-030	26			Oversyn før avdekking	SA	
01-031	26			Oversyn før avdekking	S	
01-032	25			Oversyn før avdekking	S	
01-033	25			Oversyn før avdekking	SA	
01-034	25			Oversyn før avdekking	SA	
01-035	25			Oversyn før avdekking	A	
01-036	25			Oversyn før avdekking	S	
01-037	25			Oversyn før avdekking	V	
01-038	25			Oversyn før avdekking, frå veg/steingjerde	S	
01-039	10			Oversyns- og arbeidsbilete	SV	
01-040	10			Oversyn før avdekking	V	
01-041	10			Arbeidsbilete, INS og AKD	N	
01-042	10			Arbeidsbilete, gravemaskinførar Bjørn Guldbrandsen	N	
01-043	8			Oversyn før avdekking	S	
01-044	8			Oversyn før avdekking	SV	
01-045	8			Oversyn før avdekking	S	
01-046	8			Oversyn før avdekking	SA	
01-047	10			Arbeidsbilete, AKD og gravemaskin	A	
01-048	9			Oversyn før avdekking	V	
01-049	9			Oversyn før avdekking	V	
01-050	9			Oversyn før avdekking	N V	
01-051	9			Oversyn før avdekking	S	
01-052	11			Oversyn før avdekking	S	Lok 11b
01-053	11			Oversyn før avdekking	S	11b
01-054	11			Oversyn før avdekking	S	11b
01-055	11			Oversyn før avdekking	S	11a
01-056	11			Oversyn før avdekking	S	11a
01-057	11			Oversyn før avdekking	S	11a
01-058	11			Oversyn før avdekking	SA	11a
01-059	11			Oversyn før avdekking	A	11a
01-060	11			Oversyn før avdekking	V	11a
01-061	4			Oversyn før avdekking	V	

01-062	4			Oversyn før avdekking	SV	
01-063	4			Oversyn før avdekking	S	
01-064	12			Oversyn før avdekking	SV	
01-065	12			Oversyn før avdekking	V	
01-066	12			Oversyn før avdekking	V	
01-067	12			Oversyn før avdekking	N	
01-068	12			Oversyn før avdekking	N A	
01-069	12			Oversyn før avdekking	N A	
01-070	12			Oversyn før avdekking	SV	
01-071	22			Oversyn før avdekking, og maskin	SA	
01-072	22			Oversyn før avdekking, og maskin	S	
01-073	22			Oversyn før avdekking, og maskin	S	
01-074	22			Oversyn før avdekking, og maskin	SA	
01-075	22			Oversyn før avdekking, og maskin	SV	
01-076	22			Arbeidsbilete	SV	
01-077	17	21291	F	A-21291	N	
01-078	17	21274	F	A-21274, A-21283	N	To strukturar
01-079	17	21621	F	A-21621	N	
01-080	17	21291	P	A-21291	N	
01-082	17	21621	P	A-21621	N	
01-083	17	21428	F	A-21428	N A	
01-084	17	21388	F	A-21388	N A	
01-085	17	21396	F	A-21396	N A	
01-086	17	21428	P	A-21428	N A	
01-087	17	21396	P	A-21396	N A	
01-088	17	21456	F	A-21456	N A	
01-089	17	21456	P	A-21456	N A	
01-090	17	21421	F	A-21421, A-23781	N A	To strukturar
01-091	17	23792	F	A-23792	N A	
01-092	17	23792	P	A-23792	N A	
01-093	17	21421	P	A-23421	N A	
01-094	17	21931	F	A-21931	N A	
01-095	17	21931	P	A-21931	N A	
01-096	17	23781	P	A-23781	N A	
01-097	17	21923	F	A-21923	A	
01-098	17	22756	F	A-22756	N	
01-099	17	21923	P	A-21923	S	
01-100	17	21923	P	A-21923	S	
01-101	17	22756	P	A-22756	N	
01-102	17	21437	F	A-21437	N A	
01-103	17	21798	F	A-21798		
01-104	17	21798	F	A-21798		
01-105	17			Formidling: NRK på besøk		
01-106	17			Formidling: NRK på besøk		
01-107	17			Formidling: NRK på besøk		
01-108	17			Formidling: NRK på besøk		
01-109	17	21841	F	A-21841	N	
01-110	17	24230	F	Dreneringsgrøft, A-24230, austlege del av lok.17	SA	
01-111	17			Oversyn før nordleg utviding av feltet	V	
01-112	17			Oversyn før nordleg utviding av feltet	V	
01-113	17	21827	F	A-21827	N	
01-114	17	21814	P	A-21814	N	
01-115	17	21827	P	A-21827	N A	Utydeleg bilete

01-116	17	21814	P	A-21814	N	
01-117	17	24326	F	A-24326	S	
01-118	17	24326	F	A-24326	S	
01-119	17	24326	F	A-24326	S	
01-120	17	24317	F	A-24317	V	
01-121	17	24317	F	A-24317	V	
01-122	17	24326	F	A-24326	S	
01-123	17	21776	F	A-21776	A	
01-124	17	21776	P	A-21776	A	
01-125	17	21860	F	A-21860	A	
01-126	17	21860	P	A-21860	N	
01-127	17	24416	F	A-24416	S	
01-128	17	24416	F	A-24416	S	
01-129	17	24416	F	A-24416	S	
01-130	17	24416	F	A-24416	S	
01-131	17	24416	F	A-24416	S	
01-132	16	21052	F	A-21052	S	
01-133	16	21052	P	A-21052	N	
01-134	16	21146	F	A-21146	S	
01-135	16	21146	P	A-21146	N	
01-136	17	24685	F	A-24685, Ardspor	S	
01-137	17	24685	F	A-24685, Ardspor	S	
01-138	17	24685	F	A-24685, Ardspor	S	
01-139	17	24685	F	A-24685, Ardspor	S	
01-140	17	24685	F	A-24685, Ardspor	S	
01-141	17	24685	F	A-24685, Ardspor	S	
01-142	17	24685	F	A-24685, Ardspor	S	
01-143	19	25072	P	A-25072, P1	N A	Arbeitsprofil
01-144	19	25072	P	A-25072, P1	N A	Arbeitsprofil
01-145	19	25082	P	A-25082, P1	N A	Arbeitsprofil
01-146	19	25072	P	A-25072, P2	N A	
01-147	19	25072	P	A-25072, P2	N A	
01-148	19	25082	P	A-25082, P2	N A	
01-149	19	23371	F	A-23371	N A	
01-150	19	23371	P	A-23371	N A	
01-151	19	23363	F	A-23363	N A	
01-152	19	23363	P	A-23363	N A	
01-153	19	24960	P	A-24960	N A	
01-154	19	23352	F	A-23352	N A	
01-155	19	25038	F	A-25038	N A	
01-156	19	23352	P	A-23352	N A	
01-157	19	25038	P	A-25038	N A	
01-158	19	23398	F	A-23398	N A	
01-159	19	25093	F	A-25093	N A	
01-160	19	25093	P	A-25093	N A	
01-161	19	25093	P	A-25093	N A	
01-162	19	23398	P	A-23398	N A	
01-163	19	23415	F	A-23415	N A	
01-164	19	25031	F	A-25031	N A	

01-165	19	25031	P	A-25031	N	
					A	
01-166	19	25022	F	A-25022	N	
					A	
01-167	19	23415	P	A-23415	N	
					A	
01-168	19	25045	F	A-25045	N	
					A	
01-169	19	25022	P	A-25022	N	
					A	
01-170	19	23757	F	A-23757	N	
					A	
01-171	19	25045	P	A-25045	N	
					A	
01-172	19	23425	F	A-23425	N	
					A	
01-173	19	23757	P	A-23757	N	
					A	
01-174	19	23425	P	A-23425	N	
					A	
01-175	19	24952	F	A-24952	N	
					A	
01-176	19	23468	F	A-23468	N	
					A	
01-177	19	24952	F	A-24952	N	
					A	
01-178	19	23468	P	A-23468	N	
					A	
01-179	19	24876	F	A-24876	N	
01-180	19	24876	F	A-24876	N	
01-181	19	24974	F	A-24974	N	
01-182	19	24871	F	A-24871	N	
01-183	19	24982	F	A-24982	N	
01-184	19	24871	P	A-24871	N	
01-185	19	24864	F	A-24864	N	
01-186	19	24982	P	A-24982	N	
01-187	19	24864	P	A-24864	N	
01-188	19	24857	F	A-24857	N	
01-189	19	24857	P	A-24857	N	
01-190	19	24988	F	A-24988	N	
01-191	19	24988	P	A-24988	N	
01-192	19	24994	F	A-24994	N	
01-193	19	24994	P	A-24994	N	
01-194	19	24881	F	A-24881	N	
01-195	19	24906	F	A-24906	N	
01-196	19	24881	P	A-24881	N	
01-197	19	24906	P	A-24906	N	
01-198	19	24906	P	A-24906	N	
01-199	19	24888	F	A-24888	N	
01-200	19	24888	P	A-24888	N	
01-201	19	24914	F	A-24914	N	
01-202	19	24894	F	A-24894	N	
01-203	19	24894	P	A-24894	N	
01-204	19	24914	P	A-24914	N	
01-205	19	24894	B	A-24894	N	Formgraven 100% (B=Botn)
01-206	19	24842	F	A-24842	N	
01-207	19	24842	P	A-24842	N	
01-208	19	25002	F	A-25002	N	
01-209	19	25002	P	A-25002	N	
01-210	19	24900	F	A-24900	N	
01-211	19	24938	F	A-24938	N	
01-212	19	24900	P	A-24900	N	
01-213	19	24938	P	A-24938	N	
01-214	19	24938	P	A-24938	N	
01-215	19	24938	P	A-24938	N	
01-216	19	23598	F	A-23598	N	
01-217	19	23598	P	A-23598	N	
01-218	19	23631	F	A-23631	N	
01-219	19	24931	F	A-24931	N	
01-220	19	23606	F	A-23606	N	



01-221	19	23274	F	A-23274	N	
01-222	19	24931	P	A-24931	N	
01-223	19	24931	P	A-24931	N	
01-224	19	24931	P	A-24931	N	
01-225	19	23300	F	A-23300	N	
